

PLANOMTALE,  
KOMMUNEPLANENS AREALDEL  
BØ KOMMUNE 2015-2027

ENDELEG GODKJENT AV KOMMUNESTYRET I BØ  
15.6.15

# INNHALD

<b>1. Føresetnader for planarbeidet</b> .....	<b>3</b>
<b>1.1 Bakgrunn</b> .....	<b>3</b>
<b>1.2 Plan- og bygningslova (PBL)</b> .....	<b>3</b>
<b>1.3 Overordna føringar</b> .....	<b>4</b>
1.3.1 Statlege føringar.....	4
1.3.2 Regional plan for areal og transport i Telemark 2015-2025 .....	5
1.3.3 Kommunale føringar .....	5
<b>2. Planomtale</b> .....	<b>6</b>
<b>2.1 Plankart og temakart</b> .....	<b>6</b>
<b>2.2 Føresegner og retningslinjer til planen</b> .....	<b>6</b>
<b>2.3 Planens avgrensing</b> .....	<b>7</b>
<b>2.4 Bustadbehov</b> .....	<b>7</b>
<b>2.5 Behov for areal til offentlege føremål</b> .....	<b>7</b>
<b>2.6 Planprosess fram til 1.gongs behandling</b> .....	<b>8</b>
<b>2.7 Mål og strategiar</b> .....	<b>8</b>
<b>2.8 Planens hovudgrep</b> .....	<b>9</b>
<b>2.9 Tettstad- og sentrumsavgrensing</b> .....	<b>10</b>
<b>2.10 Bustadar</b> .....	<b>12</b>
<b>2.11 Fritidsbustadar</b> .....	<b>13</b>
<b>2.12 Forretning, næring, fritids- og turistføremål og tenesteyting</b> .....	<b>14</b>
<b>2.13 Råstoffutvinning</b> .....	<b>14</b>
<b>2.14 Transport og infrastruktur</b> .....	<b>14</b>
2.14.1 Rv 36.....	14
2.14.2 Fylkesveg 155 og 359.....	14
2.14.3 Kommunale vegar .....	15
2.14.4 G/s-vegar .....	15
2.14.5 Parkering.....	15
2.14.6 Fjernvarme.....	15
<b>2.15 Grønstruktur</b> .....	<b>16</b>
<b>2.16 Landbruk-, natur- og friluftsområde</b> .....	<b>16</b>
<b>2.17 Kulturminne</b> .....	<b>17</b>
<b>2.18 Omsynssoner</b> .....	<b>17</b>
2.18.1 Sikrings-, støy- og faresoner .....	17
2.18.2 Soner med særskilt omsyn til friluftsliv, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø ..	17
2.18.3 Omsynssoner for område som er bandlagt etter anna lovverk eller i påvente av vedtak etter anna lovverk .....	18
2.18.4 Omsynssoner med krav om felles planlegging for fleire eigedomar .....	18

2.19	Utbyggingsavtaler .....	18
2.20	Oppheving av eldre planar .....	18
<b>3.</b>	<b>ROS-analyse .....</b>	<b>18</b>
3.1	Metode .....	18
3.2	Risikomatrixe for uønska hendingar .....	19
3.3	Vurdering av enkelthendingar .....	19
<b>4.</b>	<b>Konsekvensutgreiing (KU) .....</b>	<b>22</b>
4.1	Metode .....	22
4.2	Konsekvensutgreiing (KU) fase 1 .....	23
4.3	Konsekvensutgreiing (KU) fase 2 .....	25
4.3.1	Metode.....	25
4.3.2	Oppsummering.....	26
4.3.3	Utgreiing av enkeltinnspel.....	27
4.4	Konsekvensutgreiing fase 3.....	76
4.4.1	Vurdering av samla planforslag etter utgreiingstema.....	76
4.4.2	Vurdering av planforslag etter mål og strategiar.....	77
<b>5.</b>	<b>Kjelder .....</b>	<b>78</b>
<b>6.</b>	<b>Vedlegg .....</b>	<b>78</b>

## 1. FØRESETNADER FOR PLANARBEIDET

### 1.1 BAKGRUNN

Gjeldande arealdel av kommuneplan for Bø er frå 30.3.09 og er utarbeidd etter Plan- og bygningslova av 1985. I planstrategi for Bø 2012-2015 er rullering av kommuneplanens arealdel ei prioritert planoppgåve etter rullering av kommuneplanens samfunnsdel. Samfunnsdelen vart vedtatt 16.12.13, og rullering av arealdelen starta opp etter dette.

### 1.2 PLAN- OG BYGNINGSLOVA (PBL)

PBL § 11-1 «Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel og arealdel.»  
PBL § 11-5 «Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk (...) Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk er ivaretatt.»

Kommuneplanens arealdel er juridisk bindande (PBL § 11-6). I område der det ikkje ligg føre eller er stilt krav om reguleringsplan (jf. § 12-1 andre ledd), skal kommuneplanens arealdel fylgjast ved behandling av søknad om tiltak etter PBL § 20-1 første ledd.

## 1.3 OVERORDNA FØRINGAR

### 1.3.1 STATLEGE FØRINGAR

Gjennom forventningsdokumentet *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* (2011) peiker Miljøverndepartementet på kva for omsyn kommunane bør legge vekt på i si planlegging for å gjennomføre nasjonal politikk. Forventningane omfattar klima og energi, by- og tettstadsutvikling, samferdsle og infrastruktur, verdiskaping og helse, livskvalitet og oppvekstmiljø.

#### STATLEGE PLANRETNINGSLINER FOR SAMORDNA BUSTAD-, AREAL- OG TRANSPORTPLANLEGGING (2014)

Retningslinene er utarbeidd for å samordne bustad-, areal- og transportplanlegging og bidra til meir effektive planprosesser. Retningslinene seier mellom anna at kommunen bør legge til rette for:

- Korte avstandar til daglege gjeremål og effektiv samordning mellom ulike transportformer
- Klare grenser mellom utbygde område og landbruks- natur- og friluftsområde
- Kollektive transportformer ved utforming av utbyggingsmønster og transportsystem

Vidare skal omsynet til effektiv transport vegast opp mot vern av jordbruks- og naturområde, og statlege normer og retningsliner for miljøkvalitet skal leggast til grunn for utforming av bustadområde og trafikksystem.

#### STATLEGE PLANRETNINGSLINER FOR KLIMA- OG ENERGIPLANLEGGING I KOMMUNENE (2009)

Retningslinene legg nasjonale mål for klima- og energiplanlegging i kommunane. Gjennom planlegging og anna verksemd skal kommunane stimulere og bidra til reduksjon av klimagassutslepp og auke miljøvenleg energiomlegging. Kommunane skal i kommuneplanen eller i eigen kommunedelplan innarbeide tiltak og verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar og sikre meir effektiv energibruk og miljøvenleg energiomlegging. Revisjon av planar om klima- og energispørsmål skal vurderast regelmesse og minst kvart fjerde år i samband med kommunal planstrategi.

#### RIKSPOLITISKE RETNINGSLINER FOR Å STYRKE BARN OG UNGE SINE INTERESSER I PLANLEGGINGA (1995)

Retningslinene skal styrke barn og unge sine interesser i planlegging og byggesaks behandling etter PBL. Kommunen skal m.a. utarbeide retningsliner om omfang og kvalitet av areal og anlegg av betydning for barn og unge. Areal og anlegg som skal brukast av barn og unge skal vere sikra mot ureining, støy, trafikkfare og annan helsefare. I nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø. Kommunane skal avsette tilstrekkelege og eigna areal til barnehagar. Ved omdisponering av areal som er i bruk eller er eigna for leik, skal det skaffast fullverdig erstatning.

#### RIKSPOLITISKE RETNINGSLINER FOR VERNA VASSDRAG (1994)

Retningslinene gjeld vassdragsbeltet og eit område på inntil 100 meters breidde langs sidene av vassdraget og andre delar av nedbørfeltet som har betydning for verneverdien av vassdraget. Dette inneber m.a. at kommunen må unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminne og kulturmiljø. Friluftslivsverdien skal sikrast, særleg i område nær befolkningskonsentrasjonar. Det betyr også at kommunen må sikre vassdragsnære område sin verdi for landbruk mot nedbygging der desse interessene er del av grunnlag for vernevedtaket. Kommunane har det primære ansvaret for bruk av areala i og ved verna vassdrag.

#### RIKSPOLITISKE FØRESEGNAR FOR KJØPESENTRA

Målet med føresegnene er å styrke by- og tettstadsentra og å legge til rette for miljøvenlege transportval, dvs. unngå utflytande byar og tettstader, auka bilbruk og dårlegare tilgjenge for dei som ikkje disponerer eller ønskjer å bruke bil. Det overordna langsiktige målet er å utvikle berekraftige og robuste by- og tettstadstrukturar som også bidrar til å redusere klimagassutsleppa. Forskrifta legg fast at kjøpesentra berre kan etablerast eller utvidast i samsvar med retningsliner i godkjende regionale planar. I område utan regionale

planar vil kjøpesentra større enn 3000 m2 bruksareal ikkje vere tillate. Føresegnene varer inntil 10 år eller inntil den blir avløyst av regional planføresegn PBL jf. § 8-5.

### 1.3.2 REGIONAL PLAN FOR AREAL OG TRANSPORT I TELEMARK 2015-2025

Planen med handlingsprogram vart vedtatt i 2014 og trådte i kraft 1.1.15. Planen skal legge til rette for befolkningsvekst og ei bærekraftig utvikling i Telemark. Den nye planen erstattar fylkesvegplan, senterstrukturplan, kollektivplan og trafikktryggleiksplan. Planen legg føringar for fylkeskommunen sitt arbeid i planperioden og for arealplanlegging i kommunane sin arealplanlegging. Det er lagt opp til eit utstrakt samarbeid mellom dei ulike aktørane, og planen med handlingsprogram skal danne grunnlag for dette i åra framover.

### 1.3.3 KOMMUNALE FØRINGAR

#### KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL 2013-2025

[Samfunnsdelen av kommuneplan for Bø 2013-2025](#) har som visjon *Bø – bygda for trivsel, mangfald og vekst* og tre satsingsområde:

1. *Bø – regionsenter i Telemark*
2. *Bø – ein nyskapande kommune*
3. *Bø – ein god stad å bu*

Innanfor dei tre satsingsområda er det konkretisert målsettingar og strategiar for å nå måla. Må og strategiar i samfunnsdelen legg føringar for kommuneplanens arealdel.

Samfunnsdelen har ein [handlingsdel](#) som skal rullerast årleg, jf. PBL §11-2.

#### KOMMUNEDELPLAN FOR KLIMA OG ENERGI 2010-2020

Klima- og energiplanen er eit verkty for lede kommunen mot ei berekraftig utvikling med reduserte klimagassutslepp som resultat. Mest relevant for arealdelen av kommuneplan er føringar knytt til lokalisering av bustadfelt, næringsareal, servicefunksjonar osv. for å minimere transportbehovet, samt krav til energieffektive bygg. Tilrettelegging for gåande, syklande og kollektivtransport er også sentrale tema.

#### BUSTADPOLITISK PLAN FOR BØ KOMMUNE 2013-2025

[Bustadpolitisk plan for Bø kommune 2013-2025](#) vart vedtatt av kommunestyret i 2013. Planen viser bustadsituasjonen i kommunen i dag og behovet for planperioden, basert på befolkningsframskrivningar frå Statistisk sentralbyrå.

#### TRAFIKKTRYGGLEIKSPLAN FOR BØ KOMMUNE 2013-2016

[Trafikktryggleiksplan for Bø kommune 2013-2016](#) vart vedtatt av kommunestyret 17.12.13. Planen viser prioriterte tiltak for auka trafikktryggleik, både haldningsskapande tiltak og tiltak knytt til kommunale, fylkeskommunale og statlege vegar i kommunen.

#### LANDBRUKSPLAN FOR MIDT-TELEMARK 2014-17

Landbruksplan skal bidra til utvikling av primærnæringa og gje kommunen eit styringsverktøy ved prioritering av oppgåver og satsingar innan landbruket. Planen skal gje grunnlag for å fatte vedtak i saker som gjelder bu- og driveplikt, konsesjonsvurderingar, bruksstruktur, jordvern og arealbruk.

#### PLANPROGRAM FOR RULLERING AV KOMMUNEPLANENS AREALDEL 2015-2027

I [planprogram](#) for rulleringa (vedtatt i K-sak 046/14) er målsettingar og strategiar for utvikling av Bø gitt, sjå kap. 2.7. Vidare definerer planprogrammet opplegg for medverknad og konsekvensutgreiing. Utgreiingsprogrammet som vart vedtatt i planprogrammet er i hovudsak følgd opp. Av kapasitetsomsyn er ikkje

barnetråkkregistrering for å kartlegge leikeområde, stiar og anna bruksområde for barn i utbyggingsområde gjennomført.

## 2. PLANOMTALE

*Endringar i planen ved endeleg vedtak er kommentert med kursiv.*

Kommuneplanens arealdel består av plankart med tilhøyrande føresegner og retningslinjer og planomtalen. Forkortingar og faguttrykk som er nytta i planomtalen og føresegnene er forklart i vedlegg 6.

### 2.1 PLANKART OG TEMAKART

Til arealdelen gjeld følgjande juridisk bindande plankart:

- Plankart: Arealformål (for heile kommunen med unntak av planområdet for kommunedelplan for Lifjell).
- Temakart: Fareområde

Dei to karta heng saman og kan ikkje lesast uavhengig av kvarandre. Fareområda er tatt ut i eit eige temakart for å gjere kartmaterialet lettare å lese.

Plankartet viser noverande og framtidig arealbruk. At arealbruk er vist som noverande behøver ikkje bety at arealet er tatt i bruk til vist arealføremål, men at vedtak om arealbruken er gjort før rullering av kommuneplanen ved vedtak av reguleringsplan eller godkjenning av tiltak utan plan. For å få ein grovmaske og robust plan er det i hovudsak berre vist hovudføremål for bygg og anlegg, det vil seie at samferdselsanlegg og teknisk/grøn infrastruktur inngår i dette. Innanfor LNF-føremålet er det berre nytt område for spreidd bustadbygging (LNF sone B/N) som visast som framtidig (mørkare grøn) i plankartet.

Temakart for fareområde viser omsynssoner for fare, dvs. kvikkleire, jordskred, steinsprang, snøskred, flaum og kraftlinjer. Lokalitetar der farleg stoff oppbevarast er vist som informasjon i temakartet.

I tillegg er det utarbeida retningsgivande temakart for:

- Viktige landbruksområde
- Viktige naturområde
- Kulturminne
- Viktige friluftsområde og stigar/skiløyper
- Gang- og sykkelnett (viktige trasear for gåande og syklande, opparbeidde og planlagde)

### 2.2 FØRESEGNER OG RETNINGSLINER TIL PLANEN

Juridisk bindande plankart utgjør saman med planføresegnene dei juridisk bindande dokumenta av arealdelen. Til saman viser desse hovudtrekka i den framtidige arealdisponeringa og set rammer for nye reguleringsplanar og behandling av søknad om tiltak. Dokumenta skal gje forutsigbarheit for innbyggjarar, grunneigarar og utbyggjarar.

Planføresegnene er generelle og tematiske, knytt til arealformål og knytt til omsynssoner. Lovheimel er oppgitt for kvart punkt og refererer til plan- og bygningslova 2008 (PBL) der anna ikkje er oppgitt. **Føresegner er vist med feit skrift.**


Retningslinjer er nytta for å utdjupe og gje tolkingsgrunnlag for innhald i føresegnene. Retningslinjene er ikkje sjølvstendig heimelsgrunnlag for vedtak, men retningsgjevande som vurderingsgrunnlag for plan- og byggesaksbehandling. *Retningslinjer er vist med kursiv skrift.*

Føresegner og retningslinjer er omstrukturert i tråd med inndeling i Plan- og bygningslova av 2008. Lovheimel er oppgitt for kvart punkt:

- Generelle og tematiske føresegner og retningslinjer §11-9
- Føresegner og retningslinjer knytt til arealføremål §§11-10 og 11-11
- Føresegner og retningslinjer knytt til omsynsøner §11-8

## 2.3 PLANENS AVGRENSING

Avgrensning av planområdet er vist i kartutsnitt under. Planen dekker heile kommunen, med unntak av Lifjellområdet, der det er utarbeidd eigen kommunedelplan ([kommunedelplan for delar av Lifjell 2014](#)).



## 2.4 BUSTADBEHOV

Ved 3.kvartal 2014 var det 5992 innbyggjarar i Bø kommune (SSB). I tillegg til dei registrerte innbyggjarane kjem om lag 1850 studentar. Etter SSB si befolkningsframskriving for 2014-2100 (middels nasjonal vekst (MMMM)), vil Bø nå 6619 innbyggjarar i løpet av planperioden (2027). Ifølgje denne framskrivinga skal dagens innbyggartal ikkje vere nådd før i 2017. Det vil seie at talet på 6619 i 2027 mest sannsynleg er for lågt. Legg ein til grunn ein årleg befolkningsvekst på 1,5% i planperioden, vil ein kome opp i om lag 7160 innbyggjarar i 2027, dvs. at det må planleggast for om lag 1200 nye innbyggjarar ved denne rulleringa.

Som det går fram av bustadpolitisk plan, går utviklinga i retning av færre personar pr. bustad. Ifølgje SSB sine data bur det i gjennomsnitt 2 personar pr. bustad i Bø. Legg ein dette til grunn, må det leggast til rette for om lag 600 nye bustadeiningar i planperioden.

## 2.5 BEHOV FOR AREAL TIL OFFENTLEGE FØREMÅL

Med utgangspunkt i forventa folkevekst for Bø i perioden 2014-2040 er det vurdert å ikkje vere behov for areal til barnehage i planperioden. Det er ledig kapasitet i dagens kommunale barnehagar, og det er sett av areal til ny fireavdelings barnehage i områdereglingsplan for Nordbøåsen.



Det er ikkje behov for areal til barneskule utover areal til større gymnastikksal ved Bø skule, men dette er behov som ikkje kan synleggjerast på kommuneplannivå. Behov for areal til utviding av ungdomsskulen må vurderast i kommunedelplan for oppvekst i 2015.

Bustadar til bustadsosiale føremål ved Glenna (Seljordvegen) er vist som offentleg eller privat tenesteyting. Reguleringsplan for området ligg p.t. ute til offentleg ettersyn og vil etter planen bli endeleg vedtatt før kommuneplanen. Nybygd sjukeheim, omsorgsbustadar, PU-bustadar, helsestasjon og legesenter i Bø sentrum er vurdert å dekke behovet for areal til helseføremål i planperioden.

## 2.6 PLANPROSESS FRAM TIL 1.GONGS BEHANDLING

Varsel om oppstart og planprogram sendt på høyring: 11.4.14  
Planprogram vedtatt av kommunestyret: 16.6.14

### Medverknad:

Oppstart av kommuneplanen og utkast til planprogram i formannskapet: 7.4.14  
Regionalt planforum: 14.5.14  
Planprogram drøfta i alle politiske hovudutval: Mai-14  
Drøftingar og synfaring med formannskapet i september, november og desember.  
Drøfting i kommunalt planforum (byggesak, teknisk drift, miljøhygienisk avdeling, kultur og fritid, MTNU, MT landbrukskontor og barnerepresentant).  
Diverse møte og synfaringar med grunneigarar, lag og organisasjonar i tilknytning til innspel.

Alle som har kome med innspel og eigarar av areal der det er gjort endringar i planen (så langt ein har oversikt over dette) får tilsendt brev om at planforslaget er lagt ut til offentleg ettersyn.

I høyringsperioden vil det bli invitert til ope møte om planforslaget.

## 2.7 MÅL OG STRATEGIAR

Mål og strategi for utvikling av Bø kommune er gitt i samfunnsdelen av kommuneplanen. Desse, supplert med fleire strategi for arealbruk gitt i planprogrammet, er vist under og er lagt til grunn for planarbeidet.

Målsetting	Strategi
Bø kommune skal i planperioden ha vekst i folketalet på høgde med landsgjennomsnittet	<ul style="list-style-type: none"> <li>Stimulere til bustadbygging</li> <li>Vidareutvikle pendlartilhøva for buss og tog</li> <li>Skape attraktive møteplassar i sentrum</li> <li>Legge til rette for eldre og funksjonshemma som vil etablere seg sentrumsnært og for rimelege bustadar for nye etablerarar og hushald med ein person</li> <li>Opne for spreidd bustadbygging og mindre huskrullar i krinsane</li> <li>Legge til rette for eit differensiert bustadtilbod som møter den befolkningsveksten som prognosane tilseier</li> </ul>
Bø skal ha eit berekraftig utbyggingsmønster med eitt, kompakt sentrum og bustadområde i gang/sykkelavstand til dette	<ul style="list-style-type: none"> <li>Redusere arealforbruk pr. innbyggjar til utbyggingsføremål</li> <li>Ivareta naturmangfald, viktige friluftsområde og dyrka mark ved planlegging av utbyggingsområde</li> <li>Legge til rette for at minimum 70% av bustadutbygginga skal skje innanfor definert tettstadavgrensing for Bø, jf. ATP Telemark</li> </ul>
Bø kommune skal ivareta bygda sine kvaliteter knytt til attraktive friluft – og naturområde.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utbygging av hytteområde bør skje i tilknytning til eks. hytteområde på Lifjell og langs Reskjemvegen</li> <li>Sikre grøntareal langs Bøelva og Bøevju</li> </ul>
Bø kommune skal i planperioden legge til rette for eit variert	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunen skal legge til rette for at Midt-Telemark framleis skal vere det viktigaste landbruksområdet i Telemark</li> </ul>



næringsliv med vekst i talet på arbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Legge til rette for vidare utvikling og satsing i tilknytning til Bø Sommarland, og andre reiselivsdestinasjonar i Bø</li> <li>• Ivareta riks- og fylkesvegane ved å unngå å plassere utbyggingsområde på ein måte som undergrev vegane sin funksjon</li> </ul>
Bø kommune skal som vertskommune for HiT og Bø vgs bidra til å vidareutvikle og styrke Bø sin posisjon som skule- og kompetansesenter i Telemark.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre areal som gir høve til vidareutvikling av HiT Bø og kompetansesarbeidsplassar knytt til høgskulen.</li> </ul>
Bø kommune sin posisjon som knutepunkt for kommunikasjon (tog/buss) skal styrkast.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Legge til rette for å vidareutvikle stasjonsområdet som senter for kollektivtrafikk i arealplanar</li> <li>• Planlegge bustadbygging nær stasjonsområdet for å styrke trafikkgrunnlaget</li> </ul>
Bø kommune skal ha eit fortetta og levande sentrum der ein gradvis bygger ein kvartalsliknande struktur	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bø kommune skal i planperioden oppretthalde ei restriktiv sentrumsavgrønsing i kommuneplanen</li> <li>• Sikre alternativ trasé for Rv 36 i tunnel utanom sentrum</li> <li>• Nye større bustadområde skal ligge i g/s-avstand til Bø sentrum</li> <li>• Bø kommune skal i areal- og reguleringsplanar legge til rette for fortetting av sentrale tomter</li> <li>• Redusere konfliktane mellom Bøgata som gjennomkøyringsveg og sentrumsgate</li> <li>• Legge til rette for lokalisering av offentlege kontor i sentrum</li> </ul>
Bø kommune skal ha ei positiv utvikling i folkehelseprofilen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ha fokus på folkehelse i all planlegging og vidareutvikle folkehelsesamarbeidet med ulike aktørar</li> <li>• Utarbeide retningsliner for leike- og opphaldsareal for barn og unge</li> <li>• Vidareutvikle g/s-nettet langs hovudferdsleårene og vektlegge trafikktryggleik i arealplanar</li> </ul>
Bø kommune skal tryggje lokalsamfunnet ved krise og alvorlege hendingar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Styrke samfunnsberedskapen og førebygge gjennom god planlegging og øvingar</li> <li>• Unngå utbygging i ras-, flaum- og skredutsette område</li> </ul>

## 2.8 PLANENS HOVUDGREP

Hovudendringane i planforslaget kan samanfattast slik:


- Nye areal for bustad, fritids- og turistføremål og utviding av eitt område for fritidsbustadar. To framtidige område for fritidsbustader tatt ut.
- Innføring av tettstadgrense med krav om fortetting av bustadar
- To nye mindre næringsområde og eitt nytt område for fritids- og turistføremål.
- Tilrettelegging for fortetting på Campus Bø
- Differensiering av føremål for tidlegare næringsområde i forretning, industri, fritids- og turistføremål, tenesteyting og kombinerte føremål i tråd med PBL 2008.
- Krav om felles planlegging for to område: Campus Bø og nytt bustadområde B7/Skyttarvegen
- Endring i avgrønsing av LNF-område med spreidd bustad- og næringsbygg. Ei ny sone lagt inn.
- Korrigeringar av formålsgrønsar
- Innføring av omsynssonar for fare, kulturminne og bandlegging i påvente av vedtak etter anna lovverk. Tidlegare markering av viktige område for friluftsliv, kulturlandskap og naturområde er vidareført som omsynssonar.
- Heilt nytt sett med føresegnar etter ny PBL

I plankartet er føremål som er vidareført frå gjeldande plan eller vedtatt gjennom reguleringsplan eller anna vedtak i planperioden vist som eksisterande arealbruk. Der det er lagt inn endringar i føremål i høve til tidlegare vedtak, er føremåla vist som framtidig arealbruk.


## 2.9 TETTSTAD- OG SENTRUMSAVGRENSING

Bø kommune har ei målsetting om eit berekraftig utbyggingsmønster med eitt kompakt sentrum og bustadområde i gang- og sykkelavstand i til dette. Denne målsettinga er i tråd med regional plan for areal og transport i Telemark (ATP Telemark). Jf. ATP Telemark skal tettstaden Bø og Bø sentrum definerast i arealdelen etter prinsippet i figuren under. ATP gir føringar om at 70% av nye bustadar skal byggast innanfor tettstadgrensa, og at handelsetableringar på over 800m<sup>2</sup> berre skal tillatast innanfor sentrumsavgrensinga (med unntak av plasskrevjande handel).

**Prinsipp for arealavgrensning av sentra**



I planforslaget er tettstaden Bø definert som vist med stipla svart line i kartutsnittet under og sentrum som vist med brunt heildekkande farge. Eksisterande og framtidige bustadområde er vist med lys og mørk gul farge. Som det går fram av kartet så ligg i hovudsak bustadføremål innanfor tettstadgrensa. Tettstadgrensa er trekt om lag 3 km frå sentrum (rundkøyvinga), med unntak av nordlege del av grensa, der det er om lag 4,5km til sentrum frå Folkestadfeltet. Større område med dyrka mark er halde utanfor tettstadgrensa der areala ligg i ytterkant av tettstaden. Det må førast årleg rekneskap over bustadbygging utanfor og innanfor tettstadgrensa for å sikre at kravet i føresegnene om at 70% av bustadbygging pr. 4.år skal skje innanfor tettstaden.



I planforslaget ligg om lag 85% av ikkje utbygd bustadareal (nye innspel og framtidige bustadområde i gjeldande plan som ikkje er regulert) innanfor tettstadgransa. Ikkje-utbygd bustadområde på Nordbøåsen er ikkje tatt med i denne rekneskaper fordi området er ferdig regulert. Dersom tomtene i Nordbøåsen blir rekna med, er ein oppe i 93% av framtidige bustadar innanfor tettstadgransa. Med så stor del av bustadområde innanfor tettstaden, er det ikkje føreslått å ta ut ikkje utbygde bustadområde utanfor tettstadgransa, berre justering av avgrensing av enkelte område.

Det er lagt inn føresegner om minimum utnytting av bustadareal som differensierer mellom sentrumssona, tettstaden Bø utanfor sentrum og utanfor tettstadgransa.

Bø sentrum er regionsenter for Midt-Telemark og kommunesenter for Bø, jf. ATP Telemark. I samfunnsdelen er vidareføring av ei restriktiv avgrensing av sentrumsføremålet nedfelt som ein strategi for å utvikle eit fortetta og levande sentrum. I tråd med ATP Telemark legg planforslaget opp til at tenestyting med høg besøksfrekvens berre kan tillast innanfor sentrumsføremålet. I føresegnene til ATP heiter det at regionale utdanningsinstitusjonar ikkje skal tillast utanfor sentrumsføremålet. I Bø ligg både Høgskolen i Telemark og Bø vidaregåande skule tett på sentrum, men utanfor den sentrumssona der ein ønskjer utvikling av handel. Forbodet mot etablering av regionale utdanningsinstitusjonar utanfor sentrumsføremålet i ATP er difor ikkje tatt inn i planforslaget. For område med forretningsføremål utanfor sentrumssona er det sett ei øvre grense på 800m<sup>2</sup> bruksareal med unntak av forretningsbygg for plasskrevjande varer (j.f definisjon av plasskrevjande varer i ATP).

Fylkesmannen hadde motsegn mot tettstadavgrensinga i høyringsperioden fordi store område med dyrka mark vart liggande innanfor denne. Etter mekling vart det semje om å legge inn omsynssone for landbruk innfor tettstadgrensa for å hindre auka utbyggingspress på dyrka mark.

## 2.10 BUSTADAR

Areal innanfor reine bustadføremål og sentrumsføremålet skal dekke bustadbehovet i planperioden. Jf. målsettingar om befolkningsvekst i samfunnsdelen og SSB sine prognoser, vil det vere behov for om lag 600 bustadar dersom ein legg til grunn eit gjennomsnitt på 2 personar pr. bustad. I tillegg er det opna for spreidd bustadbygging innanfor nærare avgrensa område (LNF sone B/N).

I tråd med målsettinga i samfunnsdelen er det ikkje lagt inn større bustadområde utanfor g/s-avstand til sentrum. Realistisk g/s-avstand er vurdert å vere 3km. 85% av uregulerte bustadareal ligg innanfor tettstadgrensa.

For å oppnå ønskja fortetting, så mange bustadar som mogleg i g/s-avstand og bevaring av dyrka mark, er det fastsett minimumskrav til utnytting i av bustadområda. Krava differensierer mellom sentrumssona, tettstadsona og utanfor tettstadsona. Bustadområde med maks 3 bustadar eller maks 2 daa tomteareal kan få fritak frå kravet om reguleringsplan. Det er gjort endringar i krav til uteareal og leikeplassar for bustadar på bakgrunn av krav til fortetting og for å presisere kvalitetskrav til areala.

I planprogrammet er det lagt opp til at det ikkje er behov for store nye bustadområde i Bø. Dette under føresetnad av realisering av det store nye bustadområdet på Nordbøåsen som vart ferdig regulert i 2014. Gjennom planprosessen har utbygging av Nordbøåsen stoppa opp, og to nye, større bustadområde innanfor tettstadgrensa er lagt inn i planforslaget for å sikre tilstrekkeleg tomteareal i planperioden; Klokkaråsen (B7b) og utviding av Breisås (B23). Kommunen er opptatt av gjennomføringsrealismen for areal med bustadføremål i planen, og ønskjer ikkje å ha bustadføremål på areal som ikkje er aktuelt å realisere i planperioden.

Nye bustadområde i planforslaget med omtrentleg areal i daa:

- Innanfor tettstadgrensa:
  - B1 Niståsnabben 4 daa *Tatt ut ved vedtak av planen*
  - B2 Veirudkrysset 1 2 daa
  - B3 Veirudkrysset 2 1 daa
  - B6 Skyttarvegen 3 daa
  - B7b Klokkaråsen 82 daa
  - B9 Stadskleiv 2 10 daa
  - B10 Stadskleiv 3 11 daa
  - B17 Folkestadfeltet 4 daa *Utvida til om lag 7 daa ved vedtak av planen*
  - B23 Utviding av Breisås 83 daa *Tatt ut ved vedtak av planen*

Totalt nytt bustadareal innanfor tettstadgrensa er om lag 400 daa. I tillegg kjem om lag 90 daa i B7a frå gjeldande plan som ikkje enno er regulert og 300 regulerte bustadar på Nordbøåsen.

- Utanfor tettstadgrensa:
  - B24 Langkås 1 1 daa
  - B25 Langkås 2 1 daa
  - B26 Sandbrekka 4 daa *Tatt ut ved vedtak av planen*
  - B27 Ufs 2 daa

Gjennom rulleringa er det gjort ei opprydding i avgrensing av bustadføremål. Med digital kommuneplan og høve til å zoome seg ned i kartet, er det behov for meir detaljert avgrensing av bustadføremål for enkelttomter. Delar av områda B4, B8, B13 og B19 er redusert i høve til gjeldande plan, først og fremst ved at areal som er lite eigna som tomtegrunn er tatt ut. Grunneigarane av tomtene der oppryddinga har ført til endring av arealføremål er underretta i eige brev.



## Bergenåsen

Bergenåsen (B4) ligg som framtidig bustadområde i gjeldande plan utan at tilkomstveg til området er vist. Bergenåsen vel og grunneigar av g/bnr 41/10 har gitt innspel om at området bør leggest av som LNF-føremål med omsynssone for friluftsliv. Bergenåsen ligg tett på sentrum og er ikkje i konflikt med dyrka mark. Dei langsiktige arealstrategiane om fortetting av sentrumsnære område og bevaring av dyrka mark gjer at området bør vidareførast som bustadområde i planen på tross av konflikt med området sin verdi som nærfriluftsområde for Bø ungdomsskule, Bø vidaregåande skule og bustadane på Langkåshaugen.

I tråd med planprogrammet er det vurdert alternative tilkomstvegar til feltet. Alternativa er frå Rv 36 i sør og frå Fossheimvegen eller Bergenvegen i nord/nordaust.

Den sørlege delen av det området som ligg inne i gjeldande plan er svært bratt, og området ligg under marin grense. Tilkomst frå Rv 36 via eigedomen g/bnr 41/10 har tidlegare vore grovprosjektert (Tveiten AS 2003). Dette alternativet blir vurdert som lite realistisk både av omsyn til byggekostnader, grunntilhøve, kryssløysing mot Rv 36 og løysing for mjuke trafikantar langs Rv 36. Sidan det ikkje er aktuelt å føre tilkomstveg inn her, er den sørlege delen av området (g/bnr 41/17 og 41/10) tatt ut som byggeområde i planforslaget. Grunneigar av g/bnr 41/10 ønskjer ikkje utbygging, og området er svært bratt og lite eigna for bustadtomter.

Tilkomst via den private vegen Fossheimvegen er vurdert som ei dårleg løysing. Vegen er smal og ligg midt i eit viktig landbruksområde, med dyrka mark på begge sider. Opprusting av vegen og g/s-veg eller fortau vil beslaglegge betydeleg areal med dyrka mark, og ein vil få to parallelle kommunale vegar, Bergenvegen og Fossheimvegen. Fossheimvegen utgjer ein omveg til sentrum for gåande og syklande, og det vil difor i tillegg vere behov for ei fortausløysing langs Bergenvegen.

Tilkomst via Bergenvegen er vurdert som det beste alternativet og er difor grovprosjektert i samband med konsekvensutgreiinga (Sweco Norge AS 2014). Grunneigarane som blir mest berørt av denne tilkomsten aksepterer ikkje ei friviljug avtale for å legge veg over deira eigedom. Gjennom politisk drøfting av ny arealdel har administrasjonen fått klare signal om at det ikkje er ønskeleg å vise ein tilkomstveg i kommuneplanen som vil krevje ekspropriasjon av privat grunn.

På bakgrunn av vurderingane over er Bergenåsen vidareført som bustadområde, men utan at tilkomst til området er vist. Sørlege del av området er lagt som LNF-område. Tilkomst må avklarast gjennom reguleringsplan.

## 2.11 FRITIDSBUSTADAR

I planprogrammet er det lagt opp til at eventuelle nye område for fritidsbustadar skal ligge i tilknytning til eksisterande hytteområde på Lifjell eller langs Reskjemvegen. For Lifjell gjeld eigen kommunedelplan. På bakgrunn av innspel er det lagt inn ei mindre utviding av eksisterande hytteområde (F1) ved Nystul ved Reskjematnet. Elles er det ikkje lagt inn nye område for fritidsbustadar.

I gjeldande plan ligg det ikkje inne fellesføresegner for fritidsbustadar om storleik, anneks osv. Med utgangspunkt i kommunedelplan for Lifjell er slike fellesføresegner tatt inn i planforslaget.

I gjeldande plan er det opna for utviding av hytteområde i Årmot skog og ved Seljordsvatnet. Områda er lagt av etter utgatte disposisjonsplanar som er 30 og 40 år gamle. Når områda ikkje er tatt i bruk i løpet av denne tida, blir gjennomføringsrealismen for områda vurdert som så liten at dei er tatt ut av planforslaget.

Gjeldande kommuneplan har eigne føresegner for eksisterande hyttefelt i Årmot skog. Området vart utbygd etter ein disposisjonsplan, som ikkje lenger er ein gyldig plantype. Føresegnene i disposisjonsplanen om at det berre kan setjast opp eitt bygg på kvar tomt vart vidareført i gjeldande plan. Årmot hytteeigarforeining har gitt innspel om at det bør opnast for å bygge eit frittliggande anneks/uthus på inntil 20m<sup>2</sup> i tillegg til 125m<sup>2</sup> pr. hovudbygg, dvs. totalt 145m<sup>2</sup> bebygd areal pr. eigedom. Årmot skog ligg lite eksponert i landskapet i høve til fleire hyttefelt på Lifjell, der det er opna for anneks. Området rundt feltet er også, samanlikna med område rundt hytteområde på Lifjell, lite nytta til friluftsliv. Dei særskilte føresegnene for Årmot skog er difor tatt ut av planforslaget.

## 2.12 FORRETNING, NÆRING, FRITIDS- OG TURISTFØREMÅL OG TENESTEYTING

Ved førre rullering av kommuneplanen vart det lagt inn fleire nye næringsområde, og i områderegeringsplan for Bø sentrum er det lagt til rette for høg grad av fortetting med næringsareal. Reserven av næringsareal som ikkje er opparbeidd blir vurdert som tilstrekkeleg, og det er ikkje lagt inn nye område utover to mindre areal langs Rallevegen..

I tråd med ny lov er det skild mellom forretning, industri og fritids- og turistføremål. Næringsareala på begge sider av Rv 36 aust for sentrum er lagt til kombinerte føremål forretning/kontor/industri/tenesteyting/bustad (K1, Napastaa) og forretning/industri (K2-5). Områda ligg utanfor sentrumsavgrensinga, og forretningsbygg større enn 800 m<sup>2</sup> vil ikkje vere tillate med unntak av plasskrevjande handel jf. definisjon i ATP Telemark.

Campus Bø vest og sør for Gullbringvegen er vist som kombinert føremål tenesteyting/kontor/bustad (K6). Det er lagt omsynssone over heile Campus Bø med krav om felles planlegging. Oppstart av arbeid med områderegeringsplan for Campus er allereie finansiert av aktørane innanfor området og vedtatt av kommunestyret 15.12.14. Områderegeringsplanen skal utarbeidast på bakgrunn av Campusutviklingsplan for Høgskolen i Telemark, studiestad Bø (Statsbygg, Bø kommune og HiT 2014) og modellen som viser fortettingspotensialet i området «Visualisering av Campus Bø» (Asplan Viak 2014).

## 2.13 RÅSTOFFUTVINNING

Bø er rik på grus- og skifer-/muresteinressursar og ei rekke område er lagt ut som råstoffutvinning i gjeldande plan. Desse er vidareført i nytt planforslag. På bakgrunn av innspel nr 3 er R7 utvida mot vest. I gjeldande plan er tilkomst inn til framtidige område for utvinning av skifer og murestein vist. Dette er ikkje vist i nytt planforslag, men tilkomst er omtalt i føresegnene.

## 2.14 TRANSPORT OG INFRASTRUKTUR

### 2.14.1 RV 36

Kommuneplanens samfunnsdel og planprogrammet legg opp til at areal til omlegging av Rv 36 gjennom Bø sentrum, jf. «Forstudie omlegging Rv 36 gjennom Bø», skal bandleggast i kommuneplanens arealdel. Ei bandlegging krev at reguleringsplan utarbeidast i løpet av 4 år. Bø kommune har gjennom planprosessen fått klare signal frå Statens vegvesen om at dei ikkje har høve til å prioritere planlegging av ny trasé for Rv 36 i løpet av dei neste 4 åra. Statens vegvesen vil arbeide for å få prosjektet inn i Nasjonal transportplan før det prioriterast planressursar til dette. På bakgrunn av signala frå Statens vegvesen er framtidige tunnelopningar for ny trasé for Rv 36 ikkje lagt inn i planforslaget.

I samfunnsdelen ligg det ein strategi om å redusere konfliktane mellom Bøgata som gjennomkøyringsveg og sentrumsgate. Når planar for omlegging av Rv 36 blir skyve fram i tid, blir strategien følgd opp gjennom prosjektet «Bygdepakke Bø». I dette prosjektet vil Bø kommune saman med Fylkesmannen i Telemark, Telemark fylkeskommune og Statens vegvesen jobbe med analyser og tiltak for å redusere intern personbiltrafikk i Bø sentrum.

### 2.14.2 FYLKESVEG 155 OG 359

#### **Veirudkrysset (kryss fv 359-Skyttarvegen-Roevegen)**

I gjeldande plan er det lagt opp til ei omlegging av Veirudkrysset for å unngå dagens firearma kryss fv 359-Skyttarvegen-Roevegen. Nytt kryss er vist som illustrasjon i gjeldande plan, og det er ikkje knytt rekkefølgekrav om opparbeiding av nytt kryss til nye bustadområde. I innspel nr 1 er det bedt om at krysset blir lagt om. Kryssløysinga er drøfta med Vegvesenet, og traseen for Skyttarvegen ut i krysset er forskyve mot nord i høve til gjeldande plan for å få betre sikt i retning Bø sentrum. Vidare er det lagt inn g/s-veg langs Skyttarvegen ut i krysset. Ny trasé vil ta dyrka mark, men til gjengjeld er det lagt opp til at dagens trasé for Skyttarvegen kan leggest tilbake til dyrka mark slik at ein får ei betre arrondering av jordet på g/bnr 55/16, som i dag er delt i to.

Nytt kryss Skyttarvegen-fv 359 blir liggande vis a vis avkøyning til fire bustadar i ein huskrull aust for fv 359. For å unngå eit nytt firearma kryss, må avkøyning frå desse bustadane flyttast til Roevegen. Jf. tilråding frå vegvesenet er det stilt rekkefølgekrav for vidare utbygging langs Roevegen om at sikt frå Roevegen i kryss Roevegen-fv 359 må utbetrast. Omlegging av krysset inneber at Roevegen ut i krysset må forskyvast noko mot sør for å få betre sikt.

Nye bustadområde (B2-3, B6-7) vil medføre auke i trafikken på Skyttarvegen. Veirudkrysset fungerer ikkje tilfredsstillande med dagens trafikk, og det er difor knytt krav om opparbeiding av krysset før nye bustadområde kan byggast ut. Det er lagt inn krav om felles planlegging av Skyttarvegen ut til Veirudkrysset og nye bustadområde knytt til Skyttarvegen. *Ved endeleg vedtak av planen vart rekkefølgekravet om opparbeiding av nytt Veirudkryss tatt ut for B3 og B6.*

### **Oterholt (fv 155)**

I gjeldande plan er omlegging av fv 155 over Bøelva ved Oterholt sett som rekkefølgekrav før utbygging av to bustadområde ved Oterholt (B14 og 15 i planforslaget). Omlegging av fv 155 er ikkje prioritert i ATP Telemark, og det er difor lite sannsynleg at denne vil bli finansiert i løpet av planperioden. Dette betyr i praksis eit byggeforbod i dette området. Det er ikkje forsvarleg å legge til rette for meir trafikk over brua med dagens utforming. I dialog med Statens vegvesen og Telemark fylkeskommune har ein difor kome fram til at omlegging av dagens veg framleis bør visast i plankartet, men at rekkefølgekravet om omlegging av vegen erstattast med eit krav om ei løysing for gåande og syklende frå kryss fv 155-Hågåbergja til kryss fv155-Eikavegen, inkludert gangbru over Bøelva. I planforslaget er rekkefølgekravet om ei løysing for gåande og syklende før utbygging knytt til områda B14-16, dvs. alle nye bustadområde ved Oterholt. Kravet er ikkje knytt til B13, som er ei mindre utviding av eit eksisterande bustadområde.

---

## **2.14.3 KOMMUNALE VEGAR**

Rallevegen går i dag gjennom industriområdet ved Skrubbemyra. Dette er uheldig både med omsyn til trafikktryggleik og for potensialet for utvikling av industrien i området. Omlegging av vegen er vist i gjeldande plan, men etter dialog med grunneigarar og næringsliv, er trasé for ny veg justert i planforslaget.

Omlegging av Skyttarvegen ut mot Veirudkrysset er vist i planforslaget, sjå kap. 2.14.2.

---

## **2.14.4 G/S-VEGAR**

Langs fv 155, 359 og fv 551 og langs Rv 36 er framtidig g/s-veg vist fram til kommunegrensa. Vidare er det lagt inn framtidig g/s-veg langs Skyttarvegen og framtidig g/s-veg/fortau langs Kyrkjevegen frå Grauteknapp til Bø kyrkje.

---

## **2.14.5 PARKERING**

Krav til parkering er i hovudsak vidareført frå gjeldande plan, men kravet til sekundærleilegheit i einebustad er redusert frå 2 til 1 plass. Krav til daglegvareforretning er redusert frå 4 pr. 100m<sup>2</sup> BRA til 2,5. Det er lagt inn krav til sykkelparkering for både bustad og næringsføremål.

Parkeringsplassar som er utgangspunkt for stigar og løyper ved Gygestolen, Liheia og Vihus, der kommunen har avtale med grunneigar om bruken, er lagt inn med parkeringsføremål.

---

## **2.14.6 FJERNVARME**

I gjeldande plan er det tilknytingsplikt til Bø fjernvarme for bygg med BRA>500 m<sup>2</sup> i Bø sentrum. Bø fjernvarme AS ser ikkje behov for å vidareføre tilknytingsplikta. Dei har ikkje kapasitet til å ta store nye utbyggingar anna enn fortetting på Campus Bø og meiner krav i lova om alternative energikjelder gjer tilknytingsplikta overflødig. Det er ikkje areal til utviding av anlegget på eksisterande tomt. Utviding av anlegget bør skje aust for sentrum, i tilknytning til Telemarksbruket eller næringsområdet K2. På bakgrunn av dette er tilknytingsplikta tatt ut av planforslaget. Utan at Bø fjernvarme AS har konkrete planar om utviding av kapasiteten er det vanskeleg å setje av areal til dette i ny plan, men ein ny kjel kan etablerast innanfor eks. føremål på Telemarksbruket eller K2.



## 2.15 GRØNSTRUKTUR

Grønstrukturen består av skogs- og jordbruksområde utanfor tettbygde strøk, større samanhengande grønne drag innanfor tettbygde strøk som t.d. Evjudalen i Bø sentrum og stinett gjennom bustadfeltet i Breisås, og til slutt private hagar og leikeplassar. Turstignettet følgjer som regel grønstrukturen. Viktige område for friluftsliv sommar og vinter er vist i eget temakart. I temakartet er stig- og løypenettet vist.

Det er tatt inn krav om at det skal utviklast samanhengande grønstruktur gjennom å kople større og mindre grøntområde saman. Grønstrukturen skal ha eit nett av ferdsléarar for mjuke trafikantar (turveggar, stiar/snarveggar) som knyter bustadar, sentrum, skular, barnehagar og friluftsområde saman. Vidare er det lagt inn krav om at leikeplassar skal utformast som del av grønstruktur med samband til større grøntområde der dette er mogleg. Dette følgjer opp innspelet frå Bø turlag om behovet for små friområde (100m-skogar) for dei minste med kopling ut til større friområde ettersom bustadområda blir større og tettare.

Tilgang til vatn og vassdrag er sikra ved generell byggegrense mot vassdrag på 100 m i LNF-område og 50 m i byggeområde langs vassdrag. Det er lagt inn krav om at det langs vatn og vassdrag med årssikker vassføring skal det oppretthaldast eit naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning, gjev livsgrunnlag for plantar og dyr og bidrar til flaumsikring og friluftsliv, jf. vassressurslova § 11.

Badeplass ved Tjønntveit bru (hengebrua) der kommunen leiger areal til badeplass er vist som friområde.

## 2.16 LANDBRUK-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE

Planen følgjer opp målsettinga i samfunnsdelen om å ivareta dyrka mark. Kjerneområde for landbruk er kartlagt og vist i temakart for viktige landbruksområde. Temakartet viser følgjande areal:

- A. Høgproduktive jordbruksareal - fulldyrka areal som er svært godt eller godt eigna til minst ein av produksjonane potetproduksjon eller nedbørbasert kornproduksjon
- B. Middels produktive jordbruksareal – fulldyrka areal som ikkje er i A og C
- C. Mindre produktive jordbruksareal – fulldyrka areal som er dårleg eigna eller ueigna til gras, korn og potetproduksjon, overflatedyrka areal og innmarksbeite.

Kartet er utarbeidd på grunnlag av eksisterande data frå Skog og landskap.

Ei rekke innspel vart silt ut i grovsilinga på grunn av konflikt med dyrka mark. Tre eldre tomter på dyrka mark på Langkåshaugen (B24 og B25) er lagt til bustadføremål på grunn av at desse tidlegare har vore delt frå til bustadføremål.

Det er lagt inn byggegrense mot dyrka mark og vilkår for fritak frå plankrav at tiltaket ikkje skal vere i konflikt med dyrka eller dyrkbar mark. Retningslinjer opnar for unntak frå byggegrensa mot dyrka mark dersom terreng o.a. tilseier dette. Spreidd bustadbygging tillatast ikkje på dyrka eller dyrkbar mark.

Strukturrasjonalisering i landbruket har medført betydeleg auke av leigejord. Harmonisering mellom eigedomsstruktur og bruksstruktur kan vere grunnlag for samtykke til deling. Dersom deling blir godkjend etter jordlova, bør kommuneplanen opne for å dele frå eksisterande bustadar på garden til bustadføremål. Til no har slike saker blitt behandla som dispensasjon etter kommuneplanen. I planforslaget er det opna for at bustaden kan delast frå som bustadeigedom når jordbrukseigedom blir selt som tilleggsjord. På bakgrunn av landbruksplan for Midt-Telemark er det presisert at bustadeigedomen ikkje skal vere større enn kva som er tilstrekkeleg for føremålet med delinga og maksimalt 5 daa.

LNF-område med opning for spreidd bustadbygging er gjennomgått for å ta ut område der bustadtomter ikkje er aktuelt m.a.. Gjennomgangen har ført til følgjande endringar:

- O1-2 i gjeldande plan mellom Bøelva og Rv 36 vest for Midtbø er tatt ut av omsyn til dyrka mark, 100m-byggegrense/flaumsone mot Bøelva og byggegrense mot Rv 36.
- O3 i gjeldande plan mellom Bøelva og fv 155 mellom Sagahølen og Eriksteinstjøna er tatt ut av omsyn til dyrka mark, 100m-byggegrense/flaumsone mot Bøelva og byggegrense mot fv 155. Det er lagt til rette for bustadbygging i denne delen av kommunen ved Bakås.

- Nordlege grense for O4 i gjeldande plan (B/N 4) er trekt sørover for å trekke sona utanom der det er sett av bustadområde i planen. Det er lagt til rette for bustadbygging i denne delen av kommunen ved Fredsteinbergja og i utviding av dette regulerte feltet.
- O5 i gjeldande plan (B/N5) vest for Folkestadvegen er tatt ut av omsyn til dyrka og dyrkbar mark. Det er lagt til rette for bustadbygging i denne delen av kommunen m.a. ved Kåsabakken og Sandbrekka.
- Sørlege grense for O7 i gjeldande plan (B/N7) er justert mot nord for å komme utanfor lysløypa.

Omfang av spreidd bustad- og næringsbygg (LNF sone B/N) er vidareført frå gjeldande plan i tillegg til at det er opna for spreidd bustadbygging i Liheia (2 bustadar). Vidare er det lagt til rette for bustadbygging i dette området med bustadområde ved Bakås. Det er sett krav til maks storleik på tomter i LNF sone B/N-område og opna for at tun kan delast frå som bustadtomt ved sal av landbruksjord som tilleggsareal.

*Ved endeleg vedtak vart det sat tal for spreidd næringsbygg på 12 nye tiltak i planperioden.*

*Sjå kommentar under kap. 2.9 om omsynssone for landbruk som ble lagt inn ved endeleg vedtak.*

## 2.17 KULTURMINNE

Automatisk freda kulturminne og vedtaksfreda kulturminne er vist i eige temakart. Kyrkjestadene Bø og Gårahaug frå mellomalderen og tre vedtaksfreda bygg er vist som omsynssone bevaring av kulturminne. Det er gitt føresegner om omsyn til kulturminne ved behandling av søknad om tiltak. Bø og Sauherad kommunar utarbeidar no ein felles kommunedelplan for kulturminne. Planen vil bli vedtatt etter vedtak av arealdelen.

## 2.18 OMSYNSSONER

### 2.18.1 SIKRINGS-, STØY- OG FARESONER

Omsynssoner for fare er, med unnatak av flaum, vist i eige temakart ved sida av sjølve plankartet. Dette er gjort for å gjere plankartet enklare å lese. Sikrings- og støysoner er berre vist i sjølve plankartet.

Føresegner og retningslinjer stiller krav til dokumentasjon og vurdering av reell fare ved søknad om tiltak og gir forbod om visse tiltak. Sonene dekkjer område for:

- Kvikkleireskred
- Jordskred, steinsprang og snøskred
- Flaum
- Støy
- Kraftliner
- Vassforsyning

### 2.18.2 SONER MED SÆRSKILT OMSYN TIL FRILUFTSLIV, LANDSKAP ELLER BEVARING AV NATURMILJØ ELLER KULTURMILJØ

Til sonene er det gitt retningslinjer for saksbehandling av tiltak innanfor sonene.

- Bevaring av naturmiljø: Viktige naturtypar med verdi A og B (Naturbasen)
- Viktige kulturlandskap: Avgrensing av viktige kulturlandskap er vidareført frå gjeldande plan, med unnatak av sona i Liheia. Avgrensinga er no snevra inn til å gjelde berre kulturlandskapet da det er dette som gir akkurat Liheia ei særskilt verdi. I ny plan er viktige kulturlandskap vist som omsynssone viktig kulturlandskap.
- Viktige område for friluftsliv: Områda i gjeldande plan er gjennomgått, og det er gjort justeringar i avgrensingar. Innspel et frå Bø turlag (nr 41) om å utvide friluftsområdet på Folkestadåsane ut mot Reskjemvegen og Hørteelva i nord og Hellestad sandtak i sør er følgd opp. Turlaget ønskjer vidare (innspel nr 42) å legge inn ein korridor med LNF/omsynssone friluftsliv frå Telemarkshallen og nordover langs Reskjemvegen slik at hallen kan nyttast som utgangspunkt og sikre samband med Bø Camping og lysløypa. Dette arealet er sett av til næring for evt. framtidig utviding av Bø Sommarland. Korridor for friluftsliv gjennom eller langs dette området må avklarast i en reguleringsplan dersom

- området blir tatt i bruk til næring. Det vil ikkje vere riktig å låse arealbruken ut mot Reskjemvegen på kommuneplannivå før konkrete planar for utnytting av området ligg føre.
- Kulturminne: Kyrkjestadene Bø og Gårahaug og fem vedtaksfreda bygg.

### 2.18.3 OMSYNSSONER FOR OMRÅDE SOM ER BANDLAGT ETTER ANNA LOVVERK ELLER I PÅVENTE AV VEDTAK ETTER ANNA LOVVERK

To strekningar av Bøelva kan bli påverka av kraftutbygging. Det er sendt konsesjonssøknad til NVE om Herrefoss Kraftverk (småkraftverk etter vassressurslova) og Nye Oterholt kraftverk (større kraftverk etter vassdragsreguleringslova). Begge sakene vil bli avklart i løpet av 4-årsperioden. Tidlegare søknad om utbygging av Bøfossane vart lagt på is av utbyggar i 2001.

Strekningane det no er søkt om konsesjon for er vist som omsynssone for bandlegging i påvente av vedtak etter vassressurslova og vassdragsreguleringslova. Innafor omsynssona er tiltak som kan gjere det vanskeleg å etablere vasskraft ikkje tillate. Rettsverknaden for bandlegging i påvente av vedtak etter anna lovverk går bort etter fire år etter at kommuneplanen er vedtatt. Omsynssona skal berre nyttast der det er stor sannsynlegheit for at bandlegginga blir gjennomført. Strekning for tidlegare søknad om regulering av Bøfossane er difor ikkje vist som omsynssone. Søknaden vart lagt på is i 2001, og ifølgje NVE må denne behandlast som ein ny sak dersom utbyggar tar planane opp att. Vedtak i løpet av 4-årsperioden er difor ifølgje NVE ikkje realistisk.

### 2.18.4 OMSYNSSONER MED KRAV OM FELLES PLANLEGGING FOR FLEIRE EIGEDOMAR

Sona er nytta for Campus Bø og for nytt bustadområde B7 saman med Skyttarvegen. Føresegner til sona sikrar at areala innanfor sona inngår i samla reguleringsplan.

## 2.19 UTBYGGINGSAVTALER

Jf. PBL §17-2 er det ein føresetnad for bruk av utbyggingsavtaler at avtalene skal ha grunnlag i vedtak fatta av kommunestyret. Vedtaket skal gje føringar for kva for tilfelle utbyggingsavtaler kan vere ein føresetnad for utbygging og synleggjere kommunen sine forventningar til avtalene. PBL §11-9 gir heimel til å gje føresegner om innhaldet i utbyggingsavtaler i kommuneplanen. Kommunestyret i Bø fatta vedtak om bruk av utbyggingsavtaler allereie i 2006 og har nytta dette verkemiddelet aktivt. Buk av og føringar for utbyggingsavtaler er evaluert i planprosessen. På bakgrunn av dette er det utarbeidd nye føresegner om utbyggingsavtaler i planforslaget som vil erstatte vedtaket frå 2006. Tilsvarande er gjort i kommunedelplan for Lifjell.

## 2.20 OPPHEVING AV ELDRE PLANAR

Følgjande eldre reguleringsplan blir oppheva som del av kommuneplanprosessen, jf. innspel nr 27 og PBL§12-14: *Fv. 153 Tjønntveit – Jønnebu, parsell Vårbusvingen – Gapet (sone 4 plan 13), vedtatt 21.6.93.* Reguleringsplanen gjeld ein trasé av fv 153 til Lifjell, og oppheving av planen er avklart med Statens vegvesen.

# 3. ROS-ANALYSE

## 3.1 METODE

Overordna ROS-analyse for Bø kommune ble utarbeidd i 2014. Analyser er ei gjennomgang av alvorlege kriser og ulukker som kan ramme Bø og gir oversikt over risiko og sårbarheit i kommunen. Analyser har fokus på hendingar innanfor følgjande tre grupper:

- Svikt i infrastruktur/viktige samfunnstjenester
- Naturbaserte hendingar
- Andre ulukker og kriser

For arealdelen er det hendingar og farar som har kritisk betydning for framtidig arealbruk som er relevante. For desse er sannsynleg heit og konsekvens vurdert i skjema under. Den overordna ROS-analyse er lagt til grunn for vurderingane.

Sannsynleg heit er vurdert ut frå kor ofte det er sannsynleg at ei hending vil inntreffe:

- Svært sannsynleg: Oftare enn årleg
- Sannsynleg: Mellom årleg og kvart 10.år
- Mindre sannsynleg: Mellom kvart 10.år og kvart 50.år
- Lite sannsynleg: Sjeldnare enn kvart 50.år

Konsekvens er vurdert etter følgjande kriterium:

- Ufarleg: Ingen/små personskader, ingen skader på materiell og miljø. Ubetydelige kostnader, kort driftsstans
- Ein viss fare: Mindre førstehjelpstiltak, ubetydelige miljøskader. Små kostnader, mellombels driftsstans
- Kritisk: Sjukehusopphald, miljøskader som krev tiltak. Betydelege kostnader, langvarig driftsstans
- Farleg: Langt sjukehusopphald/invaliditet eller 1-3 døde, langvarig og omfattande miljøskade. Alvorlege kostnader ut over budsjett, produksjon settast ut av drift for ei lengre periode
- Katastrofal: 4 eller fleire døde, varig skade på miljøet

### 3.2 RISIKOMATRISSE FOR UØNSKA HENDINGAR

Matrisa under samanfattar vurdering av risiko for kvar hending. Avbøtande tiltak er omtala under kvar hending, og matrisa viser risiko før avbøtande tiltak er gjennomført.

SANNSYNLIGHET	4 - Svært sannsynleg				Snøskred	
	3 – Sannsynleg		Eksposering av miljøgifter frå forureina grunn Manglande sløkkjevavn	Flaum Ureining av drikkevasskjelde	Transport av farleg gods på veg og jernbane	Lausmasseskred og steinsprang
	2 - Mindre sannsynleg				Brann- og eksplosjon ved lagring av farleg stoff	Kvikkleireskred
	1 – Lite sannsynleg					
		1 - Ufarleg	2 – Ein viss fare	3 – Kritisk	4 - Farleg	5 - Katastrofal
	KONSEKVENNS AV HENDINGAR					

### 3.3 VURDERING AV ENKELTHENDINGAR

Nedanfor er hendingar som er relevante for planlegging av arealbruk vurdert.

#### Flaum

Kvar	Langs alle vatn og vassdrag. Erosjon kan skje langs elve- og bekkestrekningar som går gjennom lausmassar, og særleg i bratte elve- eller bekkeløp. Midt-Telemark vil få varmare og våtare vintrar og varmare og tørrare somrar og auka nedbør på årsbasis. Større variasjon i vintervêret kan gje auka flaumfare om vinteren. Episodar med lokalt høg nedbørsintensitet gjennom heile året vil auke. Hovudplanen for overvatn viser god kapasitet. Enkelte innelukka lågpunkt i sentrum har ikkje alternativ flaumveg og evt tilstopping av overvassleidning her kan gjere at vatn flaumar inn i kjellarar.
Kven	Menneske, miljø, bygg og anlegg, samfunnsøkonomiske verdiar
Eks. kunnskap	<a href="http://www.nve.no">www.nve.no</a> . Flaumsonekartlegging for delar av Bøelva (Norconsult 2008)
Kva utløyser	Snøsmelting og nedbør

hendinga	
Sannsynlegheit	Svært sannsynleg
Konsekvens	For utbygde område og infrastruktur kan konsekvensen bli kritisk
Avbøtande tiltak i planen	I framtidige område for nærings- og bustadbygg, avgrensast område som blir omfatta av 200-årsflaum som omsynssone. Der det ikkje ligg føre flaumsonekart, blir dette ivaretatt ved generell byggegrensene mot vassdrag på 100m generelt og 50m innanfor byggeområde. Det leggst inn krav om ivaretaking av flaumvegar, opne løysingar for handtering av overvatn og at bekkelukking bør unngåast.

### Kvikkleireskred

Kvar	NGI har kartlagt to kvikkleiresoner i Bø, i Bø sentrum og på Flatin. Begge områda er vurdert å ha låg faregrad, men med svært alvorleg konsekvens dersom eit skred skulle utløysast. Kvikkleiresonene er område med potensiell fare for kvikkleireskred. Det kan vere mindre soner med kvikkleire fleire stader under marin grense i kommunen.
Kven	Menneske, bygg og anlegg, infrastruktur, samfunnsøkonomiske verdiar
Eks. kunnskap	Program for økt sikkerhet mot leirskred. Evaluering av risiko for kvikkleireskred i Bø kommune (NGI 2006). <a href="http://atlas.nve.no">http://atlas.nve.no</a>
Kva utløyser hendinga	Menneskeleg aktivitet som graving og deponering er som regel utløysande orsak til kvikkleireskred.
Sannsynlegheit	Mindre sannsynleg, jf. faregrad låg i NGI-rapport frå 2006. For kvikkleiresoner nyttast faregradklasse som eit mål på sannsynleg heit.
Konsekvens	Den eine kartlagde sona ligg midt i eit tett utbygd sentrum og den andre ligg mellom jernbanelina og Rv 36. Eit kvikkleireskred i sentrum kan få katastrofale følgjer.
Avbøtande tiltak i planen	Dei kartlagde kvikkleiresonene setjast av som omsynssoner. Avgrensing av kvikkleiresone for sentrum er endra etter grunnundersøkingar etter 2006, jf. områdestabiliseringsplan for Bø sentrum 2012. Det knytast føresegner til omsynssona om at områdestabilitet må vere dokumentert på reguleringsplannivå eller ved byggesøknad dersom dette ikkje er dokumentert gjennom reguleringsplan. Det leggjast inn føresegner om at kommunen kan krevje dokumentasjon på områdestabilitet ved søknad om tiltak etter PBL under marin grense (om lag 145 moh).

### Lausmasseskred (ikkje kvikkleire) og steinsprang

Kvar	Steinsprang nedanfor bratte fjellskråningar og skrentar, aktsemdsområde er vist i NVE Atlas. Jordskred i bratt terreng og i ravinar. Aktsemdsområde for jord- og flaumskrede er vist i NVE Atlas. Det er ikkje kartlagt faresoner for skred i bratt terreng i Bø (NVE Atlas).
Kven	Menneske, bygg og anlegg, samfunnsøkonomiske verdiar, infrastruktur
Eks. kunnskap	<a href="http://atlas.nve.no">http://atlas.nve.no</a>
Kva utløyser hendinga	Steinsprang blir som regel utløyst av sterk nedbør i kombinasjon med frost/tinging. Lausmasseskred utløysast helst etter periodar med mykje nedbør eller snøsmelting.
Sannsynlegheit	Det ligg ikkje føre statistikk på kor ofte steinsprang og lausmasseskred skjer. Sannsynlegheita blir vurdert til å vere 3 – sannsynleg.
Konsekvens	Katastrofale konsekvensar dersom det skulle gå skred i tilknytning til jernbanen.
Avbøtande tiltak i planen	Dersom framtidige byggeområde overlappar aktsemdsområde for steinsprang og jordskred, blir det lagt inn omsynssoner med krav om nærare avklaring av faren i reguleringsplan, evt. ved byggesak dersom faren ikkje er avklart i reguleringsplan.

### Snøskred

Kvar	Snøskred kan utløysast i terreng brattare enn 1:2 og terreng som ikkje er dekkja av skog er særskilt utsett. Aktsemdsområde for snøskred (utløysingsområde og utløpsområde) er vist i NVE Atlas.
Kven	Menneske og bygg og anlegg
Eks. kunnskap	<a href="http://atlas.nve.no">http://atlas.nve.no</a>

Kva utløyser hendinga	Auka snøtyngd eller menneskeleg aktivitet
Sannsynlegheit	I aktsemdskarta er ikkje sannsynlegheit for snøskred vurdert. Det blir vurdert som svært sannsynleg at det vil utløysast snøskred i kommunen.
Konsekvens	Det vil vere farleg dersom snøskred utløysast i område med menneskeleg ferdsle.
Avbøtande tiltak i planen	Aktsemdsområde for snøskred visast som omsynssone med krav om at reell fare avklarast i reguleringsplan. Ingen utbyggingsområde er lagt innanfor aktsemdsområda.

### Ureining av drikkevasskjelde

Kvar	Bø kommune hentar sitt drikkevatn frå grunnvassbrønner på Herremo i Øvre Bø.
Kven	Menneske
Eks. kunnskap	Beskyttelsesplan (Asplan Viak 2011) og ressursgeologisk utgreiing for Bø vassverk (HiT 2010) utarbeidd i samband med områderegeringsplan for Herremo (2012).
Kva utløyser hendinga	Utslepp av olje, kjemikaliar e.l. innanfor influensområdet til grunnvassmagasinet. Dette kan m.a. utløysast ved ei ulukke på Rv 36 gjennom området, i samband med drift av grustak tett på brønnane eller som resultat av salting av Rv 36. Ureining i samband med uttak av fast fjell kan forureine drikkevatnet også utanfor den regulerte omsynssona.
Sannsynlegheit	Det er gjennom områderegeringsplan for Herremo regulert omsynssone for drikkevasskjelda som forbyr aktivitet som kan ureine drikkevatnet. Sannsynlegheita er difor mindre for at ureining skal skje t.d. som følge av drift i grustak, men det er sannsynleg at det kan oppstå ureining som resultat av ei trafikkulukke eller salting av Rv 36.
Konsekvens	Dersom ureininga er så omfattande at drikkevatnet ikkje kan nyttast i ein periode, får dette kritiske følgjer. Bøelva kan nyttast som beredskapsvasskjelde.
Avbøtande tiltak i planen	Omsynssona som er regulert i områderegeringsplan for Herremo leggst inn som omsynssone i kommuneplanen. I føresegnene til omsynssona visast det til føresegnene i områderegeringsplanen. Restriktiv haldning til uttak av fast fjell i nærleiken av drikkevasskjelda.

### Transport av farleg gods på veg og jernbane

Kvar	Sørlandsbanen, Rv 36 og fv 359. Ifølgje DSB si FAST-database vart det i 2012 på transportert 30823 tonn/m <sup>3</sup> farleg gods på Rv 36 og 253 tonn/m <sup>3</sup> på fv 359.
Kven	Menneske og miljø
Eks. kunnskap	Mengde transportert farleg gods på vegar er vist i DSB si FAST-database ( <a href="http://kart.dsb.no">http://kart.dsb.no</a> ). Det ligg ikkje føre oversikt over mengda farleg gods som blir transportert med jernbanen.
Kva utløyser hendinga	Ulukker med tog eller bil som fraktar farleg gods gjennom Bø.
Sannsynlegheit	Det er ikkje registrert uhell i Bø i samband med transport av farleg gods. Det blir likevel vurdert som sannsynleg at det kan inntreffe eit uhell i samband med transport av farleg gods.
Konsekvens	Konsekvensane vil vere størst dersom eit uhell skjer på Bø stasjon, på Rv 36 gjennom Bø sentrum eller gjennom influensområdet til Bø vassverk. Konsekvensen blir vurdert som farleg.
Avbøtande tiltak i planen	Dersom det skjer ei ulukke i tilknytning til Bø stasjon eller Borgjabrua, blir bustadane i Breisås (om lag 950 bustadeiningar) isolerte. Dersom kommuneplanen legg til rette for ytterlegare utviding av bustadområdet, bør det leggst inn rekkefølgekrev om opning av beredskapsveg frå Breisås til Roevegen.

### Brann- og eksplosjonsfare ved lagring av farleg stoff

Kvar	I DSB si base over lagring av farleg stoff (FAST) er det registrert 7 lokalitetar i Bø, alle innanfor ein radius på 3,5 km frå Bø sentrum. På dei registrerte lokalitetane er det i hovudsak oppbevart mindre mengder LPG. Bensinstasjonane har større mengder bensin i
------	---

	tillegg.
Kven	Menneske og miljø
Eks. kunnskap	FAST-anlegg og kart ( <a href="http://www.dsb.no">www.dsb.no</a> ).
Kva utløyser hendinga	Påtenning av eksplosive stoff.
Sannsynlegheit	Stoffa er oppbevart av profesjonelle aktørar som ein må forvente at handterer farleg stoff forskriftsmessig. Det blir difor vurdert som mindre sannsynleg at ei hending vil oppstå.
Konsekvens	Mengda farleg stoff som blir oppbevart på dei ulike lokalitetane er små, med unntak av bensinstasjonane. Bensinstasjonane lagrar bensin under bakkeplan. Konsekvensen av ein eksplosjon på bensinstasjonane midt i sentrum kan vere farleg.
Avbøtande tiltak i planen	Det vil vere lite hensiktsmessig å legge omsynssoner rundt alle anlegg som oppbevarer farleg stoff. Ein ser ikkje aktuelle avbøtande tiltak i kommuneplanen og føreset at farleg stoff blir oppbevart i tråd med forskrift om handtering av farleg stoff.

### Manglande sløkkjevatt ved brann

Kvar	Kommunen skal syte for tilstrekkeleg brannvatn fram til tomtegrense i tettbygd strøk. I grisgrendte strøk nyttast tankbil.
Kven	Menneske, bygg og anlegg, samfunnsøkonomiske verdiar
Eks. kunnskap	Kommunal oversikt over brannkummer og leidningsnett.
Kva utløyser hendinga	Skogbrann og omfattande brann i grisgrendt strøk.
Sannsynlegheit	Sannsynleg.
Konsekvens	Ved brann i grisgrendte strøk vil det vere lita fare for at brannen blir spreidd. Ved skogbrann nyttast helikopter.
Avbøtande tiltak i planen	Kommunen må gjennom v/a-norm og utbyggingsavtaler syte for tilstrekkeleg sløkkjevatt ved utbygging av nye område i tettbygde strøk.

### Eksposering av miljøgifter frå forureina grunn

Kvar	Tre registrerte lokalitetar med forureina grunn i Bø: Djupegrup, Revdalen og Grivimoen (alle med akseptabel grad av påverknad, 02). Andre lokalitetar som kan ha forureina grunn er stader med utslepp frå tidlegare næringsverksemd, gamle avfallsfyllingar og eigedomar med gamle, nedgravne oljetankar (9 stk. over 3200 l er kartlagt i Bø).
Kven	Menneske og miljø
Eks. kunnskap	Oversikt over registrerte lokalitetar med forureina grunn på <a href="http://grunn.miljodirektoratet.no">http://grunn.miljodirektoratet.no</a> . Kartlegging av nedgravne oljetankar (Midt-Telemark Brann og redning 2005).
Kva utløyser hendinga	Grave- eller anleggsverksemd i eit område med forureina grunn kan auke fare for at ureininga blir spreidd.
Sannsynlegheit	Det blir vurdert som sannsynleg at menneske og natur kan bli eksponert for miljøgifter frå forureina grunn.
Konsekvens	Registrerte lokaliteter i Bø har akseptabel påverknadsgrad. Konsekvensen blir vurdert til å vere «ein viss fare».
Avbøtande tiltak i planen	Etter forurensingsforskrifta §2-4 pliktar tiltakshavar å vurdere om det er forureina grunn i området der eit terrengingrep er planlagt gjennomført. Under dei generelle føresegnene visast det til forureiningsforskrifta.

## 4. KONSEKVENSGREIING (KU)

### 4.1 METODE

*Konsekvensutgreiinga er ikkje revidert etter endeleg vedtak.*



For alle kommuneplanar med rammer for framtidig utbygging skal planomtalen gje ei konsekvensvurdering av planen sine verknader for miljø og samfunn, jf. PBL § 4-2 og Forskrift om konsekvensutgreiingar (KU-forskrifta). Det er krav om konsekvensutgreiing av arealdelen for nye område avsett til utbyggingsområde, endra utbyggingsføre mål og opning for spreidd utbygging i LNF-område. KU-forskrifta krev ei skildring av verknaden både av dei enkelte utbyggingsområda kvar for seg og dei samla arealbruksendringane i planen. Konsekvensutgreiing av planen er inndelt i tre fasar:

#### **Fase 1 Grovsiling av innspel**

Overordna vurdering av alle innkomne forslag etter langsiktige arealstrategiar fastsett i planprogram for rullering av kommuneplanens arealdel og nasjonale og regionale føringar. Forslagsstillarar til innspel som vart tatt ut i grovsilinga har blitt underretta om dette i eige brev.

#### **Fase 2 Detaljert utgreiing av innspel**

Konsekvensar for miljø og samfunn er utgreidd for kvart innspel som gjekk vidare til fase 2. Saman med utgreiing av konsekvensane for samfunn og miljø er det gjort ei enkel analyse av samfunnstryggleik (ROS-analyse) for kvart enkelt forslag. Her er tilsvarande metode nytta som for ROS-analyse i kap. 3.1.

#### **Fase 3 Utgreiing av samla planforslag**

Samla vurdering av endringane i planen etter utgreiingstema i fase 2 og etter mål og strategiar for ynska utvikling.

Med dei vurderingane som er gjort på grunnlag av angitt datagrunnlag og lokalkunnskap i fase 2 og 3 blir krava til vurderingar etter naturmangfaldlova § 8-12 vurdert å vere oppfylt.

## **4.2 KONSEKVENSENTGREIING (KU) FASE 1**

Tabellen under viser alle innspel om endring av arealbruk. Andre innspel er vist i vedlegg 4. Alle innspel om utbyggingsføre mål er vist i kart i vedlegg 1, 1 og 3.

Innspel som det er krav om KU for er markert med farge etter resultat av grovsilinga. Dei som vart silt ut i fase 1 er markert med raudt og innspel som har gått vidare til fase 2 er markert med grønt. Innspel som det ikkje er krav om KU for er ikkje markert med farge. Sjå vedlegg 5 for grunngjeving for utsiling av innspel i fase 1.

Nr	Område	Eks. føremål	Foreslått føremål	Endring føre-segner	Med etter fase 1	Krav om KU
1	Veirudkrysset	Framtidig veg		x	Ja	Nei
2	Herremo	LNF	Masseuttak		Nei	-
3	Herremo	LNF	Masseuttak		Ja	Ja
4	Skrubbemyra	LNF	Næring		Ja	Ja
5	Rallevegen	LNF	Næring		Ja	Ja
6	Nystul	LNF	Fritidsbustad		Ja	Ja
7	Årmot skog	Fritidsbustad		x	Ja	Nei
8	Tjæreberget	LNF	Bustad		Nei	-
9	Klokkarstugo	LNF	Bustad		Nei	-
10	Tandredalen	LNF	Bustad		Ja	Ja
11	Grivi	LNF	Bustad		Nei	-
12	Stadskleiv	LNF	Bustad		Ja	Ja
13	Stadskleiv	LNF	Bustad		Ja	Ja
14	Skyttarvegen	LNF	Bustad		Ja	Ja
15	Bergskås	LNF	Bustad		Nei	-
16	Roegrenda	LNF	Bustad		Ja, men avslag i KU	Ja
17a	Breisås	LNF, viktig friluftsomr	Bustad		Nei	-
17b	Breisås-Liaåsen	LNF, viktig friluftsomr	Bustad		Ja, men avslag i KU	Ja
18	Langkås	LNF	Bustad		Ja	Ja
19	Blakåkerroa	LNF	Bustad		Nei	-
20	Breisås	LNF, viktig friluftsomr	Bustad		Ja	Ja
21	Bjønnfeld	LNF	Bustad		Nei	-
22a,b,c	Klokkaråsen	Bustad/LNF	Bustad		Ja	Ja
23	Sør for Rv 36 ved Frivoll	LNF	Bustad/forr/tenesteyting		Nei	-
24	Sanda	LNF	Bustad		Nei	-
25	Langkås	LNF	Bustad		Nei	-
26	Gamle Lifjell hotell	Fritidsbustad	Bustad		Nei	-
27	Lifjellvegen	Fritidsbustad, veg, byggeomr	Bustad		Ja	Ja
28	Bakkane	LNF	Bustad		Nei	-
29	Stadskleiv	LNF	Bustad		Ja, men avslag i KU	Ja
30	Stadskleiv	LNF	Bustad		Ja	Ja
31	Niståsnabben	LNF	Bustad		Ja	Ja
32	Breskelia	LNF	Bustad		Nei	-
33	Langkås	LNF	Bustad		Ja	Ja
34	Krossvegen	LNF	Bustad		Nei	-
35	Liheia	LNF, viktig kulturlandsk	Bustad		Nei	-
36	Trytetjønnevegen	LNF	Bustad		Ja	Ja

37	Gregarsveg	LNF	Bustad	Ja	Ja
38	Sandbrekka	LNF	Bustad	Ja	Ja
39	Tangen	LNF	Bustad	Ja	Ja
40	Bergenåsen	Bustad	LNF, omsynssone friluftsliv		Nei
41	Folkestad- åsane	LNF	LNF, omsynssone friluftsliv		Nei
42	Telemarks- hallen	Næring	LNF, omsynssone friluftsliv		Nei
43	Eikjamogane	LNF	Fritids- og turistføremål	Ja	Ja
44	Vatnar leirstad	LNF	Tenesteyting	Ja	Ja
45	Rv 36 Bakås - Seljord grense	-	G/s-veg	Ja	Nei
46	Forbergåsen	LNF, viktig friluftsomr	LNF, omsynssone friluftsliv		Nei
47	Bø skyttarlag	-	-		Nei

## 4.3 KONSEKVENsutGREIING (KU) FASE 2

### 4.3.1 METODE

For kvart innspel er det fylt ut eit skjema med vurdering av konsekvensar for miljø og samfunn. Skjemaet er henta frå Miljøverndepartementet sin rettleiar for konsekvensutgreiing av kommuneplanens arealdel (T-1493). Utgreiing er gjort utifrå lokalkunnskap, litteratur og databaser, og innspela er synfara i felt. Kartet øvst i skjemaet viser avgrensing av områda slik forslagsstillar har sendt inn. Kommunen sitt forslag til avgrensing av dei områda som er tatt inn i planen er vist i plankartet. Negative konsekvensar for samfunn og miljø er vist med fargekoder og skildra verbalt. Fargekoden viser konsekvensane av tiltaket før evt. avbøtande tiltak:

<b>Grøn</b>	<i>Liten negativ konsekvens</i>
<b>Gul</b>	<i>Middels eller usikker negativ konsekvens</i>
<b>Raud</b>	<i>Stor eller svært stor negativ konsekvens</i>

Nærleik til sentrum blir vurdert både for miljø og samfunn fordi bilavstand til daglege gjeremål har negative konsekvensar både for miljø (klimagassutslepp) og for samfunn og folkehelse (transportbehov). Ved måling av avstand til sentrum er rundkøyringa i Midtbygdakrysset brukt som utgangspunkt.

Konsekvensar for folkehelse blir vurdert under tema transportbehov, støy, nærmiljø/grønstruktur/friluftsliv og trafikktryggleik, og ikkje som eit eige tema.

#### 4.3.2 OPPSUMMERING

I tabellen under er konklusjonane i konsekvensutgreiinga av innspela som det er krav om KU for vist:

- Innspelet er konsekvensutgreia og leggst heilt eller delvis inn i arealdelen: **Ja**
- Innspelet er konsekvensutgreia og leggst ikkje heilt eller delvis inn i arealdelen: **Nei**

Nr	Område	Eks. føremål	Foreslått føremål	Konklusjon i KU
3	Herremo	LNF	Masseuttak	Ja
4	Skrubbemyra	LNF	Næring	Ja
5	Rallevegen	LNF	Næring	Ja
6	Nystul	LNF	Fritidsbustad	Ja
10	Tandredalen	LNF	Bustad	Ja
12	Stadskleiv	LNF	Bustad	Ja
13	Stadskleiv	LNF	Bustad	Ja
14	Skyttarvegen	LNF	Bustad	Ja
16	Roegrenda	LNF	Bustad	Nei
17b	Breisås-Liaåsen	LNF, viktig friluftsomr	Bustad	Nei
18	Langkås	LNF	Bustad	Ja
20	Breisås	LNF, viktig friluftsomr	Bustad	Ja
22a,b,c	Klokkaråsen	Bustad/LNF	Bustad	Ja
27	Lifjellvegen	Fritidsbustad, veg, byggeomr	Bustad	Ja
29	Stadskleiv	LNF	Bustad	Nei
30	Stadskleivvegen	LNF	Bustad	Ja
31	Niståsnabben	LNF	Bustad	Ja
33	Langkås	LNF	Bustad	Ja
36	Trytetjønnevegen	LNF	Bustad	Ja
38	Sandbrekka	LNF	Bustad	Ja
39	Tangen	LNF	Bustad	Ja
43	Eikjamogane	LNF	Fritids- og turistføremål	Ja
44	Vatnar leirstad	LNF	Off. og priv. tenesteyting	Ja


Innspel som det ikkje er krav om KU for:

Nr	Område	Eks. føremål	Foreslått føremål	Konklusjon
1	Veirudkrysset	Framtidig veg		Sjå kap. 2.14.2
7	Årnot skog	Fritidsbustad		Sjå kap. 2.11
37	Gregars veg	LNF	Bustad	Fråskilt som bustad i 2010, oppretting i tråd med vedtak Sjå kap. <b>Feil! Fant ikke referanseilden.</b>
40	Bergenåsen	Bustad	LNF, omsynssone friluftsliv	
41	Folkestadåsene	LNF	LNF, omsynssone friluftsliv	Sjå kap. 2.18.2
42	Telemarkshallen	Næring	LNF, omsynssone friluftsliv	Sjå kap. 2.18.2
45	Rv 36 Bakås - Seljord grense	-	G/s-veg	Sjå kap. 2.14.4
46	Forbergåsen	LNF, viktig friluftsomr	LNF, omsynssone friluftsliv	Sjå kap. 2.18.2

### 4.3.3 UTGREIING AV ENKELTTINNSPEL

#### NR 3 HERREMO

**Dagens formål:** LNF  
**Foreslått formål:** Råstoffutvinning  
**Areal:** 35 daa  
**Forslagsstillar:** Fride Engeset



#### Omtale av området:

Innspelet gjeld omgjerung av eit areal på furumoen på Herremo frå LNF til råstoffutvinning. Det aktuelle området utgjer arealet mellom eigedomsgrensa g/bnr 28/1-28/6 og eit større framtidig område for råstoffutvinning på 28/1 i gjeldande plan (R7). Dette arealet hadde føremålet råstoffutvinning før førre rullering av kommuneplanen. Ved rulleringa vart vestre grense for område for råstoffutvinning justert p.g.a. usikkerhet knytt til risiko for ureining av grunnvatnet (Bø vassverk). Forslagsstillar ønskjer no denne grensa trekt tilbake til vestre grense for eigedommen.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfald og landskap		Ingen kjende verdiar knytt til biologisk mangfald ( <a href="#">Naturbasen</a> ). Innspelet strekk seg ned i skråninga mot elva. Uttak av skråninga vil føre til innsyn i grustaket frå sørvest og sår i landskapet langs elva.
Jordvern og naturressursar		Skog med middels bonitet, ikkje dyrkbar jord (Kilden). Grusressursen på Herremo er vurdert som svært viktig (grus- og pukkdatabasen, NGU).
Kulturminne og – miljø		Ingen kjente verdiar ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> )
Forureining (klimagassar og andre utslepp)		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljostatus.no</a> ). I områdereuleringsplan for Herremo (2012) vart omsynssoner for Bø vassverk fastsett slik at uttak av lausmasser utanfor desse sonene ikkje skal vere i konflikt med drikkevasskjelda til Bø (Beskyttelse av råvannskilden til Bø vannverk, Asplan Viak 2011) . Uttak av fast fjell utanfor omsynssona kan vere i konflikt med vassverket.
Støy		Utviding av område for råstoffutvinning i gjeldande plan vil redusere avstanden til eks bustad på g/bnr 28/40 med 60-70m. Elles ikkje bustadar som vil bli meir sjenert av støy ved ei utviding i tråd med innspelet. I områdereuleringsplan for Herremo øvre grense for uttak mot elva sett

		til kote 128. Dersom dette vidareførast her, vil avstand til bustad bli 100m og det vil bli att ein voll mellom bustadane og grustaket.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv		Området er lite nytta til friluftsliv, med unntak av elvebreidda. Ytterkant av innspelet ligg tett inn mot elva (60m), og det er viktig at det blir bevart einnærast skjerm mot elva som hindrar innsyn i masseuttaket. Dersom øvre grense for uttak mot elva setjast til kote 128 vil arealet nærast elva bevarast utan innsyn i grustaket.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov, kollektivdekning		Ikkje behov for persontransport, men transport av masse. Beliggenhet inn mot rv 36 er svært gunstig.
Teknisk infrastruktur og tenestebehov		Området ligg inntil rv 36. Kommunal vassledning ligg langs rv 36. Ikkje kommunalt avløp.
Trafikktryggleik		Beliggenhet inn mot rv 36 er gunstig, ikkje behov for å føre tungtrafikk gjennom bebygde område. Plassering av avkøyring må avklarast i reguleringsplan.
<b>ROS-analyse</b>		
<b>Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)</b>	<b>Menneske- og verksemdsbaserte farar</b>	<b>Kommentar, avbøtande tiltak</b>
	Ureining av drikkevatt	Området ligg nær Bø vassverk, men utanfor influensområdet fastsett i områdereguleringsplan for Bø vassverk Herremo. Ureining av vassverket som følgje av uttak av grus blir difor ikkje vurdert som ei sannsynleg hending.

#### Samla vurdering og evt. alternativ


Det er allereide to masseuttak i drift på Herremo, og det bør leggjast til rette for best mogleg utnytting av denne viktige grusressursen. For å avbøte dei negative konsekvensane for friluftsliv, støy og landskap, bør føremålet råstoffutvinning avgrensast til kote 128 ut mot Bøelva, slik at terrenget ut mot elva ikkje kan takast lengre ned enn det som er regulert for Verpe grustak lengre vest. Med denne avgrensinga vil grustaket på det nærmaste ligge om lag 75 m frå elva. Avgrensing av området R7 i gjeldande plan bør også justerast ut mot elva.

#### Konklusjon:

Dei negative konsekvensane av innspelet blir vurdert som mindre viktige enn dei positive konsekvensane av å kunne utnytte den verdifulle grusressursen på Herremo. Område for råstoffutvinning (R7) i gjeldande plan utvidast, men både området i gjeldande plan og utvidinga avgrensast til kote 128 mot Bøelva.

## NR 4 SKRUBBEMYRA

**Dagens formål:** LNF  
**Foreslått formål:** Næring  
**Areal:** 6 daa  
**Forslagsstillar:** Håkon Hegna



### Omtale av området:

Innspelet gjeld avsetning av eit areal i tilknytning til eksisterande næringsområde og motorcrossbane til næring. Aktuelt område er eit platå langs Rallevegen og skråninga ned mot Rallebanen.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfald		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Naturbasen</a> ).
Jordvern og naturressursar		Skog av høg og særskilt høg kvalitet ( <a href="#">Kilden</a> ). Det aktuelle arealet ligg i ytterkant av ei elveavsetning som strekk seg langs Hørteelva frå Høgfoss til Askildt. Ifølgje NGU (grus- og pukkdatabasen) gjer beliggenheten førekomsten mindre interessant for større uttak.
Kulturminne og –miljø		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> )
Forureining (klima-gassar og andre utslipp)		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljostatus.no</a> ). Forureinande aktivitet på området kan føre til avrenning til Hørteåa. Dersom det blir etablert forureinande aktivitet på området, vil dette krevje løyve etter forureiningslova.
Støy		I nærområdet er fleire støyande verksemdar etablert (motorcrossbane, grustak og Systemblokk). Om lag 200m til nærmaste bustad. Bustaden ligg på eit nivå lågare enn platået langs Rallevegen, medan effekten av støy er verre ovanfor støykjelda. Evt. etablering av støyande verksemd på arealet vil sannsynlegvis ikkje gje store nye negative konsekvensar for støy i høve til allereide støyande verksemdar i nærområdet. Av omsyn til denne bustaden, bør området likevel ikkje trekkast lenger mot nord og skråninga ned mot Ralle bør ikkje leggjast inn som næringsareal.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv		Ytterkant av innspelet ligg 90-100 m frå Hørteelva. Utfylling av skråninga ned mot Ralle og elva vil gje negative konsekvensar for



		landskapet mot elva. Platået langs vegen ligg på eit anna høgdenivå (25 m høgare enn elva) enn elva, og omdiponering av dette blir ikkje vurdert å ha negative konsekvensar for friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov, kollektivdekning		Området ligg rett ved Rallevegen. Denne går i dag rett gjennom ein industriverksemd (Systemblokk) og bør leggast om. Framtidig trasé frå Kromla til grensa mellom g/bnr 1/1/2 og 1/8 er vist i plankartet. Evt. framtidig omlegging vidare nordover blir ikkje tatt stilling til i denne planen.
Teknisk infrastruktur og tenestebehov		Ikkje kommunalt v/a.
Trafikktryggleik		Rallevegen er definert som farleg skuleveg for 1.-2.klassingar og vinterstid for 3.-4.klassingar i trafikktryggleiksplan for Bø kommune. Nye næringsareal vil gje auka trafikk på vegen.
<b>ROS-analyse</b>		
<b>Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)</b>	<b>Menneske- og verksemdsbaserte farar</b>	<b>Kommentar, avbøtande tiltak</b>
Området utgjer delvis ein bratt skråning på marine avsetningar.	Ingen kjende farar	Skråninga bør ikkje fyllast ut eller bebyggast utan at rasfare er avklart.

#### Samla vurdering og evt. alternativ

Det ligg godt til rette for etablering av næringsverksemd oppe på platået langs Rallevegen. Det er ønskjeleg å konsentrere næringsverksemd til dette området som allereie er utsett for støy og tungtrafikk. Skråninga ned mot elva bør ikkje leggast ut som byggeområde pga rasfare og omsyn til landskapet.

#### Konklusjon:

Det setjast av eit om lag 2,5 daa stort areal langs Rallevegen til næringsområde.

## NR 5 RALLEVEGEN

<b>Dagens formål:</b>	LNF
<b>Foreslått formål:</b>	Næring
<b>Areal:</b>	16 daa
<b>Forslagsstillar:</b>	Håkon Hegna



### Omtale av området:

Innspelet gjeld eit skogsområde aust for Brukåsa ved Rallevegen. Grunneigar ønskjer å opparbeide arealet og nytte dette til flising av trevirke til biobrensel og strø i husdyrhald. På den andre sida av Rallevegen ligg eit mindre industriområde for komposteringsanlegg i gjeldande plan.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfald		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Naturbasen</a> ).
Jordvern og naturressursar		Skogsområde av høg bonitet ( <a href="#">Kilden</a> ). Arealet ligg i ytterkant av ei breelvasetning som strekk seg langs Hørteelva (grus- og pukkdatabasen). Avsetninga består av godt drenerte grus- og sandmasser, og det kan vere masser egna til teknisk bruk i delar av førekomsten. Det aktuelle arealet ligg i ytterkanten av avsetninga og vil vere til lite hinder for ei evt. framtidig utvinning.
Kulturminne og –miljø		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> )
Forureining (klimagassar og andre utslepp)		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljostatus.no</a> ). Forurensande aktivitet på området kan føre til avrenning til Hørteåa. Vassprøvar frå komposteringsanlegg på andre sida av Rallevegen viser at denne verksemda ikkje gir ekstra tilførsel av ureining til Hørteelva. Dersom det blir etablert forureinande aktivitet på området, vil dette krevje løyve etter forureiningslova.
Støy		Det ligg ei hytte om lag 220 m frå området, og næraste bustad ligg 1 km frå området. Flising av trevirke er ei relativt støyande verksemd.

		Hørteelva går i små fossar og stryk, og bruset frå elva gir bakgrunnsstøy som vil dempe annan støy for turgåarar langs elva. Dei negative konsekvensane av støy frå verksemda blir likevel vurdert å fyrst og fremst vere knytt til turgåarar. Avgrensing av området inn mot stigande terreng mot aust kan skjerme for støy inn mot Folkestadåsane.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv		Området blir liggande tett inn på turstig mellom Folkestadåsane og Hørteelva. Stigen er del av eit viktig friluftsområde, og kryssar Rallevegen mellom det aktuelle området og dagens komposteringsanlegg. Det bør leggjast inn ein buffer mot turstigen. Fordel at området ikkje ligg ut mot elva, men inn mot Folkestadåsane.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov, kollektivdekning		Det ligg godt til rette for transport av produkt ut til fv 152, om lag 1,2 km langs Rallevegen.
Teknisk infrastruktur og tenestebehov		Rallevegen er kommunal veg. Det er ikkje v/a eller straum til området.
Trafikktryggleik		Rallevegen er definert som farleg skuleveg for 1.-2.klassingar og vinterstid for 3.-4.klassingar i trafikktryggleiksplan for Bø kommune. Nye næringsareal vil gje auka trafikk på veggen.
<b>ROS-analyse</b>		
<b>Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)</b>	<b>Menneske- og verksemdsbaserte farar</b>	<b>Kommentar, avbøtande tiltak</b>
		Ingen kjende farar

#### Samla vurdering og evt. alternativ

I utgangspunktet bør næringsområde ved Rallevegen konsentrerast til eksisterande industriområde ved Systemblokk. Forslagsstillar er skogeigar og ønskjer å drive med flising av treverke på eigen grunn. Det blir vurdert som urimeleg å krevje at han skal leige grunn til å flise tre for å lokalisere verksemda ved eksisterande industriområde. Det understrekast at det ikkje er ønskjeleg med større næringsetableringar her, og arealet bør difor avgrensast til flata ut mot veggen (om lag 7 daa) og det bør leggjast inn ein buffer mot turstigen. Naturleg avgrensing mot stigande terreng i aust.

Støy frå verksemda vil gje negative konsekvensar for friluftslivsverdiane i området. Turgåarar passerer området på veg vidare, men dette er ikkje eit område som blir nytta til lengre opphald. Dei negative konsekvensane for friluftslivet blir ikkje vurdert som så store at dei bør hindre grunneigar i å etablere eit anlegg for treflising her.

Dersom ein trekk næringsområdet lenger mot nordvest, kan ein i stor grad unngå konflikt med turstigen frå Folkestadåsane. Fordelen med å samlokalisere dette næringsområdet med eksisterande komposteringsanlegg ved Rallevegen blir likevel vurdert som større, og dei bør difor leggjast tettast mogleg inntil kvarandre. Topografien i området tilseier at det ikkje er eigna å legge området rett vis a vis komposteringsanlegget.

#### Konklusjon:

Det leggjast til rette for næring på ein del av innspelt areal. Innspelet avgrensast mot stigande terrenget i aust og det setjast av ein mindre buffer mot merka tursti.

## NR 6 NYSTUL

<b>Dagens formål:</b>	LNF
<b>Foreslått formål:</b>	Fritidsbustad
<b>Areal:</b>	5 daa
<b>Forslagsstillar:</b>	Olav Ødegård



### Omtale av området:

Innspelet gjeld utviding av det regulerte hyttefeltet Nystul ved utløpet av Reskjervvatnet. I hyttefeltet er det i dag regulert 11 hyttetomter. Grunneigar har lagt nytt straumnett og avløp og ønskjer å utvide feltet med fire tomter.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfald		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Naturbasen</a> ). Nordvestre del av innspelet er ei bekkekløft. Området bør avgrensast slik at bekkekløfta heldast utanfor byggeområdet.
Jordvern og naturressursar		Skog av høg og særshøg bonitet. Ikkje dyrkbar jord ( <a href="#">Kilden</a> ).
Kulturminne og –miljø		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> )
Forureining (klimategassar og andre utslepp)		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljøstatus.no</a> ). Inga kollektivdekning. Hyttetraffikk blir bilbasert, men dette gjeld alle område for fritidsbustadar i Bø.
Støy		Området ligg usjenert, næraste støykjelde er Reskjervvegen 500 m unna.
Nærmiljø, grøntstruktur, friluftsliv		1-2 km til merka turstignett på Røytebufjellet, nærleik til Reskjervvatnet.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov, kollektivdekning		Inga kollektivdekning, men kollektivdekning til hytteområde er ikkje realistisk i Bø.
Teknisk infrastruktur og tenestebehov		Straumnett og interne vegar utbygd i regulert hyttefelt. Ikkje kommunalt v/a-nett. Eks. hytter har infiltrasjonsanlegg for avløp.
Trafikktryggleik		Noko uoversiktleg avkøyring til fv 152 p.g.a. at veg frå hyttefeltet går i ein bratt bakke fram mot kryss med fylkesvegen.

ROS-analyse		
Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)	Menneske- og verksemdsbaserte farar	Kommentar, avbøtande tiltak
Utløpsområde for snoskred, jf aktsemdskart NVE		Reell fare for snoskred må avklarast i detaljregulering.

#### Samla vurdering og evt. alternativ


Det er investert i infrastruktur i regulert hyttefelt. Dei negative konsekvensane av ei utviding av hyttefeltet er små. Det er ønskjeleg å legge nye hyttetomter til allereie utbygde område. Bekkekløfta nordvest i området bør haldast utanfor byggeområdet, både av omsyn til biologisk mangfald, flaum og ras.

#### Konklusjon:

Utviding av eksiterande hyttefelt leggst inn i kommuneplanen, men med ei justering i nordvest slik at bekkekløfta ligg utanfor byggeområdet.

## NR 10 TANDREBAKKE

**Dagens formål:** LNF  
**Foreslått formål:** Bustad  
**Areal:** 0,8 daa  
**Forslagsstillar:** Marit og Bjørn Wiik



### Omtale av området:

Området ligg mellom Skyttarvegen og Kyrkjevegen på toppen av og delvis ned i ein bratt bakke ned mot ein bekk.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfald		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Naturbasen</a> ).
Jordvern og naturressursar		Ikkje dyrkbar jord (Kilden). Tomta må ikkje trekkast så langt mot sør at omlagt Skyttarveg må skyvast lenger ut på jordet.
Kulturminne og –miljø		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> )
Forureining (klima-gassar og andre utslepp)		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljostatus.no</a> ). 2,1km til sentrum. G/s-veg langs Lundevegen i relativt flatt terreng, dvs at området ikkje bør bli bilbasert.
Støy		180 m til fv 359, utanfor støysona (Støyvarselkart, Statens vegvesen).
Nærmiljø, grøntstruktur, friluftsliv		Området er ikkje nytta til friluftsliv. Kort veg til friluftsområde.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov, kollektivdekning		Dårlig kollektivdekning, men sentrumsnært og g/s-veg til sentrum (2,1 km).
Teknisk infrastruktur og tenestebehov		Kommunalt v/a-nett ligg inntil området. Kommunal veg Skyttarvegen er planlagt omlagt, slik at tomta kan trekkast noko lenger mot sør. Endeleg avgrensing av tomta bør regulerast saman med omlegging av Skyttarvegen. Det bør leggest ein buffer mot Kyrkjevegen for å ivareta byggegrense mot denne.

Trafikktryggleik		Tilkomst direkte frå Skyttarvegen.
<b>ROS-analyse</b>		
<b>Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)</b>	<b>Menneske- og verksemdsbaserte farar</b>	<b>Kommentar, avbøtande tiltak</b>
Skråningen ned mot bekken kan vere rasutsett		Avgrensing av tomta bør endrast for å unngå skråningen ned mot bekken.

**Samla vurdering og evt. alternativ**

Bustadføremål i dette området kan tilråast dersom formen endrast slik at skråninga ikkje blir lagt som byggeområde. Tomta bør ikkje fradelast før reguleringsplan som omfattar omlegging av Skyttarvegen er vedtatt, og bør difor inngå i områdereguleringsplan for utbygging av Kryngleåsen og omlegging av Skyttarvegen.

Det må setjast av ei buffer mot Kyrkjevegen for å ivareta byggegrense mot denne.

**Konklusjon:**

Tomta leggst inn i kommuneplanen med endra avgrensing og krav om at denne må inngå i reguleringsplan for omlegging av Skyttarvegen.



## NR 12, 13 OG 29 STADSKLEIVVEGEN SØR

<b>Dagens formål:</b>	LNF
<b>Foreslått formål:</b>	Bustad
<b>Areal:</b>	Totalt 100 daa
<b>Forslagsstillarar:</b>	Lena Stadskeiv (12 og 13) og Halvor Bø (29)



### Omtale av området:

Dei tre føreslåtte bustadområda ligg i enden av Stadskeivvegen. Nr 12 og 13 ligg på nedsida ned mot fv 359 og nr 29 ligg oppover mot Kåsaåsen. Dagens arealbruk er skog for alle tre områda. Området er foreslått omdisponert til bustadar.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfold og landskap	Yellow	Ingen kjende naturverdiar ( <a href="#">Naturbasen</a> ). Både nr 12 og 29 ligg delvis i terreng med 15-25 grader helling (NVE Atlas). Desse delane av områda bør ikkje byggast ut pga at utbygginga vil bli svært eksponert og at infrastruktur og tomter vil gje store terreng- og vegetasjonsinngrep. Dei brattaste partia bør difor takast ut.
Jordvern og naturressursar	Red	Tilkomstveg frå fv 359 vil gå over dyrka mark av svært god kvalitet (Kilden). For å ta minst mogleg jord, bør vegen leggast i skogkanten vidare sørover mot Stadskeiv. Nr 13 bør trekkast opp mot Stadskeivvegen for å ikkje legge tomter for tett opp mot dyrka mark. Nr 12 må også trekkast lenger frå jordekanten.
Kulturminne og – miljø	Green	Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> )
Forureining (klimagassar og andre utslepp)	Green	Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljøstatus.no</a> ). Om lag 3km til sentrum, d.v.s. sentrumsnært og med g/s-veg i flatt terreng langs fylkesvegen.
Støy	Green	Området ligg utanfor gul sone for støy frå fv 359 (Støyvarselkart,

		Statens vegvesen). Pga bratt terreng bør nr 12 uansett trekkast lenger unna fv 359 enn i innspelet.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv		Området er lite brukt til friluftsliv. Sti til Eikjarud går mellom nr 12 og 29. Tilkomsten ut mot Eikjarud må oppretthaldast ved ei utbygging. God tilgang til friluftsområde for nye bustadar.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov, kollektivdekning		Dårleg kollektivdekning, men g/s-avstand til Bø sentrum.
Teknisk infrastruktur og tenestebehov		Stadskleivvegen er offentleg eigd, men med privat vedlikehald. Vegen er smal og bustadane ligg enkelte stader tett på vegen. Utviding av vegen i tillegg til fortau eller g/s-veg vil vere svært øydeleggande for Stadskleivgrenda, og denne tilkomsten blir vurdert som eit dårleg alternativ. Vegvesenet har tillate å føre tilkomstveg inn til framtidig bustadområde direkte frå Lundevegen, utan å gå via Stadskleivvegen. Forslagsstillar ønskjer å etablere denne ved eksisterande avkøyring frå g/bnr 57/2. Vegvesenet set som vilkår at eks. gardsavkøyringar stengast. 50m byggegrense frå fv 359 reduserer innspel nr 12. Tilkopling til v/a vil skje på motsett side av fv 359, ved jernbanelina.
Trafikktryggleik		Raskaste veg til g/s-veg mot sentrum for gåande og syklende vil vere langs eksisterande gardsveg mellom Stadskleiv og Lundevegen. Denne må stengast som avkøyring. I reguleringsplanen må det vurderast om denne skal regulerast som gangveg. Nøyaktig plassering av ny samleavkøyring må avklarast i reguleringsplan.
<b>ROS-analyse</b>		
<b>Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)</b>	<b>Menneske- og verksemdsbaserte farar</b>	<b>Kommentar, avbøtande tiltak</b>
Auka avrenning av overvatn frå feltet etter ei utbygging		I reguleringsplan må handtering av overvatn vere tema.

**Samla vurdering og evt. alternativ**

Det er lagt inn eit større bustadområde langs Skyttarvegen i gjeldande plan (B7). Det er ikkje ønskeleg å legge ut enno eit stort bustadområde i dette området i denne omgang. Det bør difor berre opnast for ei mindre utbygging her med krav om at tilkomstveg skal vere privat. Bygging av tilkomstveg og tilkopling til kommunalt v/a-nett vil bli kostnadskrevjande, og det må difor likevel vere eit visst omfang av utbygginga av omsyn til gjennomføringsrealisme.

Området er austvendt, og kveldssola går tidleg ned på arealet som ligg inn mot åsen bak. Områda lengst frå åsen er meir solrike, og vil sannsynlegvis vere meir attraktive tomter. Dei brattaste partia ut mot fv 359 og opp mot åsen bør takast ut, det same gjeld arealet langs jordekanten.

I gjeldande plan ligg eit mindre framtidig bustadområde på g/bnr 55/7 (B8). Dette er strekt et stykke opp mot åsen bak, og er berre 60m breidt. Det øvre arealet har sannsynlegvis dårlege soltilhøve og er ikkje mogleg å utnytte utan å sjå det i samanheng med naboeigedomar. Arealet blir foreslått redusert slik at det ligg att areal til eit par tomter langs Stadskleivvegen.

Forslagsstiller ønskjer vegtraséen som er vist i plankartet. Alternativ vegtrasé frå Lundevegen er rett vest til Stadskleivvegen, over nr 13. Ifølgje forslagsstillar er dette ein dårlegare løysing p.g.a. vanskelegare grunntilhøve og ønskje om å skjerme gardstunet frå trafikken. Nøyaktig plassering av kryss med Lundevegen må skje gjennom reguleringsplan, men dersom nytt kryss ikkje leggst i eksisterande avkøyring til g/bnr 57/2, så må denne stengast. Eksisterande gardsveg til g/bnr 57/1 må stengast for bilar, men kan vurderast nytta som g/s-veg i reguleringsplan.

Mellom ny veg og Stadskleivvegen nord for Stadskleiv, ligg eit søkk som sannsynlegvis ikkje vil kunne utnyttast som byggeområde. Det bør vurderast om dette skal bevarast som grønstruktur på reguleringsplannivå.


**Konklusjon:**

Justerte versjonar av innspel nr 12 og 13 ved Stadskleivvegen leggst inn som bustadområde. Innspel nr 29 blir ikkje lagt inn, og framtidig bustadområde B8 i gjeldande plan blir redusert.

Tilkomst til området blir vist som framtidig veg (samferdsleline) ved eksisterande avkøyring til g/bnr 57/2 frå fv 359. Nøyaktig plassering av krysset må vurderast i reguleringsplan. Det leggst som føresegner til planen at tilkomstveg skal vere privat og at andre avkøyringar til g/bnr 57/1 og 57/2 må stengast for bilar ved etablering av nytt kryss.

## NR 14 SKYTTARVEGEN

<b>Dagens formål:</b>	LNF
<b>Foreslått formål:</b>	Bustad
<b>Areal:</b>	5 daa
<b>Forslagsstillar:</b>	Halvor Forberg



### Omtale av området:

Området ligg på begge sider av Skyttarvegen. I vest og nord grenser området mot dyrka mark og spreidde bustadtomter. I sør utgjer ein bratt skråning ned til bekken ein del av området.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfald		Ingen kjende verdjar ( <a href="#">Naturbasen</a> ).
Jordvern og naturressursar		Ikkje dyrkbar mark, skogbonitet høg og særskilt høg (Kilden). Området ligg på ein grusressurs som følgjer Skyttarvegen, men pga eksisterande infrastruktur og bustadar er det ikkje aktuelt å utnytte denne.
Kulturminne og – miljø		Ingen kjende verdjar ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> )
Forureining (klima-gassar og andre utslepp)		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljøstatus.no</a> ). 2,4km til sentrum. G/s-veg langs Lundevegen i relativt flatt terreng, dvs at området ikkje bør bli bilbasert.
Støy		Området ligg tett på Skyttarvegen, men denne har begrensa trafikk m.o.p. støy.
Nærmiljø, grøntstruktur, friluftsliv		Området blir ikkje nytta til friluftsliv. God tilkomst til friområde rundt.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov, kollektivdekning		2,4 km til sentrum med g/s-veg langs fv 359. Dårlig kollektivdekning langs fv 359.
Teknisk infrastruktur og tenestebehov		Bustadtomt på nordsida av Skyttarvegen vil kome i konflikt med framtidig g/s-veg langs Skyttarvegen.
Trafikktryggleik		Evt. tomter på sørsida av vegen må ha felles utkøyring til Skyttarvegen.
<b>ROS-analyse</b>		
<b>Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)</b>	<b>Menneske- og verksemdsbaserte farar</b>	<b>Kommentar, avbøtande tiltak</b>
Om lag 2,5 daa av arealet sør for vegen består av ein		Skråninga ned mot elva

bratt skråning ned mot elva. Skråninga består av lausmasser (under marin grense) og kan vere rasutsett.

bør ikkje leggest inn som byggeområde.

**Samla vurdering og evt. alternativ**

Arealet på nordsida av vegen bør sikrast til framtidig g/s-veg. Skyttarvegen bør leggest inn med 11 m reguleringsbreidde gjennom området.

Om lag 2,5 daa kan leggest ut som bustadføremål på sørsida av vegen dersom ein halder skråninga utanfor byggeområdet. Bustadtomter i dette området bør planleggast i en reguleringsplan for g/s-veg langs Skyttarvegen slik at endeleg avgrensing av tomter avgjerast når veg og g/s-veg er prosjektert. Heile området som må inngå i ein områdereguleringsplan for utbygging av Kryngleåsen må visast som omsynssone med krav om felles planlegging.

**Konklusjon:**

Det leggest til rette for bustadføremål på toppen av skråninga sør for vegen. Det leggest inn ei omsynssone for området som må inngå i ein områdereguleringsplan for utbygging av Kryngleåsen. Dette arealet må inngå i denne sona.

## NR 16 ROEVEGEN

<b>Dagens formål:</b>	LNF
<b>Foreslått formål:</b>	Bustad
<b>Areal:</b>	6,5 daa
<b>Forslagsstillar:</b>	Torbjørn Lahus



### Omtale av området:

Området består av ein skogledd knaus mellom dyrka mark og småbruket Solvang i Roegrenda. Kommunegrensa mot Nome ligg 100 m frå området.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfald		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Naturbasen</a> ).
Jordvern og naturressursar		Området ligg inntil dyrka mark av høg kvalitet i nordvest (Kilden). Sjølve kollen er kledd med skog av særskilt høg, høg og middels høg bonitet.
Kulturminne og –miljø		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> )
Forureining (klimagassar og andre utslepp)		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljøstatus.no</a> ). Området ligg 4km frå sentrum, men snarveg for gåande og syklende til Breisås over vegen mellom Staurheim-Borgja. Området vil i hovudsak bli bilbasert. Konsekvensene for utslepp blir vurdert som middels negative pga få tomter.
Støy		Området er ikkje utsett for støy.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv		Området blir ikkje nytta til friluftsliv. God tilkomst til friområde rundt.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov, kollektivdekning		4km til sentrum. G/s-veg langs fv 359 og snarveg for gåande og syklende til Breisås over vegen mellom Staurheim-Borgja. Dårlig kollektivdekning langs fv 359. Området ligg utanfor tettstadgrensa for Bø og bustadane vil i hovudsak bli bilbasert.
Teknisk infrastruktur og tenestebehov		Tilkopling til kommunalt v/a-nett er ikkje aktuelt pga for lang avstand i høve til antal tomter.
Trafikktryggleik		Ikkje g/s-veg langs Roevegen, men lite trafikk på vegen fram til

		bustadfeltet Fredsteinbergja. Etter utbygging av dette vil trafikken auke herifrå til fv 359.	
<b>ROS-analyse</b>			
<b>Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)</b>	<b>Menneske- og verksemdsbaserte farar</b>	<b>Kommentar, avbøtande tiltak</b>	
		Ingen kjende farar	

**Samla vurdering og evt. alternativ**

I gjeldande plan ligg det inne framtidig bustadføremål på forslagsstillars eigedom som ikkje er regulert (B11). Dette området ligg meir sentrumsnært, og det ligg til rette for tilkopling til kommunalt v/a-nett for tomtene. Det er i utgangspunktet ønskjeleg å legge til rette for bustadtomter der det er høve til tilkopling til kommunalt v/a. Så lenge det er både regulerte og ikkje regulerte tomter i Roegrenda som ikkje er utbygd, ser ein ikkje grunn til å legge til rette for nye tomter her utan høve til off. vatn og avløpsløyving.

**Konklusjon:**

Området blir ikkje lagt inn som bustadføremål, men vidareførast som LNF-føremål.



## NR 17B BREISÅS - LIAÅSEN

**Dagens formål:** LNF  
**Foreslått formål:** Bustad  
**Areal:** 29 daa  
**Forslagsstillar:** Torbjørn Lahus



### Omtale av området:

Området ligg søraust for Øvreveg i bustadfeltet Breisås, vidare austover i lia mot Liaåsen. Mellom det aktuelle området og bustadane i Øvreveg ligg to skogteigar tilhøyrande Bø kommune og Bø kommunale eigedomsselskap.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfald		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Naturbasen</a> ).
Jordvern og naturressursar		Skog av låg til middels bonitet (Kilden).
Kulturminne og – miljø		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> )
Forureining (klima-gassar og andre utslipp)		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljostatus.no</a> ). Om lag 2,3km til sentrum, men 100m høgdeforskjell. På tross av kort avstand, vil høgdeforskjellen sannsynlegvis gjere området i stor grad bilbasert.
Støy		Området er lite utsett for støy. Trafikk til området vil føre til auka støy langs Bordvegen og Venåsvegen. Bustadane nedst i Bordvegen er mest utsett sidan all trafikk inn i Breisås passerer desse. Støyberekning frå Miljøhygienisk avdeling (2014) syner at det vil vere behov for støydempende tiltak for dei mest utsette bustadane nedst langs Bordvegen ved ei utbygging (gul sone).
Nærmiljø, grøntstruktur,friluftsliv		Denne delen av Breisås blir lite nytta til friluftsliv. God tilkomst til stignettet i Breisås.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov, kollektivdekning		2,3km til sentrum med fortau og g/s-veg. Kollektivdekning på dagtid på kvardagar.

Teknisk infrastruktur og tenestebehov		Området ligg ikkje i tilknytning til eksisterande utbyggingar. Dersom dette området skal byggast ut, må det skje i samanheng med eigedomar rundt. Tilkomst ville vere naturleg frå Øvreveg, kommunal veg.
Trafikktryggleik		Trygg skuleveg gjennom Breisås, og g/s-veg langs heile Venåsvegen/Bordvegen/Borgjavegen ned til sentrum.
<b>ROS-analyse</b>		
<b>Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)</b>	<b>Menneske- og verksemdsbaserte farar</b>	<b>Kommentar, avbøtande tiltak</b>
Området ligger rett over marin grense		Ingen kjende farar.

#### Samla vurdering og evt. alternativ

Dersom eksisterande bustadfelt i Breisås skal utvidast, bør dette konsentrerast til ein plass. Innspel nr 20 og dette innspelet blir difor vurdert opp mot kvarandre.

Området ligg vendt mot nord og aust, og tomter her vil ha mindre attraktive sol- og utsiktstilhøve enn i innspel nr 20. Gjennomføringsrealismen blir også vurdert som større for innspel nr 20 fordi området ligg på ein eigedom, og grunneigar har foreslått utbygging her saman med entreprenør som er klare til å regulere området umiddelbart.

Innspelet får få negative konsekvensar for samfunn og miljø. Det ligg føre eit anna innspel om utbygging i Breisås, innspel nr 20. Dersom ein skal legge til rette for ytterlegare utviding av bustadområdet, bør dette skje i den retningen som dei antatt mest attraktive tomtene vil ligge.

#### Konklusjon:

Innspelet blir ikkje lagt inn i kommuneplanens arealdel.


## NR 18 OG 33 LANGKÅS

**Dagens formål:** LNF

**Foreslått formål:** Bustad

**Areal:** Nr 18: 0,9 daa, nr 33: 2,1 daa

**Forslagsstillar:** Nr 18: Åse Gunn Djubskås Kavli, nr 33: Kjell Arne Sjøfteland



### Omtale av området:

Innspelet gjeld totalt tre eldre tomter på dyrka mark inn mot Oterholtvegen på Langkåshaugen. Nr 18 vart delt frå i 1961, og dei to tomtene i nr 33 vart delt frå i 1942 og 1948. Tomtene ligg i eit større, samanhengande område med dyrka mark på Langkåshaugen.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfald		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Naturbasen</a> ).
Jordvern og naturressursar		Bustadbygging på dei tre tomtene vil i tillegg til å beslaglegge dyrkbar (nr 18) og dyrka mark av svært god jordkvalitet (nr 33) (Kilden) bidra til oppsplitting av eit samanhengande område med dyrka mark. Tomtene på nr 33 bør flyttast og gjerast mindre for å mimimere dei negative konsekvensane for dyrka mark.
Kulturminne og – miljø		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> )
Forureining (klimagassar og andre utslepp)		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljostatus.no</a> ). Sentrumsnært og 1,4km til Folkestad skule, d.v.s ikkje bilbaserte tomter.
Støy		Støysoner er ikkje vist for Oterholtvegen (fv 155) i støyvarselkart frå Statens vegvesen. To av tomtene blir liggande inntil veggen og blir eksponert for støy frå denne.
Nærmiljø, grøntstruktur, friluftsliv		Området blir ikkje nytta til friluftsliv. Tilgang til vinterløyper over jordet rett ved og turstignett langs Bøelva.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov, kollektivdekning		Bøbussen passerer på dagtid kvar dagar. 2km til sentrum langs Oterholtvegen. Fortau langs Oterholtvegen startar hhv. 100 og 250m frå tomtene.

Teknisk infrastruktur og tenestebehov		Påkopling til v/a kan skje langs Oterholtvegen, rett ved tomtene.
Trafikktryggleik		Tomtene på nr 33 må få felles tilkomst med g/bnr 41/6. Nr 18 har avkøyringsløyve frå Statens vegvesen. Fartsgrense 50 km/t på Oterholtvegen ved avkøyring.
<b>ROS-analyse</b>		
<b>Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)</b>	<b>Menneske- og verksemdsbaserte farar</b>	<b>Kommentar, avbøtande tiltak</b>
		Ingen kjende farar

#### **Samla vurdering og evt. alternativ**

Dei negative konsekvensane for dyrka mark av dei to innspela må vegast opp mot det faktum at tomtene er frådelt og tinglyst med tanke på bygging. Eigarane har oppfatta tomtene som klarerte bustadtomter i alle år. Eigaren av tomtene på nr 33 har fått fleire tilbod om kjøp, men har spart dei til neste generasjon.

Området er ikkje regulert, og tomtene har ikkje vore vist som bustadføremål i kommuneplanen. Arealføremål for tomtene har ikkje vore drøfta tidlegare pga at eldre kommuneplanar var svært grovmaske.


Omsynet til historikken bak tomtene bør vege tyngst når det gjeld dei to innspela, men tomtene på nr 33 bør flyttast og reduserast for å redusere dei negative konsekvensane for dyrka mark.

#### **Konklusjon:**

Innspele nr 18 leggst inn som bustadføremål med dagens grenser. Tomtene på nr 33 flyttast inn mot tunet og må få felles avkøyring med tunet.

## NR 20 BREISÅS

<b>Dagens formål:</b>	LNF, viktig friluftsområde
<b>Foreslått formål:</b>	Bustad
<b>Areal:</b>	70 daa
<b>Forslagsstillar:</b>	Eivind Eckbo/Midt-Telemark entreprenør



### Omtale av området:

Forslaget gjeld utviding av bustadområdet Breisås mot syd. Bustadområdet huser i dag om lag 600 einebustadar/rekkehus/sjølvstendige leilegheiter, men totalt 950 bustadeiningar når registrerte sokkelleilegheiter og Breisås studentheim reknast med. Det ligg ein barnehage midt i Breisås. Tilkomst til Breisås går over Borgjabrua ved Bø stasjon. Området ligg på neste høgdeplatå, 20-50m høgare enn Breisås syd. Dagens arealbruk er skog. Hovudtilkomsten til stignettet i Breisås går gjennom området.



Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtende tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfold og landskap		Ingen kjende verdier ( <a href="#">Naturbasen</a> ). Store delar av området har hellingsgrad 15-25 grader. Dette er svært bratt terreng å bygge i utan å få skjemmaende fyllingar og skjeringar. Det bratte partiet ned mot eksisterande bustadar er ikkje eigna som byggeområde.
Jordvern og naturressursar		Jordvernomsyn ikkje relevant . Middels- og lågbonitet skog (Kilden).
Kulturminne og –miljø		Automatisk freda kulturminne (spor etter busetting, tre nedgravingar, id 92567) søraust i området ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> ). Nøyaktig lokalisering av kulturminnet og framtidige vern/bruk må avklarast i reguleringsplan.
Forureining (klimagassar og andre utslepp)		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljøstatus.no</a> ). Pga høgdeforskjell på om lag 130m frå Bø stasjon vil området sannsynlegvis i stor grad bli bilbasert på tross av avstand på 2,2 km til sentrum. Skuleveg gjennom Breisås er godt tilrettelagt for å gå/sykle til barne- og ungdomsskule.
Støy		Området er lite utsett for støy. Trafikk til området vil føre til auka støy langs Bordvegen og Venåsvegen. Bustadane nedst i Bordvegen er mest utsett sidan all trafikk inn i Breisås passerer desse. Støyberekning frå Miljøhygienisk avdeling (2014) syner at det vil vere behov for støydempande tiltak for dei mest utsette bustadane nedst langs Bordvegen ved ei utbygging (gul sone).
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv		Området ligg innanfor eit viktig friluftsområde i gjeldande plan. Hovudtilkomsten til Breisåsskogen går gjennom området. Denne er svært mykje nytta, først og framst som nærfriluftsområde for Breisås, både til fots, med sykkel og med ski. Det er store friluftsområde vidare oppover, men ved stadig utviding av bustadfeltet i høgda, blir tilgangen til nærfriluftsområde for nedre delar av Breisås forringa. Tomtene bør leggast aust for tilkomstveg inn til eit evt. nytt felt. Bratt skråning nordvest i innspelet er for bratt til å bebyggast, og bør utgjere eit grønt belte mot eksisterande bustadar. God tilgang til friluftsområde for nye bustadar og framtidig kvartalsleikeplass for Breisås syd rett nord for området. Buffer bør bevarast mot sti som går langs området i sør.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov, kollektivdekning		Området ligg 2,2 km frå sentrum, og 2,7km frå barneskulen, dvs skuleskys berre for 1.klasse. Med 130 m høgdeforskjell frå Bø sentrum, vil sannsynlegvis feltet i stor grad bli bilbasert på tross av akseptabel sykkelavstand. Bøbussen passerer rett ved feltet på dagtid kvardagar.
Teknisk infrastruktur og tenestebehov		Årsdøgntrafikk (ÅDT) på Borgjabrua er 3250 (Statens vegvesen 2014). Horisontal kurvatur og stigningstilhøve for vegen nord for brua innfrir ikkje heilt krava for i vegnormal N100 (vegklasse Sa2). Brua og vegen nord for brua er opprusta med utbetra, adskilt g/s-løysing i seinare tid. Trafikkflyt og trafikktryggleik blir vurdert som tilfredsstillande med dagens trafikkmengde. Foreslått utbygging vil sannsynlegvis bety auke i trafikken med om lag 10-15%. Dette kan føre til opphoping i kryss ved Lundevegen-Rema 1000 på den travlaste ettermiddagstida. Tilkomst til området bør gå inn frå snuplass for buss ved Breisås syd og sørover. For å få gunstige stigningstilhøve blir det sannsynlegvis naudsynt å legge vegen i sving mot søraust før den kjem inn i området. Dagens høgdebasseng i Breisås vil ikkje kunne nyttast, og det vil vere behov for nytt høgdebasseng på om lag kote 240, d.v.s. om lag 500m innover i åsen. Nytt høgdebasseng treng tomt på om lag 0,5 daa. Kostnader tilutbygging av infrastruktur til feltet, inkludert nytt høgdebasseng, må dekkast av utbygger. Utbygging av Breisås syd har ført til problem med overvatn. Ved

		ytterlegare utbygging med meire tette flater oppover i skogen, vil det bli enno mindre naturleg fordrøying ved store nedbørsmengder. Barnehage ligg sentralt i Breisås, under 1km frå området.
Trafikktryggleik		Trygg skuleveg gjennom Breisås, og g/s-veg langs heile Venåsvegen/Bordvegen/Borgjavegen ned til sentrum. Brøyta beredskapsveg mellom Breisås og Roevegen vil gje heilårs snarveg for gåande og syklende frå Roevegen til Breisås og Bø sentrum.
<b>ROS-analyse</b>		
<b>Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)</b>	<b>Menneske- og verksemdsbaserte farar</b>	<b>Kommentar, avbøtande tiltak</b>
	I dag er det berre ein veg for utrykningskøyrety inn i Breisås: på bru over jernbanelina ved Bø stasjon. Dette gjer området sårbart ved ei evt. hending ved stasjonen som gjer at brua ikkje kan nyttast.	Forslagsstillar har inngått avtale med grunneigarane på Borgja og Staurheim om at traktorvegen mellom dei to gardane kan nyttast som beredskapsveg slik at ein kan kome ut og inn av Breisås utan å vere avhengig av Borgjabrua. Istandsetting av vegen til dette føremålet må setjast som rekkefølgekrav.
Delar av området har ei hellingsgrad på 15-25 grader, men området ligg over marin grense.		



### **Samla vurdering og evt. alternativ**

Ein av grunnane til at Breisås i dag er eit attraktivt bustadfelt, er friluftsområdet tett på - med stigsamband nedover i feltet. Tilgang til nærfriluftsområde vil bli dårlegare fordi «markagrensa» blir stadig lenger unna bustadane. Eit avbøtande tiltak for å redusere dei negative konsekvensane i høve til friluftsliv vil vere å forskyve området mot nordaust. Slik kan hovudvegen inn i området utgere yttergrensa for bustadane og fungere som tilkomst til skogen innafor.

Avstand frå sentrum kombinert med stigningstilhøva gjer at tomtene i dette området truleg i stor grad vil bli bilbasert. Eit unntak frå dette kan vere skuleborn, da gangvegssystemet gjennom Breisås fram til Bø skule er godt tilrettelagt.

Etter vegvesenet sine vegnormalar er ikkje kurvatur og lineføring på brua og vegen nord for denne ideell. Auking av trafikkmengda tilsvarande 70-80 bustadar blir likevel ikkje vurdert å vere problematisk utifrå erfaringar med trafikkflyt på strekninga i dag. Løysing for gåande og syklande fungerer godt. Dersom ein skal oppnå breidde og kurvatur i tråd med vegnormalen, må det sannsynlegvis byggast eigen gangbru. På bakgrunn av vurderingane ovanfor vert det ikkje vurdert som naudsynt å krevje ny bru som følgje av ei ny utbygging.

Gjennom reguleringsplan må det gjerast nærare utgreiingar av evt. behov for støyskjerming av dei mest utsette bustadane langs hovudtilkomsten inn i Breisås (Borgjavegen/Bordvegen) og evt. tiltak for å tilfredsstillte støykrava må innarbeidast som rekkefølgjekrav før utbygging. For å sikre at utrykningskøyrety kan kome inn i området dersom Borgjabrua ikkje kan nyttast, må traktorvegen mellom Borgja og Staurheim opprustast slik at den kan nyttast av utrykningskøyrety før ei evt. utbygging. Dette må setjast som rekkefølgjekrav til området.

Større parti innafor området er så bratt at det ikkje er eigna til tomteareal utan at det vil bli store skjeringar og fyllingar i samband med bygging av infrastruktur. Høgaste punktet bør av landskapsomsyn ikkje bebyggast og bør haldast utanfor bustadfeltet.

Nytt høgdebasseng må etablerast eit stykke lenger inn i skogen for å få tilstrekkeleg høgde. Bassenget bør etablerast langs eksisterande traktorveg slik at ny anleggsveg ikkje vert naudsynt. Det er ikkje naudsynt med bilveg fram til eit høgdebasseng, dvs at eksisterande traktorveg må kunne nyttast utan opprusting til bilvegstandard. Det må leggjast inn føresegnar som sikrer at overvatn blir handtert tilfredsstillande.

Breisås er eit attraktivt bustadfelt, og fleire tomter her ville sannsynlegvis vere populære i marknaden. Gjennomføringsrealismen for dette området blir vurdert som god, i og med at det ikkje er tunge rekkefølgjekrav som må på plass før ei utbygging, og at området berører berre ein grunneigar.


Alternativ utviding av bustadfeltet i Breisås lenger aust er vurdert i innspel 17b. Dette blir vurdert som eit mindre attraktivt tomteområdet og med dårlegare gjennomføringsrealisme. Dersom Breisås skal utvidast ytterlegare med tilkomst frå Borgjavegen, blir dette vurdert som det beste alternativet. Ved førre rullering vart det konkludert med at ytterlegare utviding bør skje med tilkomst frå Roevegen. Dette ønskjer ikkje grunneigar, d.v.s. at utviding frå denne kanten ikkje er realistisk. Andre realistiske, gode alternativ til utviding av Breisås med attraktive tomter ser ikkje ut til å vere til stades.

### **Konklusjon:**

Det leggjast inn eit bustadområde på om lag 80 daa som ei utviding av Breisås mot sør og eit mindre areal til høgdebasseng på kote 240 inntil eksisterande traktorveg. Ein del av dette arealet vil ikkje kunne byggast ut p.g.a. hellingsgrad og behov for bevaring av landskapselement. Det leggjast inn føresegnar om at beredskapsveg mot Roevegen må vere opparbeidd som beredskapsveg før utbygging kan starte.

## NR 22A,B,C OG 30 KLOKKARÅSEN

<b>Dagens formål:</b>	LNF
<b>Foreslått formål:</b>	Bustad
<b>Areal:</b>	140 daa
<b>Forslagsstillar:</b>	Olav Sæther, Halvor Forberg, Geir Bø og Halvor Bø



### Omtale av området:

I gjeldande plan ligg eit større framtidig bustadområde B7. Innspela gjeld utviding av området mot sør og vest på område som i dag er LNF-område. Innspel nr 30 er innspel om ei mindre justering av området mot aust. Heile dette skogkledde og ubygde området er kalla Klokkaråsen i denne planen. Området ligg mellom eksisterande bustadar langs Stadskleivvegen i aust, Skyttarvegen i nord og travbanen i vest.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfald og landskap		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Naturbasen</a> ). Eit bekkedrag går gjennom området frå nordvest til søraust. Dette bekkedraget må haldast utanfor eit evt byggeområde, både av omsyn til naturmangfald og samfunnsstryggleik, i tillegg til at det vil vere lite attraktive tomter nede i kløfta. I reguleringsplan må det leggast vekt på bevaring av landskapsilhouettar på dei høgaste partia.
Jordvern og naturressursar		Nordlege delar av området ligg på ei breelavsetning (Nordbømogane). Sand- og grusressursen er vurdert som lite viktig i NGU sin grus- og pukkdatabase. Travbanen legg beslag på ein stor del av avsetninga, og to mindre grutak ligg nord for det aktuelle arealet.
Kulturminne og -miljø		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> )
Forureining		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljøstatus.no</a> ). Frå den delen av området som ligg

(klimagassar og andre utslepp)		nærast Stadskleivvegen er det 2,3km, mens frå lengst sør i området er det om lag 3,5 km til sentrum og 4km til barneskulen. Lengst sør er det i tillegg 110m høgdeforskjell frå det lågaste punktet i nord. Dvs at den sørlegaste delen av området i hovudsak vil bli bilbasert. Ved ei så stor utbygging som ligg i dette innspelet, blir dei negative konsekvensane for klimagassutslepp frå eit bilbasert bustadfelt vurdert som store. Feltet bør difor avgrensast slik at områda lengst frå sentrum takast ut.
Støy		Drift av grustak i R8 kan medføre støy for bustadfeltet. Det bør ikkje leggst opp til bustadtomter tett inn mot grustaket. Store delar av avsett grustak er tatt ut. Terrenget tilseier at det vil bli minst 100 m avstand til næraste bustad, men bustadane vil bli liggande høgare enn grustaket og støy ber oppover. Konsekvensen av støy frå grustaket er usikker. Området ligg utanfor støysona til skyttarbanen. Bø skyttarlag stadfestar i innspel nr 47 at omsyn til støy frå skyttarbanen ikkje skal vere relevant tema utanfor avsett støysone.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv		Bekken med bufferzone må setjast att. Frå bustadar i dette området vil det vere tilgang til store friluftsområder tett på.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov, kollektivdekning		Sørlege del av innspelet ligg om lag 3,5km frå sentrum, og det er 110m i høgdeforskjell frå det lågaste punktet i B7 og heilt øvst i området. For område lenger enn 4km langs veg til skulen vil det bli krav om skuleskys. Den delen av området som ligg lengst frå sentrum bør ikkje leggst ut som bustadområde i denne omgang.
Teknisk infrastruktur og tenestebehov		Området bør p.g.a. storleiken ha tilkomst både frå Skyttarvegen og Stadskleivvegen, men sannsynlegvis utan gjennomkøyring internt i feltet. Fordeling av bustadar til dei to tilkomstene må avklarast gjennom områderegeringsplan. Skyttarvegen må rustast opp og få g/s-veg før utbygging. Vegen er kommunal og har uansett utbygging eit behov for opprusting p.g.a auka trafikk til idrettsanlegga på Nordbøåsen. Tilkomst frå Stadskleivvegen ligg naturleg til ved g/bnr 55/36. Tilkomst frå Skyttarvegen vil vere naturleg frå innkøyring til dagens to grustak. Behov for trykkforsterkar for vatn jf. hovudplan for vatn og avløp. Tiltak for å få tilstrekkeleg vassforsyning må påreknast. V/a til idrettsanlegg på Nordbøåsen kan leggst i vegen ved opprusting av Skyttarvegen.
Trafikktryggleik		Veirudkrysset må utbetrast for å tole ei større utbygging. Det bør setjast rekkefølgekrav om at dette skjer før ei utbygging. Vidare må det etablerast g/s-veg langs Skyttarvegen.
<b>ROS-analyse</b>		
<b>Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)</b>	<b>Menneske- og verksemdsbaserte farar</b>	<b>Kommentar, avbøtande tiltak</b>
Området ned mot bekken kan vere ras- og flaumutsett.		Bekkekløfta med skråningane ned mot denne leggst ikkje som byggeområde.
Auka avrenning av overvatn frå feltet etter ei utbygging		I reguleringsplan må handtering av overvatn vere tema.
	Eit så stort bustadområde bør ha høve til to vegar inn og ut av området i ein naudsituasjon.	Tilkomst bør regulerast både frå Skyttarvegen og frå Stadskleivvegen.

**Samla vurdering og evt. alternativ**

Klokkaråsen er eit eigna område for utvikling av attraktive bustadtomter utan konflikt med dyrka mark. Ein del av området i innespelet ligg opp mot 4km frå barneskulen, i tillegg til at det er store høgdeforskjellar frå nedst i området til heilt sør i området. Det er eit gjennomgåande krav i rulleringa at større bustadområde skal ligge i g/s-avstand til Bø sentrum. Det er ikkje lagt ut større område lenger unna enn 3 km. Området er difor avgrensa i hovudsak slik at det ligg innafor 3km avstand til sentrum. Unntatt frå dette er vestlege del av området, der terrenget ligg godt til rette for utbygging på ei flate som strekk seg noko lenger ut enn 3km-grensa.

Området på nordsida av Krynglevegen vil stort sett vere lite attraktivt som bustadtomter og bekkeløfta i nordlege del av området må ivareta som grøntområde.

Heile arealet som blir sett av til bustadføremål i dette området bør planleggast heilskapleg i ein områderegeringsplan saman med Skyttarvegen med g/s-veg. I denne bør infrastrukturen planleggast slik at det er høve til å utvide området sørover i ein seinare fase. Det bør leggast inn omsynssone med krav om felles planlegging for heile bustadområdet med Skyttarvegen.

Delar av terrenget inne i området har ei helningsgrad som tilseier at det ikkje bør byggast her. Dette må avklarast nærmare i reguleringsplan. Området opp på kanten av lia ned mot Stadskleivvegen i søraust er svært eksponert. I reguleringsplan må det vurderast kor nær kanten det kan byggast og korleis landskapssilhouetten kan best kan bevarast.

**Konklusjon:**

Framtidig bustadområde B7 i gjeldande plan vert utvida med delar av innspela 22a,b,c og med nr 30. Totalt areal på framtidig bustadområde på Klokkaråsen vert om lag 170daa. Tilkomst til området vert frå Skyttarvegen og Stadskleivvegen. Det knytast rekkefylgjekrav om omlegging av Veirudkrysset og etablering av g/s-veg langs Skyttarvegen før utbygging. Omsynssone med krav om felles planlegging leggast inn for Klokkaråsen, Skyttarvegen og nye bustadtomter langs vegen ned til Veirudkrysset.

## NR 31 NISTÅSNABBEN

<b>Dagens formål:</b>	LNF
<b>Foreslått formål:</b>	Bustad
<b>Areal:</b>	16,5 daa
<b>Forslagsstillar:</b>	Halvor Bø



### Omtale av området:

Nistås ligg som ei skogkledd øy i kulturlandskapet, og Niståsnabben utgjer nordlege del av denne. Området ligg inn mot eit verdifullt kulturlandskap på Nordbøåsen. Nistås er spreidd utbygd med 4 bustadar.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfald		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Naturbasen</a> ).
Jordvern og naturressursar		Området ligg tett på dyrka mark av svært god jordkvalitet (Kilden) og eit viktig kulturlandskap. Krav til utforming og plassering av bygg i reguleringsplan blir viktig for å ikkje redusere verdien av kulturlandskapet.
Kulturminne og – miljø		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> )
Forureining (klimagassar og andre utslipp)		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljøstatus.no</a> ). Området ligg sentrumsnært, men utan kollektivdekning. Med berre 2km til sentrum bør området likevel ikkje bli bilbasert.
Støy		Området er ikkje utsett for støy.
Nærmiljø, grøntstruktur, friluftsliv		Det aktuelle området blir lite nytta til friluftsliv. Nistås er ein grønn øy i kulturlandskapet på Nordbøåsen og ved Skyttarvegen.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov, kollektivdekning		2km til sentrum, men inga kollektivdekning.
Teknisk infrastruktur og tenestebehov		Kyrkjevegen ligg i dag som ein enkel grusveg med om lag 4m breidde gjennom eit viktig kulturlandskapsområde og med ein verdifull allé ved Nerbø. Det er ikkje ønskeleg å tillate ei større utbygging som krev omfattande opprusting av Kyrkjevegen. Ei utbygging på 16,5 daa vil krevje ei opprusting. Arealet må reduserast av omsyn til Kyrkjevegen.



		V/a kan hentast frå kommunal leidning ved Mørk eller mellom jernbanen og fv 359. Utbygging av ein huskrull her kan gje tilkopling til kommunalt v/a-nett for eksisterande bustadar som ikkje er tilkoplta i dag.
Trafikktryggleik		Kortaste veg til sentrum er langs Kyrkjevegen om Bø kyrkje. Det er berre langs dei om lag 250 siste metrane ned mot Gullbringvegen at det er fortau langs Kyrkjevegen. Kyrkjevegen er lite trafikkert, men ved ei utbygging av det omfanget som ligg i innspelet vil trafikken auke betydeleg og trafikktryggleiken forverrast. G/s-veg eller fortau langs Kyrkjevegen frå kyrkja til Gullbringvegen bør leggest som rekkefølgjekrav før ei større utbygging. Raskaste veg til sentrum frå området vil vere over kyrkjehaugen, og det blir difor ikkje vurdert som riktig å knytte rekkefølgjekrav om omlegging av Veirudkrysset til denne utbygginga.
<b>ROS-analyse</b>		
<b>Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)</b>	<b>Menneske- og verksemdsbaserte farar</b>	<b>Kommentar, avbøtande tiltak</b>
Utbygging av feltet kan gi overvatnproblem og utglidning i jorda på begge sider av Kyrkjevegen.		Handtering av overvatn frå feltet må vere tema i reguleringsplan.
Området ned mot Kyrkjevegen er bratt hellingsgrad (10-15 grader).		Den bratte skråninga ned mot Kyrkjevegen leggest ikkje inn som byggeområde.

#### Samla vurdering og evt. alternativ

Det ligg eit potensiale for ei framtidig større utbygging på Nistås enn det som ligg i forslaget. Området er svært sentrumsnært, solrikt og vil kunne gje attraktive tomter. Ved ei større utbygging må anna tilkomst vurderast for å unngå store negative konsekvensar for det verdifulle kulturlandskapet nord og aust for Nistås. Det bør difor berre opnast for ei mindre utbygging her som ikkje krev omfattande opprusting av Kyrkjevegen.

Med ein mindre utbygging på om lag 4 bustader, bør tilkomstveg vere privat. Sjølv med ei mindre utbygging vil det vere behov for enkel opprusting (grøfting, grusing, overvasshandtering) av Kyrkjevegen. Nivået på opprustinga og evt behov for etablering av møteplass må avklarast i reguleringsplan og utbyggingsavtale.

Området bør avgrensast til om lag 4 daa for å legge til rette for ønskja storleik på utbygginga. Bustadane bør i hovudsak leggest i tilknytning til eksisterande bustader vest for vegen for å unngå oppsplitting av området. Det bør bevarast ei buffersone mot dyrka mark.

Etablering av g/s-veg eller fortau langs Kyrkjevegen opp til Bø kyrkje er eit prioritert tiltak i trafikktryggleiksplan for Bø kommune. For ei mindre utbygging på 4 daa, vert det ikkje vurdert som naudsynt å krevje at g/s-vegen/fortauet skal vere utbygd før utbygging av desse tomtene.

#### Konklusjon:

Det leggest inn eit område på om lag 4 daa til bustadføreml på Niståsnabben, i hovudsak i tilknytning til eksisterande bustader. Tilkomstveg til området skal regulerast som privat veg.

## NR 36 FOLKESTADFELTET, FELT E

<b>Dagens formål:</b>	LNF
<b>Foreslått formål:</b>	Bustad
<b>Areal:</b>	11 daa
<b>Forslagsstillar:</b>	Hans og Ivar Haugen



### Omtale av området:

Området ligg på ei skogkledd lita høgd mellom p-plassen ved Sommarland og Folkestad bustadfelt, felt E. Forslagsstillar ønskjer å legge ut 4 tomter her.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfald		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Naturbasen</a> ).
Jordvern og naturressursar		Skog med låg til middels bonitet.
Kulturminne og – miljø		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> )
Forureining (klimagassar og andre utslepp)		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljøstatus.no</a> ). Området ligg 4,5km frå sentrum og 130 m høgdeforskjell. Kollektivtilbod før kl17 på kvardagar og ikkje i helgene. 3km til barneskule og 200m til barnehage. G/s-veg er under bygging fram til sentrum, men området vil sannsynligvis bli bilbasert. Dei negative konsekvensane for klimagassutslepp blir likevel berre vurdert til middels negative pga få tomter.
Støy		Området er utsett for støy frå p-plassen til Sommarland. Kollen med skog kan fungere som ein støyskjerm for dagens bustadar langs Trytetjønnvegen, slik at desse kan bli meir utsett for støy ved ei utbygging.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv		Området blir lite nytta til friluftsliv, men hovudinnfallsporten til turstigane på Folkestadåsane ligg rett ved og gir god tilgang til turområdet.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov, kollektivdekning		4,5km frå sentrum og 130 m høgdeforskjell. Kollektivtilbod på dagtid kvardagar. 3km til barneskule og barnehage 200m frå.
Teknisk infrastruktur og		Tilkomstveg frå den kommunale Trytetjønnvegen rett ved. Tilkobling til v/a rett ved. Privat trykkforsterkar kan bli naudsynt i kvar bustad.



tenestebehov		
Trafikktryggleik		G/s-veg ned til Folkstadvegen i dag, og g/s-vegen fram til sentrum er under bygging. Tomtene må få felles avkøyring frå Trytetjønnevegen.
<b>ROS-analyse</b>		
<b>Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)</b>	<b>Menneske- og verksemdsbaserte farar</b>	<b>Kommentar, avbøtande tiltak</b>
Utbygging av feltet kan gi overvatn-problem og utglidning i jorda på begge sider av Kyrkjevegen.		Handtering av overvatn frå feltet må vere tema i reguleringsplan.

#### Samla vurdering og evt. alternativ

Folkestadfeltet ligg innafør grensa for tettstaden Bø. Barnehage ligg tett på feltet, og det er 3km til Folkestad skule med g/s-veg. Tomtene vil sannsynlegvis likevel i høg grad bli bilbaserte pga avstand og høgdeforskjell til sentrum. Det ligg godt til rette for utbygging m.o.p. kommunalteknisk infrastruktur og barnehage. Det er ingen tunge rekkefylgjekrav som må innfriast før utbygging, og dette gjer at det kan vere mogleg å tilby relativt rimelege tomter her, noko som kan forsvare ei forsiktig utviding av feltet.

Den vesle høgda kan virke skjermende for støy frå p-plass ved Sommarland i dag, men ved ei evt. hogst av området vil denne skjermen uansett forsvinne. Bustadane innafør området vil ligge eksponert ut mot p-plass ved Sommarland, og tomtene bør difor leggast inn mot Trytetjønnevegen.

#### Konklusjon:

Det setjast av eit om lag 4 daa stort framtidig bustadområde langs Trytetjønnevegen.

## NR 38 SANDBREKKA

<b>Dagens formål:</b>	LNF
<b>Foreslått formål:</b>	Bustad
<b>Areal:</b>	11,5 daa
<b>Forslagsstillar:</b>	Arthur Bø



### Omtale av området:

Innspelet gjeld utviding av eksisterande huskrull ved Lifjellvegen med 5-6 tomter. I dag ligg tre bustadar i den vesle krullen, og ytterlegare tre tomter er fråskild i tilknytning til desse.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfald		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Naturbasen</a> ).
Jordvern og naturressursar		Ikkje dyrkbar jord. Skog av middels, høg og særst høg bonitet (Kilden).
Kulturminne og – miljø		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> )
Forureining (klimagassar og andre utslepp)		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljøstatus.no</a> ). 5,5km til sentrum, 2km til barneskule og barnehage og 5,3km til ungdomsskule. Bustadområdet vil i hovudsak vere bilbasert. Dei negative konsekvensane av dette blir vurdert som middels negative p.g.a. få tomter.
Støy		Området ligg 50-200m oppover i terrenget frå Lifjellvegen. Støysone for Lifjellvegen er ikkje vist i støyvarselkart frå Statens vegvesen. Arealet nærast vegen bør ikkje leggjast som bustadområde.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv		Området er lite nytta til friluftsliv. Tilkomst til lysløypa rett ved.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov, kollektivdekning		Bøbussen går frå Lifjellvegen/Eikavegen på dagtid på kvardagar. Inga kollektivdekning i helgene. G/s-veg til Bø sentrum ferdigstillast i 2015. Området ligg utanfor tettstadgrensa for Bø og vil i hovudsak bli bilbasert.
Teknisk infrastruktur og		Kommunalt v/a-nett med kapasitet ligg inntil eksisterande bustadar. Privat trykkforsterkar vil vere naudsynt i kvar bustad. Bustadområdet

tenestebehov		bør trekkast utanfor 50m byggegrense til Lifjellvegen.
Trafikktryggleik		ikkje g/s-veg langs Lifjellvegen ned til kryss med Eikavegen. Lysløyppa kan nyttast.
<b>ROS-analyse</b>		
<b>Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)</b>	<b>Menneske- og verksemdsbaserte farar</b>	<b>Kommentar, avbøtande tiltak</b>
Auka avrenning av overvatn frå feltet etter ei utbygging		I reguleringsplan må handtering av overvatn vere tema. Området ligg over marin grense.

#### Samla vurdering og evt. alternativ

Det ligg godt til rette for bustadtomter i tilknyting til eksisterande huskrull m.o.p. kommunaltekniske anlegg. Omfanget av utbygginga bør likevel avgrensast til 3 nye tomter, i tillegg til dei 6 som er i området frå før. Feltet vert i hovudsak bilbasert, og bør ha eit beskjedent omfang. Med utviding med tre nye tomter vil det ikkje vere krav om reguleringsplan.


Tomtene bør leggast i tilknyting til eksisterande tomter mot nord.

#### Konklusjon:

Eksisterande huskrull utvidast med om lag 3 daa.

## NR 39 TANGEN

<b>Dagens formål:</b>	LNF
<b>Foreslått formål:</b>	Bustad
<b>Areal:</b>	5 daa
<b>Forslagsstillar:</b>	Sigbjørn Vegheim



### Omtale av området:

Bustaden på det tidlegare gardsbruket Tangen ligg som LNF-føremål mellom bustadtomter og Sanda campingplass. Grunneigar ønskjer å endre føremålet på det arealet som er att av eigeienden til bustadføremål og dele frå to tomter søraust i området, i bakkant av eksisterande bustadar. PTN-utvalet ga i sak 144/10 klarsignal til grunneigar til å setje i gang med omregulering for å legge til rette for to bustadtomter, men det har ikkje kome forslag til reguleringsendring etter dette.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfald		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Naturbasen</a> ).
Jordvern og naturressursar		Dyrkbar jord (Kilden).
Kulturminne og – miljø		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> )
Forureining (klimagassar og andre utslepp)		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljostatus.no</a> ). Området ligg 10 km frå sentrum. Bussavgang kvar time rett ved. Området blir bilbasert, men konsekvensane blir vurdert som små for to nye tomter.
Støy		Området vil vere utsett for støy frå campingplassen på sommarstid.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv		Korteste avstand mellom tomtene og Bøelva er 45m, men mellom tomtene og elva ligg eksisterande bustadar. Innspelet blir difor ikkje vurdert å ha negative konsekvensar for friluftsliv. I gjeldande plan ligg det bustadføremål på passasjen mellom bustadtomtene g/bnr 31/18 og 31/14. Her bør det sikrast passasje for ålmenta.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov, kollektivdekning		Området ligg 10 km frå sentrum. Bussavgang kvar time rett ved. Krav til skuleskyss.

Teknisk infrastruktur og tenestebehov		Tomtene skal knyttast til kommunal vassledning rett ved og avløp knyttast til eksisterande avløpsanlegg for Sanda camping. Vegtilkomst fram til tomtene frå regulert veg fram til naboeigedom må avklarast i reguleringsplan.
Trafikktryggleik		Gangsamband frå campingsplass og intern veg til busstopp ved Rv 36. G/s-veg vestover til tidlegare Emils Auto, men ikkje austover langs Rv 36. Konsekvensane for to tomter vert likevel vurdert som små.
<b>ROS-analyse</b>		
<b>Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)</b>	<b>Menneske- og verksemdsbaserte farar</b>	<b>Kommentar, avbøtande tiltak</b>
Området ligg 5-6 meter høgare enn Bøelva og frå 45-75 m unna. Etter at flaumvoll vart bygd langs tangen, har det ifølgje grunneigar ikkje vore flaum innover området.		Reell flaumfare og evt sikringstiltak må avklarast gjennom reguleringsplan.

#### Samla vurdering og evt. alternativ

Dei negative konsekvensane ved fortetting i bakkant av eksisterande bustader med to bustadtomter vert vurdert som små. Reell flaumfare må avklarast gjennom reguleringsplan.

Bustadføremål i gjeldande plan mellom bustadtomtene g/bnr 31/18 og 31/14 bør utgå for å hindre nedbygging av passasje ut mot elva.

#### Konklusjon:

Det vert lagt til rette for fortetting mellom Sanda Camping og eksisterande bustad på g/bnr 31/7 og bustadomt g/bnr 31/18. Eksisterande bustad på g/bnr 31/7 vert lagt til bustadføremål. Omsynssone for flaumfare leggast på området slik at avklaring av reell flaumfare vert sikra ved endring av gjeldande reguleringsplan for området.

## NR 43 EIKAMOGANE

<b>Dagens formål:</b>	LNF
<b>Foreslått formål:</b>	Fritids- og turistføremål
<b>Areal:</b>	125 daa
<b>Forslagsstillar:</b>	Bø Camping



### Omtale av området:

Innspelet gjeld tilrettelegging for etablering av Høyt & lavt klatrepark i tilknytning til Bø Camping og Bø Sommarland. Området er ein furumo som ligg inn mot Bø Camping, med tilkomst frå Lifjellvegen. Dagens arealbruk er skog.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfald		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Naturbasen</a> ). I nordenden berører forslaget eit område med kvartærgeologiske verneverdiar. Det er ikkje planlagt bygg i området utover eit servicebygg lenger sør i området, og klatreløyper vil ikkje vere i konflikt med verneverdiane. Ved etablering av ein turistattraksjon i området kan ein legge til rette for formidling av informasjon om verneverdiane.
Jordvern og naturressursar		Ikkje dyrkbar jord. Skog av middels og høg bonitet (Kilden).
Kulturminne og – miljø		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> )
Forureining (klimagassar og andre utslepp)		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljostatus.no</a> ). Gangavstand for gjestar på Bø Camping og i Sommarland.
Støy		Støysone for Lifjellvegen er ikkje vist i støyvarselkart frå Statens vegvesen. Arealet nærast vegen er planlagt som p-areal. Aktiviteten i området vil vere mindre sårbar for støy enn eit bustadområde.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv		Forslaget vil ikkje vere i konflikt med lysløypa i området.

Samfunn		
Transportbehov, kollektivdekning		Gangavstand for gjestar på Bø Camping og i Sommarland. Dagsbesøk vil vere bilbasert til denne type aktivitet utanfor dei store byane.
Teknisk infrastruktur og tenestebehov		Forslaget er ikkje i konflikt med kommunal v/a-leidning som går gjennom området.
Trafikktryggleik		Avkøyring til Lifjellvegen på oversiktleg parti. G/s-veg langs Lifjellvegen frå Sommarland til området. Det bør etablerast gangsamband mellom Bø Camping og anlegget utanom Lifjellvegen.
ROS-analyse		
Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)	Menneske- og verksemdsbaserte farar	Kommentar, avbøtande tiltak
		Ingen kjende farar

#### Samla vurdering og evt. alternativ

Etablering av klatrepark i dette området vil vere eit svært positivt supplement til reiselivsfyrtårnet Bø Sommarland og til Bø camping. Terrenget eignar seg godt til føremålet og arealbruken er ikkje i konflikt med andre omsyn.

Avgrensing av arealet justerast i tråd med situasjonskart over planlagte klatreløyper.

#### Konklusjon:

Det leggst inn eit om lag 90 daa stort område for fritids- og turistføremål på Eikjamogane.



## NR 44 VATNAR LEIRSTAD

<b>Dagens formål:</b>	LNF
<b>Foreslått formål:</b>	Allmennyttig føremål (offentleg eller privat tenesteyting etter PBL 2008)
<b>Areal:</b>	18 daa
<b>Forslagsstillar:</b>	Vatnar Kristlige Fellesskap (VKF)



### Omtale av området:

Vatnar leirstad (g/bnr 14/5) ligg som allmennyttig føremål i gjeldande plan (gjerast om til offentlig eller privat tenesteyting i ny plan). Vatnar Kristne Fellesskap har kjøpt naboeigedomen (14/6) og ønskjer å utvide leirstaden på denne eigedomen. Det aktuelle arealet er eit skog- og myrområde som grensar mot Lona i sør.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfald		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Naturbasen</a> ).
Jordvern og naturressursar		Skog med høg bonitet og dyrkbar mark (Kilden). Drenert myr.
Kulturminne og – miljø		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> )
Forureining (klimagassar og andre utslepp)		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljostatus.no</a> ). Inga kollektivdekning. Ein utvida leirstad blir bilbasert.
Støy		Om lag 200 m til fv 152. Det er ikkje vist støysone for fv 152 i støyvarselkart frå Statens vegvesen.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv		Området ligg inntil Lona. Ved ei utbygging må det sikrast eit belte om lag 25 m for tilkomst for ålmenta til elva. Omsyn til flaum kan tilseie at beltet skal vere breiare. I innspelet er det sett av eit grøntbelte på om lag 15m.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov, kollektivdekning		Leirstaden blir i liten grad nytta av lokalbefolkning. Inga kollektivdekning. Tilreisande er avhengig av bil.

Teknisk infrastruktur og tenestebehov		Leirstaden har privat renseanlegg. Dette må utvidast til tilstrekkeleg kapasitet ved ei utviding. Storsamlingar om sommaren er sannsynlegvis flaskehalsen.
Trafikktryggleik		I 2013 og 2014 har leirstaden ifølgje VKF hatt om lag 2600 personar pr år fordelt på 15 samlingar. Framtidig bruk anslår VKF å vere om lag 6000 overnattingsdøgn/år på 20 samlingar og maks 500 personar pr samling. Ved regulering av området bør trafikktryggleik ved avkjøring til fv 152 vurderast.
<b>ROS-analyse</b>		
<b>Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)</b>	<b>Menneske- og verksemdsbaserte farar</b>	<b>Kommentar, avbøtande tiltak</b>
Heile området vil vere utsett for 200-årsflaum		Ifølgje NVE-rettileiar 2-2011 dekker potensielt fareområde for flaum 50-100 m på kvar side av elva. På store elvesletter vil flaumen ha større utstrekning, men vil i hovudsak halde seg innanfor ei stigning på 8m. Både 14/5 og 14/6 bør difor dekkast av omsynssone med føresegner om at flaumfare og behov for sikringstiltak må avklarast i reguleringsplan.
	Høgspenline over området	Høgspenliner leggst som omsynssone med føresegner om at bygg må plasserast med avstandar til kraftlina slik at ein overholder krav etter el-tilsynslova. Risiko for skadeverknad av elektromagnetisk stråling frå høgspenliner er størst for bustadar, skular og barnehagar. På ein leirstad oppheld ein seg berre i kortare periodar, og risiko blir difor vurdert som låg.

#### Samla vurdering og evt. alternativ

I utgangspunktet bør ein unngå å legge byggeområde i flaumutsette område. Utviding av leirstaden kan sannsynlegvis ikkje skje på anna vis enn å utvide mot søraust. I en detaljreguleringsplan må reell flaumfare og høve til å sikre mot flaum dokumenterast.

#### Konklusjon:

Området bør leggst ut til byggeområde for offentleg eller privat tenesteyting. Omsynssone for flaum sikrar at reell flaumfare og evt behov for sikringstiltak avklarast i detaljreguleringsplan.

## UFS

<b>Dagens formål:</b>	LNF, spreidd bustadbygging
<b>Foreslått formål:</b>	Bustad
<b>Areal:</b>	2,1 daa
<b>Forslagsstillar:</b>	Bø kommune (på bakgrunn av tidlegare søknad frå grunneigar)



### Omtale av området:

Langs Ufsvegen ligg i dag 3 tomter med bustadføre mål i gjeldande plan, i tillegg til to bustadar knytt til landbrukseigedomar. PTN-utvalet ga i 2012 grunneigar dispensasjon frå kommuneplanen til frådelling av to bustadtomter i området. Dispensasjonen vart gitt på vilkår av avkøyringsløyve frå vegvesenet. Vegvesenet ga ikkje avkøyringsløyve med grunngjeving i farleg skuleveg frå området. I trafikktryggleiksplan for Bø kommune er ikkje skulevegen definert som farleg fordi lysløypa kan nyttast som skuleveg.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnsapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfald		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Naturbasen</a> ).
Jordvern og naturressursar		God jordkvalitet ( <a href="#">Kilden</a> ). Ufs er ein svært liten landbrukseigedom og jordbruksarealet ligg isolert, utan tilknytning til anna jordbruksareal.
Kulturminne og – miljø		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> )
Forureining (klima-gassar og andre utslepp)		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljostatus.no</a> ). 5 km til sentrum, om lag 3 km til Folkestad skule via lysløypa. Området blir delvis bilbasert, men konsekvensane blir vurdert som små for to nye tomter.
Støy		Arealet ligg utanfor støysona for fv 152 (Støyvarselkart, Statens vegvesen).
Nærmiljø, grøntstruktur, friluftsliv		Området er ikkje nytta til friluftsliv. Kort veg til friluftsområde.

Samfunn		
Transportbehov, kollektivdekning		Næraste bussrute 1km unna (Bøbussen, dagtid kvardagar). Negative konsekvensar vert vurdert som små med to tomter. Behov for skuleskyss for 1.klassingar p.g.a. avstand. Jf. kommunal trafikktryggleiksplan skal det ikkje vere krav om skuleskyss for eldre barn p.g.a. farleg skuleveg.
Teknisk infrastruktur og tenestebehov		Kommunalt v/a-nett ligg ved Telemarkshallen, alternativt må privat løysing etablerast.
Trafikktryggleik		Ikkje g/s-veg langs Reskjemvegen. Lysløypa må nyttast for å gå til skule eller buss.
ROS-analyse		
Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)	Menneske- og verksemdsbaserte farar	Kommentar, avbøtande tiltak
		Ingen kjende farar.

#### Samla vurdering og evt. alternativ

Etter kommunen si vurdering er det trygg skuleveg frå området. Landbruksverdiane er svært små på grunn av at arealet dyrka marka her er lite og heilt isolert, utan tilknytning til anna dyrka mark.


Grunneigar søkte i 2012 om to store tomter på 2,2 og 2,8 daa. I forslag til ny kommuneplan er det lagt minimumskrav til utnytting i regulerede område og maksimumsgrense for storleik på tomter for spreidd bustadbygging. Det bør difor leggest til rette for tomter på om lag 1 daa i tilknytning til eksisterande bustader langs vegen.

#### Konklusjon:

Arealet på 2,1 daa leggest inn som bustadføremål.

## KLOKKARSTUGO

<b>Dagens formål:</b>	LNF
<b>Foreslått formål:</b>	Bustad
<b>Areal:</b>	1,7 daa
<b>Forslagsstillar:</b>	Bø kommune



### Omtale av området:

Området ligg mellom framtidig trasé for Skyttarvegen og fv 359.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfald		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Naturbasen</a> ).
Jordvern og naturressursar		Svært god jordkvalitet ( <a href="#">Kilden</a> ). På grunn av omlegging av Skyttarvegen og behov for ny tilkomst til eksisterande bustad på g/bnr 56/5, vil det vere vanskeleg å utnytte eit isolert jordbruksareal på om lag 1,5 daa.
Kulturminne og – miljø		Ingen kjende verdiar ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> )
Forureining (klima-gassar og andre utslepp)		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljostatus.no</a> ). 1,9km til sentrum. G/s-veg langs Lundevegen i relativt flatt terreng, dvs at området ikkje bør bli bilbasert.
Støy		Arealet ligg innanfor gul sone for fv 359 (Støyvarselkart, Statens vegvesen). Støykrav må tilfredsstillast i byggesaka.
Nærmiljø, grøntstruktur, friluftsliv		Området er ikkje nytta til friluftsliv. Kort veg til friluftsområde.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov, kollektivdekning		Dårleg kollektivdekning, men sentrumsnært og g/s-veg til sentrum (1,9 km).
Teknisk infrastruktur og tenestebehov		Kommunalt v/a-nett ligg inntil området. Kommunal veg Skyttarvegen er planlagt omlagt, slik at tomte kan trekkast noko lenger mot sør. Endeleg avgrensing av tomte bør regulerast saman med omlegging av Skyttarvegen. Det bør leggest ein buffer mot Kyrkjevegen for å ivareta byggegrense mot denne.
Trafikktryggleik		Tilkomst direkte frå Skyttarvegen.

ROS-analyse		
Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)	Menneske- og verksemdsbaserte farar	Kommentar, avbøtande tiltak
		Ingen kjende farar.

**Samla vurdering og evt. alternativ**

Det vurdert som riktig å fortette med bustader på dette sentrumsnære arealet som ikkje lenger vil kunne nyttast som landbruksareal etter omlegging av Skyttarvegen. Nøyaktig avgrensing må gjerast gjennom regulering av Skyttarvegen. Området bør difor inngå i omsynssona med krav om felles planlegging for Skyttarvegen, tomter langs denne og B7.


**Konklusjon:**

Arealet leggst inn som bustadføremål i planforslaget med omsynssone med krav om felles planlegging for Skyttarvegen, tomter langs denne og B7.



## CAMPUS BØ

<b>Dagens formål:</b>	Næring, bustad, friområde, offentlig bygg, LNF
<b>Foreslått formål:</b>	Kombinert føremål tenesteyting/kontor/bustad
<b>Areal:</b>	120 daa
<b>Forslagsstillar:</b>	Bø kommune/Statsbygg/HiT



### Omtale av området:


Området dekker høgskulen sitt areal og arealet på vestsida av Gullbringvegen mellom HiT og Kyrkjevegen. Fortetting i området er foreslått på bakgrunn av Campusutviklingsplan for Høgskolen i Telemark, studiestad Bø (Statsbygg, Bø kommune, HiT 2014). Aktørane innanfor området har gått saman om utarbeiding av ein områdereguleringsplan for Campus Bø. Utarbeiding av områdereguleringsplan for Campus Bø vart vedtatt av kommunestyret 15.12.14. Områdereguleringsplanen skal utarbeidast på bakgrunn av campusutviklingsplanen og modellen som viser fortettingspotensialet i området «Visualisering av Campus Bø» (Asplan Viak 2014).

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Natur-mangfald		Området er avgrensa inn mot hagamarksskogen i Bøhamna som er registrert som viktig naturtype (B-område), men kjem ikkje i konflikt med



		lokaliteten ( <a href="#">Naturbasen</a> ).
Jordvern og naturressursar		Nedanfor Hellandtunet nord i området er det eit jorde av god jordkvalitet på 3,8 daa, men dette er inneklemt mellom kontorbygget på Hellandtunet og Gullbringvegen og regulert til kontor. Vest for høgskulen er ikkje kartdataene i Kilden oppdatert i høve til dagens bygg og anlegg. Vest for dagens idrettsanlegg ligg dyrkbart areal areal på 4 daa med svært god jordkvalitet som er nytta til beiteareal ( <a href="#">Kilden</a> ). Arealet tilhøyrar Bø kommune og blir disponert av Høgskulen i Telemark. Utnytting av området vil bli avklart i områdereguleringsplan for Campus Bø.
Kulturminne og –miljø		Ifølgje <a href="#">Kulturminnesøk</a> ligg det ikkje kulturminne innanfor området. I samband med oppstart av områdereguleringsplan for Campus er det avklart med Telemark fylkeskommune at med plangrense som følgjer grensa for innspelet, vil det ikkje vere krav om arkeologiske registreringar. Området ligg i randsona Bøhaugen med Bø gamle og nye kyrkje. Fortettingspotensialet i området er vist i «Visualisering av campus Bø». Områdereguleringsplanen skal utarbeidast med utgangspunkt i denne, sjå illustrasjon som viser konsekvensar m.o.p. siktliner og fjernverknad for kyrkjene på Bøhaugen nedanfor. Øvre høgdekote i innspelet ligg på høgde med eksisterande bygg på Hellandtunet. Av omsyn til kyrkjestaden, må fortetting av området ta utgangspunkt i eksisterande utbyggingsmønster med låge bygningsvolum. Gjennom område-reguleringsplanen må det takast stilling til kor høgt opp i skråninga mot kyrkjene (innanfor føremålet K6) nye bygg kan tillatast. Konsekvensane er skildra i «Visualisering av Campus Bø», og etter kommunen si vurdering vil ei fortetting langs Gullbringvegen på høgdenivået ikkje ha negative konsekvensar for kyrkjene på Bøhaugen.
Forureining (klimagassar o. a. utslepp)		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljostatus.no</a> ). Del av sentrum. Fortetting med studenthyblar i dette området vil kunne redusere bilbruk blant studentar i Bø.
Støy		
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv		Området dekkar eksisterande grønstruktur langs Gullbringvegen nord for Gullbring barnehage. I områdereguleringsplanen må gang samband sikrast frå Gullbringvegen til Bøhaugen og frå Hellandtunet til HiT. Det må takast omsyn til behovet for nærturområde for barnehagane i området.
<b>Samfunn</b>		
Transport-behov, kollektiv-dekning		Bøbussen går fram til Hallvard Eikas plass ved inngangen til HiT kvar time kvardager. Kort avstand til kollektivknutepunktet Bø stasjon. Fortetting med studentbustadar vil redusere behovet for biltransport frå bustad til høgskulen for studentar.
Teknisk infrastruktur og teneste-behov		Fjernvarmeanlegget ligg tett på og har kapasitet til å forsyne eit fortetta campus. Kommunalt v/a-anlegg er godt tilrettelagt for fortetting i området. Ved store nedbørsmengder har handtering av overvatn i området vore utfordrande med eksisterande system for overvasshandtering. Handtering av overvatn må vurderast ved fortetting.
Trafikk-tryggleik		Fortetting innanfor området vil medføre auka trafikk på Gullbringvegen ut på rv 36. Dette krysset fungerer i dag ikkje tilfredsstillande for mjuke trafikantar. Løysing for området vil bli sett på i samarbeid med Statens vegvesen i trafikkanalyse i Bygdepakke Bø.
<b>ROS-analyse</b>		
<b>Naturfare (flaum, lausmasseskred, snøskred, steinsprang)</b>	<b>Menneske- og verksemds-baserte farar</b>	<b>Kommentar, avbøtande tiltak</b>
Området ligg utanfor kvikkleiresona i Bø sentrum		

Illustrasjonar frå «Visualisering av Campus Bø»:



#### **Samla vurdering og evt. alternativ**

Arealet i innspelet utgjer eit svært viktig område for Bø kommune. Innafor området ligg viktige institusjonar og arbeidsplassar som Høgskolen i Telemark med om lag 2000 studentar, Gullbring kulturanlegg, Bø hotell, Bøhamna og Gullbring barnehagar, Gullbring studentheim, forskings- og næringsssenteret Hellandtunet og kontorbygget Bekkevoll. Totalt er det om lag 400 arbeidsplassar innafor området. I gjeldande plan dekkast området av diverse arealføremål, og det er behov for ei heilhetleg planlegging av området. Fortetting med næringsbygg og studentbustader tett på HiT og tett på sentrum vil vere viktig for å styrke HiT Bø og for å styrke kompetansebasert næringsliv i regionen. Området bør difor setjast av som kombinerte føremål tenesteyting/kontor/bustad med krav om felles planlegging for dette arealet saman med Bø hotell, Gullbring studentheim, Gullbring kulturanlegg og Bekkevoll på austsida av Gullbringvegen.


Planen bør legge til rette for fortetting med m.a. næringsbygg, studentbustader og andre funksjonar som bygger opp under HiT. I modellen som viser fortettingspotensialet er det lagt inn 6 nye bygg på til saman om lag 6600 m<sup>2</sup>. I tillegg kjem to tilbygg til høgskulen, kvar på om lag 5000 m<sup>2</sup>. Detaljering av føremåla innafor området må avklarast i ein områdereguleringsplan, der omsynet til kyrkjene på Bøhaugen og grønstrukturen ned mot Campus Bø vil vere eit viktig tema.

#### **Konklusjon:**

Arealet i innspelet leggst inn som kombinert føremål tenesteyting/kontor/bustad med krav om felles planlegging for dette området og Bø hotell, Gullbring studentheim, Gullbring kulturanlegg og Bekkevoll på austsida av Gullbringvegen.

## SPREIDD BUSTADBYGGING I LIHEIA

<b>Dagens formål:</b>	LNF, viktig kulturlandskap
<b>Foreslått formål:</b>	LNF sone B/N, omsynssone kulturlandskap
<b>Areal:</b>	900 daa
<b>Forslagsstillar:</b>	Bø kommune



### Omtale av området:

Liheia ligg som viktig kulturlandskap i gjeldande arealdel utan høve til spreidd bustadbygging, og det har ikkje blitt delt frå nye bustadtomter her i inneverande planperiode. Gjennom planprosessen har det blitt gitt politiske signal om at det er ønskeleg at det skal vere ei opning for å kunne dele frå bustadtomter her dersom dette ikkje vil vere i konflikt med kulturlandskapet.

Tema	Konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>		
Naturmangfald		Observasjonar av åkerrikse (kristisk trua) i Liheia ( <a href="#">Naturbasen</a> ). Observasjonene er knytt til dyrka mark. Føresegnene opnar ikkje for frådelling av tomter på dyrka mark.
Jordvern og naturressursar		Det er svært lite dyrkbar mark som ikkje er landbruksområde i Liheia i dag (Kilden). Jordkvaliteten er svært god i austre del av lia og i hovudsak god og mindre god i vestre del. Føresegne opnar ikkje for frådelling på dyrka mark og i utgangspunktet ikkje nærare enn 30m til dyrka mark. Dersom kulturlandskapet i Liheia skal oppretthaldast, må ikkje beiteareala reduserast. Evt. nye frådellingar må difor ikkje splitte opp beiteareal.
Kulturminne og – miljø		Eit automatisk freda gravfelt innanfor området, ID 77182 ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> ). Føresegnene krev at ved søknad om frådelling skal det dokumenterast at frådelling ikkje vil vere i konflikt med kulturminne.
Forureining		Ikkje forureina grunn ( <a href="#">Miljostatus.no</a> ). Inga kollektivdekning. Ikkje g/s-

(klimagassar og andre utslepp)		veg langs Livegen. Frå 4-6km frå sentrum, frå 2-4 km til barneskule. Negativ konsekvens av å dele frå av to tomter i planperioden i høve til klimagassutslepp blir vurdert som liten.
Støy		
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv		God tilgang til friluftsområder.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov, kollektivdekning		Inga kollektivdekning. Ikkje g/s-veg langs Livegen. 4-6km frå sentrum, frå 2-4 km til barneskule. Negativ konsekvens av frådelling av to tomter i planperioden høve til transportbehov blir vurdert som liten.
Teknisk infrastruktur og tenestebehov		Kommunalt v/a-nett i Liheia. Kommunal veg med grei standard, men behov for reasfaltering øvst.
Trafikktryggleik		Ikkje g/s-veg eller fortau.
<b>ROS-analyse</b>		
<b>Naturfare (flaum, lausmasseskred, snoskred, steinsprang)</b>	<b>Menneske- og verksemdsbaserte farar</b>	<b>Kommentar, avbøtande tiltak</b>
Vest i Liheia er det svært bratt og markert som utløpsområde for snoskred (NVE Atlas).		LNF sone B/N avgrensast mot det bratte partiet, slik at dette blir liggande utanfor.

#### Samla vurdering og evt. alternativ

Det er ønskeleg å ha høve til å tillate frådelling av enkelttomter i Liheia dersom desse ikkje vil vere i konflikt med kulturlandskapet. Dersom spreidd bustadbygging ikkje skal vere i konflikt med kulturlandskapet i dette området, må det ha eit beskjedent omfang, og nye bygg bør lokaliserast i tilknytning til eksisterande bygg. Nye bygg må tilpassast omkringliggende bygg og terreng.

#### Konklusjon:

Det opnast for to nye bustader i Liheia, og det leggast inn føresegner om at nye bustader skal plasserast i samanheng med eksisterande bygg og tilpassast tilgrensande bygg, lokal byggeskikk og landskap. Nye bustader skal ikkje føre til ytterlegare oppsplitting av dyrka mark, inkludert beiteareal.

## 4.4 KONSEKVENsutGREIING FASE 3

### 4.4.1 VURDERING AV SAMLA PLANFORSLAG ETTER utGREIINGSTEMA

Tema	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, forslag til avbøtande tiltak
<b>Miljø</b>	
Naturmangfald	Det er ikkje planlagd utbygging som er i konflikt med naturvernområde, viktige naturtypar, prioriterte artar, registrerte MIS-figurar eller INON-område. Utbyggingsområde er samla og mest mogleg urørt natur er søkt bevart. Viktige naturområde er vist som omsynssone med eigne retningsliner. Negative konsekvensar av planforslaget på naturmangfaldet blir vurdert å vere svært små.
Jordvern og naturressursar	Omsynet til dyrka og dyrkbar mark har stått sterkt ved rulleringa. Ei rekke innspel om utbyggingsføre mål har blitt silt ut p.g.a. konflikt med dyrka mark. Krav til utnyttingsgrad i byggeområda vil redusere presset på sentrumsnære landbruksareal. Tre tomter på dyrka mark på Langkåshaugen (B24 og B25) er lagt til bustadføre mål på grunn av at desse tidlegare har vore delt frå til bustadføre mål. Om lag 4 daa av kombinert føremål for campus ligg på dyrkbar mark som no blir nytta til beite. Det er lagt inn byggegrense mot dyrka mark og vilkår om at fritak frå plankrav ikkje gjeld dersom tiltaket er i konflikt med dyrka eller dyrkbar mark. LNF-område med opning for spreidd bustadbygging er redusert fordi område der bustadtomter ikkje er aktuelt m.a. av omsyn til dyrka og dyrkbar mark er tatt ut. Eitt nytt område er tatt inn: Liheia. Spreidd bustadbygging tillatast ikkje på dyrka eller dyrkbar mark. Det er sett krav til maks storleik på tomter i LNF sone B/N-område og opna for at tun kan delast frå som bustadomt ved sal av landbruksjord som tilleggsareal. Bø er rik på grus- og skifer-/muresteinressursar. Planforslaget legg opp til at desse ressursane kan utnyttast. Unnataket er ein mindre del av grusressursen på Nordbøåsane som ligg innanfor framtidig bustadområde B7. Negative konsekvensar av planforslaget på jordvern og naturressursar er vurdert å vere svært små.
Kulturminne og –miljø	Planforslaget legg opp til fortetting innanfor Campus Bø (K6), ved foten av Bøhaugen med Bø nye kyrkje og middelalderkyrkja. Føringar for fortettinga vil bli gitt i områderegeringsplan for Campus Bø. Etter kommunen si vurdering vil planlagd utbygging ikkje ha negative konsekvensar m.o.p. fjernverknad og siktliner til kyrkjestaden. Eitt automatisk freda kulturminne ligg innanfor nytt utbyggingsområde i Breisås ( <a href="#">Kulturminnesøk</a> ). Nøyaktig lokalisering av kulturminnet og framtidig vern/bruk må avklarast i reguleringsplan. Innspel vart sila ut i fase 1 av omsyn til registrerte kulturminne. Registrerte kulturminne er elles ikkje berørt av planforslaget.
Forureining (klimagassar og andre utslepp)	Fleire innspel om bustadområde er silt ut/endra avgrensing på grunn av at områda ligg for langt unna sentrum og vil bli bilbaserte. Det er lagt stor vekt på at fortetting skal skje innanfor tettstadgrensa, som i hovudsak ligg om lag 3 km frå sentrum og kollektivknutepunktet Bø stasjon, men grensa strekk seg lenger frå sentrum i nord (4,5 km). Det er kun lagt til rette for huskruilar i område som blir vurdert som bilbaserte. Fortetting med studentbustadar på campus vil føre til redusert bilbruk blant studentar. Det er sett rekkefølgekrav om g/s-veg til bustadføre mål for å redusere bilbruk og trygge mjuke trafikantar. Vekst i kommunen og auka utbygging vil totalt sett føre til auka utslepp av klimagassar pga bilbruk i ein kommune der innbyggartalet er for lite til eit effektivt lokalt kollektivnett. Samla planforslag vurderast likevel å legge til rette for minimal bilbruk i høve til å møte prognosane for folketalsvekst.
Støy	Negative konsekvensar av planforslaget med omsyn på støy blir vurdert som svært liten.
Nærmiljø, grøn-	Det er tatt inn krav om at det skal utviklast samanhengande grønstruktur gjennom å kople større og mindre grøntområde saman og krav om at leikeplassar skal utformast som del av



struktur, friluftsliv	<p>grønstruktur med samband til større grøntområde der dette er mogleg.</p> <p>Tilgang til vatn og vassdrag er sikra ved generell byggegrense mot vassdrag på 100 m i LNF-område og 50 m i byggeområde langs vassdrag. Det er lagt inn krav om naturleg vegetasjonsbelte langs vatn og vassdrag.</p> <p>Fortetting medfører press på nærfrilutsområde. Ein konsekvens av planforslaget er at Breisåsskogen som nærfrilutsområde for bustadfeltet blir forskyve lenger unna for store delar av feltet. Som avbøtande tiltak er det lagt opp til at alle bustadane skal leggest aust for tilkomstvegen inn i feltet, og det er lagt inn buffer mot sti i sør.</p> <p>Utover dette vil planforslaget ha små negative konsekvensar for friluftsliv og grønstruktur.</p>
<b>Samfunn</b>	
Transport-behov, kollektiv-dekning	<p>Sjå vurdering om bilbruk under tema forureining. Krav om høgare utnytting innanfor sentrumsgrensa støttar opp under kollektivknutepunktet Bø stasjon. 85% av ikkje regulert bustadareal i planforslaget ligg innanfor tettstadgrensa og dermed i g/s-avstand til Bø stasjon. Samla sett legg planforslaget opp til at bustadar skal ha g/s-avstand til kollektivtilbod, skule og sentrumsfunksjonar.</p>
Teknisk infra-struktur og teneste-behov	<p>Befolkningsprognosane tilseier at det ikkje er behov for nye barnehagar eller skular i planperioden. Areal til helsefremål blir også vurdert å vere dekket i planperioden med dei utbyggingane som er utført i seinare tid. Dei to store nye bustadområda, B7 og B20, vil høyre til Bø skule.</p> <p>Bustadområde er i hovudsak lagt i tilknytning til eksisterande kommunalt v/a-nett og kommunale vegar. Det er lagt til rette for omlegging av vegar der omsyn til trafikktryggleik tilseier at dette er naudsynt.</p> <p>Det er lagt opp til omlegging av den kommunale Skyttarvegen i Veirudkrysset og opprusting av vegen med g/s-veg fram til avkøyring til eksisterande grustak. Dette vil bli planlagt i områderegeringsplan for vegen og B7.</p> <p>Samla sett er planforslaget vurdert å ha små negative konsekvensar for teknisk infrastruktur og tenestebehov.</p>
Trafikk-tryggleik	<p>Det er lagt til rette for omlegging av vegar der omsyn til trafikktryggleik tilseier at dette er naudsynt og knytt rekkefølgekrav om g/s-veg til bustadområde før utbygging.</p> <p>Fortetting på Campus Bø vil gje auka trafikk i krysset Gullbringvegen-rv 36. Dette er det mest problematiske område for mjuke trafikantar i Bø sentrum og løysingar vil bli vurdert i trafikkanalyse som del av Bygdepakke Bø.</p> <p>Samla sett vurderast planforslaget å ha små negative konsekvensar for trafikktryggleik.</p>

Sjå kap. 3 for vurderingar av samfunnstryggleik (ROS-analyse).

#### 4.4.2 VURDERING AV PLANFORSLAG ETTER MÅL OG STRATEGIAR

Planforslaget blir vurdert å vere i tråd med nasjonale forventningar til kommunal planlegging. Regional plan for areal og transport i Telemark er følgt opp i plankart, føresegner og retningslinjer.

Tilrettelegging for at målsettingane i kommuneplanens samfunnsdel 2013-2025 kan oppfyllest har vore sentralt ved rulleringa, og strategiane i samfunnsdelen er følgt opp.

Det ligg om lag 580 daa ikkje-regulert bustadareal i planforslaget, i tillegg ligg om lag 300 bustadar innanfor områderegeringsplan for Nordbøåsen. Utover reine bustadområde, er det lagt til rette for fortetting med leilegheiter i sentrum i områderegeringsplan for Bø sentrum. Det er også opna for spreidd bustadbygging i LNF-områda. Samla sett vil dette dekke bustadbehovet på 600 nye bustadar i planperioden.

Planforslaget legg til rette for oppfylling av målsettinga om at Bø skal ha eit berekraftig utbyggingsmønster med eitt, kompakt sentrum og bustadområde i g/s-avstand til dette ved plassering av bustadområde, krav om fortetting og vidareføring av ei restriktiv sentrumsavgrensing. Fortetting i sentrum er også eit viktig grep for å nå målsettinga om å styrke Bø sin posisjon som knutepunkt for tog og buss.

Omsynet til folkehelse er godt ivaretatt i planen ved å legge til rette for g/s-baserte bustadområde og ivaretaking av viktige friluftsområde med eigne omsynssoner og krav om grønstruktur. Tilgang til Bøelva og andre vassdrag er sikra med byggegrense mot vassdrag.



Næringsområde i planen og plan for fortetting av Campus Bø legg til rette for planlagd vekst i tal arbeidsplassar i samfunnsdelen. Fortetting av Campus Bø er også eit viktig grep for å nå målsettinga om å styrke Bø sin posisjon som kunnskapssenter i Telemark.

Plankart med omsynssoner for fare og føresegner er utarbeidd på bakgrunn av ROS-analyse av uønskte hendingar og ROS-analyse for kvart enkelt innspel. Planforslaget legg til rette for eit trygt lokalsamfunn.

## 5. KJELDER


Asplan Viak 2011. Beskyttelse av råvannskilden til Bø vannverk. Rapport  
Asplan Viak 2014. Forstudie omlegging Rv 36 gjennom Bø, AS Haukelivegen. Rapport  
Asplan Viak 2014. Visualisering av Campus Bø. Rapport  
Grus- og pukkdatabasen, NGU, [http://geo.ngu.no/kart/grus\\_pukk/](http://geo.ngu.no/kart/grus_pukk/). Database  
Kilden, Skog og landskap, <http://Kilden/map/kilden/index.jsp?theme=http://Kilden>. Database  
Kulturminnesøk, Riksantikvaren, <http://Kulturminnesøk/>. Database  
Miljostatus.no, [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no). Database  
Naturbasen, Miljødirektoratet, <http://geocortex.dirmat.no/silverlightViewer/?Viewer=Naturbase>. Database  
NVE Atlas, <http://atlas.nve.no/SilverlightViewer/?Viewer=NVEAtlas>  
Statens vegvesen 2014. ÅDT KV 1003 Bø. E-post  
Statsbygg, Bø kommune, HiT 2014. Campusutviklingsplan for Høgskolen i Telemark, studiestad Bø. Hausten 2014. Rapport  
Støyvarselkart i henhold til Retningslinje T-1442. Statens vegvesen 2011. Kart  
Sweco Norge AS. 2014. Bergenåsen – adkomstveg. Kartteikningar  
Tveiten AS. 2003. Adkomstveger – Nordbøåsen/Bergenåsen – skisseplan m/kostnader. Notat

## 6. VEDLEGG

1. Kart over innspel om utbyggingsføremål sentrale delar av Bø
2. Kart over innspel om utbyggingsføremål Øvre Bø
3. Kart over innspel om utbyggingsføremål nordlege delar av Bø
4. Oversikt over innspel til rullering av kommuneplanens arealdel som ikkje går fram av tabell i kap. 4.2.
5. Resultat av konsekvensutgreiing fase 1
6. Forklaring av ord og forkortingar i planforslaget

## Vedlegg 1


### Kart over innspel om utbyggingsføremål sentrale delar av Bø






## Vedlegg 2

### Kart over innspel om utbyggingsføremål i øvre Bø



### Vedlegg 3

#### Kart over innspel om utbyggingsføremål i nordlege delar av Bø



## Vedlegg 4

### Innspel til kommuneplanens arealdel som ikkje gjeld endring av arealføremål

Enkelte innspel gjeld berre planprogrammet. Desse innspela er ikkje kommentert, da dette vart gjort ved fastsetting av planprogrammet.

Nr	Avsendar	Innspel	Kommentar
48	Fylkesmannen i Telemark	<p>Prosess og planarbeid må følgje føringane i ny PBL og kart- og planforskrifta. Retningslinjer og føresegner må vere i samsvar med PBL §§11-9-11. Positivt at kommunen tar med føringane i Areal- og transportplanen for Telemark. Det er tatt gode grep for å legge til rette for effektiv arealbruk, miljøvenlege transportval og reduserte klimagassutslepp. Byggeområde som ligg i gjeldande plan, men som ikkje er realisert, bør vurderast m.o.p. om dei skal takast ut av planen dersom dei ligg utanfor tettstadgrensa.</p> <p>Ved planlegging skal det leggjast vekt på tilgang og bruk for alle, jf. temarettleiar om universell utforming og planlegging.</p> <p>Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for barn og unge skal leggjast til grunn for planarbeidet, m.a. pkt. 4 og 5. I samband med nye og eks. bustadområde må planen vurderast med tanke på tilstrekkeleg areal til leike- og aktivitetsområde, og planen må legge til rette for trygge trafikkføringar.</p> <p>Barnerepresentanten må ta del i planprosessen. Ber kommunen vere merksame på at ved fortetting er det ei risiko for at leikebehovet for barn og unge ikkje blir ivaretatt i tilstrekkeleg grad. Viktige leikeareal bør kartleggast og vurdert på same måte som blå-, kvit- og grønstruktur.</p> <p>Kapasitet for Bø fjernvarme og evt. behov for å setje av nye areal til slike anlegg bør vurderast. For alle offentlege vedtak som kan påverke naturmangfaldet skal kommunen vurdere §§8-12 i naturmangfaldlova. For kommuneplanen er dette særleg aktuelt der det opnast for utbygging utan reguleringsplan, da all kartlegging i slike tilfelle må skje på kommuneplannivå. Kunnskapskjelder er Naturbase, MiS og Artskart. Nye verna område og viktige naturområde må leggjast inn i plankartet med omsynssoner. Dei forventar at det ikkje opnast for nye tiltak som medfører bortfall av inngrepsfrie naturområde (INON).</p> <p>Det er kommunen sitt ansvar å gjennom kommuneplanlegging sikre retten til fri ferdsle og tilgjenge til vatn og vassdrag. Fylkesmannen føreset at tilstrekkeleg byggegrense blir sett slik at strandsona langs vatn og vassdrag er tilgjengeleg for ålmenta.</p> <p>Etter den europeiske landskapskonvensjonen er landskapet ein verdi som skal forvaltast og ein ressurs som kan gi grunnlag for ny verdiskaping. I arealdelen bør ein på bakgrunn av estetikk avklare lokalisering av nye byggeområde i høve til overordna landskapsstruktur og ønska overordna utbyggingsmønster innanfor byggeområda. Det kan utformast generelle føresegner om estetiske omsyn for bygg og anlegg, jf. §11-9 nr 6. Det må vere eit mål å beslaglegge minst mogleg urørt natur, samle evt inngrep geografisk og underordne nye tiltak landskapsformane rundt.</p>	<p>Føresegner og plankart er utarbeidd etter PBL 2008 og kart- og planforskrifta.</p> <p>Planforslaget legg opp til 85% av nye bustadar innanfor tettstadgrensa, difor er ikkje område utanfor tettstadgrensa vurdert tatt ut.</p> <p>Krav om universell utforming av bygg og uteområde er tatt inn i føresegnene.</p> <p>Krav til uteareal og leikeområde er gjennomgått og revidert, både av omsyn til målet om fortetting og for å sikre kvalitet på ute- og leikeareal. Barnerepresentanten sit i planforum og har tatt del i prosessen. Barnetråkkregistrering har ikkje vore mogleg å gjennomføre innanfor fristane for planprosessen.</p> <p>Kapasitet for Bø fjernvarme og behov for utviding av denne har vore drøfta med Bø fjernvarme, sjå planomtala.</p> <p>Tilknytingsplikta er tatt ut av planen.</p> <p>Krav i naturmangfaldlova §§8-12 er vurdert å vere oppfylt gjennom vurderingane som er gjort i KU. KU for kvart enkelt område er utarbeidd etter mal i Miljøverndepartementet sin rettleiar for konsekvensutgreiing av kommuneplanens arealdel. Verneområde og viktige naturtype (A og B) er vist som omsynssoner i kartet og i eige temakart. Det er ikkje planlagd utbygging som er i konflikt med INON-område. Tilgang til vassdrag er sikra ved generell byggegrense mot vassdrag på 100 m i LNF-område og 50 m i byggeområde langs vassdrag. I tråd med vassressurslova §11 lagt inn føresegner om at det langs vatn og vassdrag med årssikker vassføring skal oppretthaldast eit naturleg vegetasjonsbelte.</p> <p>Planforslaget legg opp til geografisk samling av</p>

		<p>Gjennom arealstrategiane viser kommunen ein svært positiv bevissthet om dyrka mark, ein prioritering som bidreg også i det nasjonale rekneskapet for berekraftig utvikling. FM reknar med at tettstadavgrensinga ikkje vil gå på kostnad av dyrka mark. Det er gledeleg å sjå korleis kommunen tar eit overordna grep om bustadbehovet og stiller dette saman i ein heilskap for befolkningsutviklinga i Bø. Ein bør gå gjennom områda som skal vidareførast og sette krav til arealutnytting i kvart einskild område allereie på kommuneplannivå. Dette vil vere ei framsynt og tydeleg måte å ha kontroll på bustadbehovet på. Område for spreidd bustadbygging bør følgje same prinsipp om å unngå bygging på dyrka mark og ha arealeffektive løysingar.</p> <p>I tillegg til flaum og skred, bør ein av omsyn til beredskap og samfunnstryggleik vurdere verksemder med farleg stoff, veg, jernbane og tilstrekkeleg sløkkevatn i tilfelle brann.</p>	<p>utbyggingsområde slik at minst mogleg urørt natur og landskap vert påverka. Det er utforma generelle føresegner om landskap og estetikk.</p> <p>Ytterkant av tettstadgrensa er trekt utanom dyrka mark. Tett på sentrum ligg det likevel dyrka mark som inngår i tettstaden. Føresegnene hindrar utbygging på dyrka mark også innanfor tettstadgrensa. Det er sett krav til arealutnytting som differensierer mellom sentrum, tettstaden Bø og utanfor tettstaden. Krava vil også gjelde område som ligg inne i gjeldande plan, men som ikkje er regulert. Vilkår for frådelling av tomter innanfor LNF sone B/N hindrar frådelling av bustadtomter på dyrka mark. Det og lagt inn maks areal på tomter i LNF sone B/N.</p> <p>Område med flaum- og skredfare og verksemder med farleg stoff er vist i temakart for fareområde. Det vert elles vist til ROS-analyse for planen.</p>
49	<b>NVE</b>	<p>Kommunen har gjort mykje bra arbeid med sikring mot kvikkleireskred i sentrum. Omsynssoner og føresegner etter ny planlov må innarbeidast i planen. I tillegg til kunnskapsgrunnlaget som er nemnd i planprogrammet, ligg aktsemdskart for snøskred, steinsprang og jordskred føre. Naturfarar som flaum og skred skal vurderast og grunnjevast for alle nye byggeområde der dette er aktuelt, sjå NVE retningsline nr2/2011 om flaum og skredfare i arealplanar, rettleiar for utgreiing av skredfare i bratt terreng og rettleiar 7/2014 Sikkerhet mot kvikkleireskred.</p> <p>Klimaendringane vil gje hyppigare episodar med styrtregn og difor større flaumar i små vassdrag. I vassdrag med nedslagsfelt &gt;100 km<sup>2</sup>, må ein rekne med minst 20% auka flaumvassføring i løpet av 50-100 år. Nye bygg bør difor leggest i god avstand frå vassdraga. Det må synast særleg aktsemd langs bratte vassdrag der vatnet kan grave ut nye laup eller rive med seg masser.</p> <p>Alle område som kan vere utsett for flaum,- og skredfare bør innarbeidast som omsynssoner. Som minimum må desse innarbeidast der fareområde overlappar byggområde, evt. at det lagast eit eige omsynsonekart. Til omsynssonene må det knytast føresegner med krav om nærare kartlegging av faren i plan- og byggesaker. I faresoner der det er gjort tiltak, kan ein lage eigne føresegner. NVE kan fremje motsegn dersom kjende aktsemdsområde ikkje er innarbeidd som omsynsone.</p> <p>Arbeidet kommunen har gjort i samband med overvasshandtering dei siste åra bør nyttast som grunnlag for retningsliner. Fleire kommunar har innarbeid retningsliner om lokal infiltrasjon og at ein ikkje skal auke flautoppene i bekker. Kommunen kan gje retningsliner om å unngå ytterlegare bekkelukking.</p> <p>Positivt at kommunen har ein strategi om å sikre grøntareal langs Bøelva og tilrår og også ta med Bøevju. Alle vassdrag med årssikker vassføring bør merkast tydeleg, og utbygging tett inntil vassdrag</p>	<p>Temakart for fareområde er gjort juridisk bindande. Dette viser fareområde for flaum, kvikkleireskred, jordskred, steinsprang, snøskred, kraftliner og oppbevaring av farleg stoff. I tillegg til at flaumsonekart er innarbeid i temakart for fareområde, er det lagt omsynssone for flaum på nye byggeområde inn mot vassdrag i plankartet. Til omsynssonene er det knytt føresegner som stiller krav til dokumentasjon og vurdering av reell fare ved søknad om tiltak og gir forbod om visse tiltak. Moglege naturfarar er vurdert i KU for kvart enkelt innspel.</p> <p>Som oppfylgning av ROS-analyse er det lagt inn føresegner om ivaretaking av flaumvegar, opne løysingar for handtering av overvatn og at bekkelukking bør unngåast.</p> <p>Sjå kommentar om byggegrense og vegetasjonsbelte langs vassdrag over.</p> <p>Kraftliner &gt;60kV og Eika transformatorstasjon er vist som omsynssoner i temakart for fareområde.</p> <p>«Bruk og vern av vann og vassdrag» er nytta for dei største elvene og vatna. Andre vassdrag visast i bakgrunnskartet.</p> <p>Anlegg for vasskraft ved Oterholtfossen og utløpet av Seljordsvatnet er avsett som «andre typar bygningar og</p>



		<p>bør unngåast. Generelt byggeforbod 50-100 m frå hovudvassdraga bør oppretthaldast. For mindre bekker kan avstanden differensierast, men bør ikkje vere mindre enn 20m.</p> <p>Føremålet Bruk og vern av sjø og vassdrag bør brukast til alle vatn, elvar og bekkar. Eksisterande og vedteke større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar bør avsettast som omsynssoner.</p> <p>Mindre kraftleidningsanlegg kan setjast av som teknisk infrastruktur etter PBL§11-7 nr 2. Statnett, regional netteigar og områdekonsesjonær bør varslast om planarbeidet. Vasskraftverk, dammar og liknande bør setjast av som «Andre typer bebyggelse og anlegg».</p>	anlegg».
50	<b>Statens vegvesen</b>	<p>Kommunen bør legge til rette for gåande og syklende og bruk av kollektivtransport. Dette er viktige nasjonale og regionale satsingsområde og påverkar trafikktryggleik, folkehelse og trafikkavvikling. Under langsiktige arealstrategiar bør følgjande inn:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Trafikktryggleik</li> <li>• Utbygging bør ikkje skje i nærområde til riks- og fylkesvegar på ein slik måte at det undergrev vegen sin funksjon.</li> <li>• Tiltak i vegnettet må identifiserast og sikrast gjennomført som konsekvens av ønska arealbruk når denne fører til auka trafikk og aktivitet nær vegen.</li> <li>• Realistisk tilkomst for nye byggeområde må vurderast i planen, men ikkje detaljert gjennomgang av geometrisk utforming og siktilhøve. Ved etablering av nye eller utvida bruk av eks. kryss krev SVV utforming i tråd med deira handbøker.</li> <li>• Trasear for g/s-vegar og turvegar bør vere eige tema ved rullering, og det bør vurderast utarbeiding av eige temakart.</li> </ul> <p>På sikt bør det vere eit alternativ til Rv 36 gjennom Bø sentrum og det er difor positivt at det setjast av areal til dette i planen. Forstudiet som peikar på tunneltrasé nord for sentrum er for enkelt til å danne grunnlag for endeleg val av trasé, og ein bør difor vurdere å ha med fleire alternative trasear, også utan tunnel, i planarbeidet. Stigning i tunnelen ser ut til å bli høg jamført med dagens krav, og toløps tunnel kan bli naudsynt. Rundkøyringa ser noko vanskeleg ut. Kostnadsoverslaget er for lågt og vil truleg kome opp mot 1 mrd. kr. Det er usikkert korleis endringar i køyremønster aust- og vestfrå vil påverke trafikken gjennom Bø. Ny Rv 36 ligg ikkje inne i Nasjonal Transportplan fram til 2023, men kan kome inn seinare. Dersom bygging hadde vore nært føreståande, ville det vere naturleg for SVV å sette i gong ein kommunedelplanprosess. Det er viktig å vite kva kommunen ynskjer på kort og på lang sikt. Kortsiktige tiltak vil i hovudsak vere trafikktryggleikstiltak, som kan spelast inn ved rullering av NTP.</p>	<p>Den viktigaste tilrettelegginga for gåande og syklende og bruk av kollektivtransport i planen ligg i plassering av bustadområde tett på sentrum og krav til utnyttingsgrad for bustadområde. Vidare er framtidige g/s-vegar vist i plankartet langs alle hovudferdsleårer fram til kommunegrensa, med unntak av fv 152 over Reskjemheia. For framtidige bustadområde ved Oterholt og er det knytt krav om løysing for gåande og syklende langs fv 359 før utbygging kan skje. Tilsvarende krav er knytt til nytt stort bustadområde på Klokkaråsen.</p> <p>For innspel om arealstrategi visast det til planprogrammet. I etterkant av dette innspelet frå vegvesenet, har ein gjennom møte avklart at vegvesenet ikkje har høve til å prioritere planlegging av ny trasé for Rv 36 i løpet av dei neste 4 åra. Vegvesenet vil arbeide for å få prosjektet inn i Nasjonal transportplan før det prioriterast planressursar til dette. På bakgrunn av desse signala frå vegvesenet er framtidige tunnelopningar for ny trasé for Rv 36 ikkje lagt inn i planforslaget. Bygdepakke Bø-prosjektet vil bli gjennomført som eit samarbeid mellom Bø kommune, Statens vegvesen, Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Telemark for å redusere interntrafikken i Bø sentrum.</p>

51	Telemark fylkeskommune	<p>Kulturminna er ein ressurs for kommunen. Ei rekke nasjonale føringar om kulturminne kan vere til nytte i planarbeidet. Kunnskapsgrunnlaget frå <i>Kultur- og naturreisen</i> bør nyttast i planarbeidet. Ved konsekvensutgreiing av kulturminne, bør fjernverknad, siktliner og volum vurderast. For avbøtande tiltak bør ein vurdere å bryte opp volum, tilpassing og/eller brot i arkitektonisk utforming. Dei nemner særskilt Bø kyrkje med tanke på fortetting av sentrum og utbygging av området opp mot Bø kyrkjestad, noko ein må vere varsam med. Riksantikvaren si rettleiar for landskapsanalyse kan vere til hjelp.</p> <p>Kommunen har meldeplikt for riving eller vesentleg endring av hus eldre enn 1850, dette bør leggst inn som føresegn.</p> <p>Viktig kulturlandskap bør regulerast til omsynssone c.</p> <p>Alle spor etter menneskeleg aktivitet eldre enn 1537 er automatisk freda og har pr. def. nasjonal verdi. Det bør leggst inn føresegn om at ved all planlegging og saksbehandling skal det lastast ned oppdatert datasett frå Askeladden for å sikre at desse kulturminna vert tatt vare på.</p> <p>Nasjonale kulturminne frå nyare tid kan synleggjerast ved kartfesting, som omsynssone eller med ei oversiktsliste i føresegnene. Det må knytast føresegner til dei nasjonale kulturminneverdiane.</p> <p>Automatisk freda kulturminne har sterkt vern gjennom kulturminnelova, og det er difor ikkje krav om at alle må synleggjerast med omsynssone, men følgjande bør visast med omsynssone d:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Mellomalderen sine kyrkjestader</li> <li>• Profane bygningar frå mellomalderen (bur og loft på gardstun – Sønstebø, Borgja og Uvdal)</li> </ul> <p>Riksantikvaren kommenterer også at Bø og Gåra mellomalderkyrkjestader må merkast som omsynssone d med føresegner.</p> <p>I fylkesrådmannen si tilråding til ATP Telemark (enno ikkje vedtatt), er det foreslått 70/30 fordeling av nye bustadar innanfor og utanfor tettstadgrenser som etablerast i arealdelen.</p> <p>Offentleg tenesteyting bør lokalisert nær kollektivknutepunkt i sentra.</p> <p>RPR for barn og unge pkt. 5 seier at det i nærmiljøet skal finnast areal der barn og unge kan utfalde seg og skap sitt eige leikemiljø.</p> <p>Krav til sikker skuleveg for gåande og på sykkel og trygg tilkomst til uteareal må vurderast.</p> <p>Viser til at det i tråd med ATP Telemark må fastsetjast ei sentrumsavgrensing i planen.</p> <p>Fylkeskommunen viser til referat frå regionalt planforum.</p>	<p>Kunnskapsgrunnlaget i <i>Kultur- og naturreisen</i> er sjekka ut for endringar i arealbruk i planen.</p> <p>I planforslaget er det lagt inn utbyggingsområde langs Gullbringvegen nedst i skråninga opp mot Bøhaugen (K6) for å kunne fortette Campus Bø. Fortettinga er visualisert og vurdert i høve til Bøhaugen i «Visualisering av Campus Bø» (Asplan Viak 2014).</p> <p>Meldeplikt for tiltak på hus eldre enn 1850 er lagt inn som føresegn.</p> <p>Viktige kulturlandskap er lagt inn med omsynssone c.</p> <p>Det er lagt inn retningsline om at oppdatert datasett med kulturminne skal lastast ned ved søknad om tiltak.</p> <p>Kulturminne av nasjonal verdi er vist med omsynssone d med egne føresegner.</p> <p>I føresegnene ligg det krav om minst 70% bustadbygging innanfor tettstadgrensa pr. 4 år, men planforslaget legg opp til overopppylling av dette kravet.</p> <p>Føresegnene set krav om tenestyting med høg besøksfrekvens skal lokalisert innanfor sentrumssona.</p> <p>Krav til leike- og uteareal er gjennomgått og foreslått endra med omsyn til fortetting og kvalitet på areala.</p> <p>Sikker skuleveg til bustadar har vore eit sentralt tema i rulleringa både med omsyn til plassering av bustadområde og rekkefølgekav knytt til sikring av skuleveg.</p> <p>Sentrums- og tettstadgrense er vist i planen.</p>
----	------------------------	--	---

52	Miljø- hygienisk avdeling	Ingen kommentar	
53	Hovud- utval for plan, teknikk og næring	Støtter forslag til planprogram.	
54	Hovud- utval for oppvekst og kultur	Støtter forslag til planprogram med tillegg om at utvikling av ungdomsskolen blir ivaretatt, at omsyn til g/s-vegar vert ivaretatt i området Oterholt og Valen og at det blir lagt føringar for estetikk i planen.	I 2015 skal det utarbeidast ein oppvekstplan der behovet for utviding av ungdomsskolen bør drøftast. I gjeldande plan er det sett av eit areal på om lag 6,5 daa nord for Frivollvegen til utviding av ungdomsskolen. Sjå kommentar til merknad frå vegvesenet om g/s-vegar. Det er lagt inn føresegner om landskap og estetikk.
55	Hovud- utval for helse og velferd	Støtter forslag til planprogram, men ber om at følgjande blir tatt inn i planprogrammet: <i>Kommunen skal legge til rette for at Midt-Telemark framleis skal vera det viktigaste reiselivsområdet i Telemark.</i>	<i>Merknaden gjeld planprogrammet.</i>
56	Råd for funksjons- hemma	Viser til rapporten «Tilgjengesituasjonen i Bø sentrum». Kommunen bør ta omsyn til konklusjonane i rapporten i planen. Strategien om å legge til rette for eldre som vil etablere seg sentrumsnært bør endrast til eldre og funksjonshemma som vil etablere seg sentrumsnært. Det er svært viktig å redusere konfliktane mellom Bøgata som gjennomkøyringsveg og sentrumsgate. Støy blir eit større og større helseproblem, særleg trafikkstøy og støy frå anleggstrafikk. Kraftig nedsetting av fart bør difor vere ei føresetnad. Grensene for støynivå må overhaldast, og desse vert i framtida strengare. Etablering av nye støyande verksemder i bustadområde bør unngåast. Romslege HC-plassar med ledelinjer/gangvegar må tilpassast tilgjenge for funksjonshemma ved forretningssentra. Rådet viser til merknader til samfunnsdelen og trafikktryggleiksplanen	Konklusjonane i rapporten viser til ei rekke tilhøve som ikkje kan regulerast gjennom kommuneplanen, men i planforslaget er det lagt inn føresegner og retningslinjer om universell utforming av bygg og uteområde og minimumskrav til tal HC-parkeringsplassar. Fartsgrense kan ikkje regulerast gjennom kommuneplanen. Det er lagt inn føresegner om at Miljøverndepartementet sine retningslinjer for støy i arealplanlegging, T-1442/2012 skal leggest til grunn for planlegging og tiltak etter §20-1.
57	Eldrerådet	Støtter forslag til planprogram.	
58	Bø Senter- parti	Ynskjer at grunneigarar som fremmar forslag til utbyggingsområde innanfor dei krav og føresetnader som er gitt i planprogrammet skal få desse vurdert og evt. lagt inn, sjølv om det allereie ligg inne tomteområde som sannsynlegvis dekkjer behovet for tomter. Val av utbyggingsområde må sjåast i samheng med landbruksplanen. Utifrå ynsket om å plassere detaljhandel innanfor gjeldande sentrumsgrense, må det leggest til rette for slik etablering når det gjeld disponering av areal. Det er viktig å ta vare på dyrkbar mark, og at det må svært tungtvegande grunnar til å vike frå dette. Bustadområde må leggest på areal som ikkje kan dyrkast. Jordvernet må og stå sterkt når det gjeld å finne areal til næringsføremål. Etablering av g/s-vegar må framleis vere ei prioritert oppgåve og må skje i samspill med	Alle innspel om utbyggingsområde har blitt vurdert i prosessen og nokre er lagt inn i planforslaget. Områdereguleringsplan for Bø sentrum legg til rette for ei høg utnytting i Bø sentrum, og store areal er regulert til næring i denne. Omsynet til dyrka mark har stått sterkt ved rulleringa, sjå planomtalen. Sjå kommentar til innspel frå vegvesenet om g/s-vegar. Planen legg til rette for nye g/s-vegar på alle strekningane som er nemnt i innspelet.

		<p>landbruksplanen og binde saman eksisterande g/s-vegar. Dette gjeld også Bø sentrum, der sykkel sin plass i gatebiletet ikkje er klar, dette må kome tydeligare fram ved opprusting av Stasjonsvegen. Det er behov for følgjande nye g/s-vegar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Krossvegen-Folkestad skule</li> <li>• Folkestad bru-Telemarkshallen</li> <li>• Mannebru-Gvarv sentrum</li> <li>• Stasjonsvegen</li> <li>• Bøgata</li> </ul> <p>Kommunen har ansvar for å legge til rette for friluftsliv/idrett, og Senterpartiet fokuserer på Evjudalen, idrettsanlegget på Nordbøåsen og p-plassar knytt til tuområda. Det må markerast kvar ein ynskjer p-plassar og stigar og gjere naudsynte avtaler med grunneigarane.</p> <p>Trasé for omlegging av Rv 36 ser ut til å vere ei god løysing, men ligg nok langt fram i tid. Omsyn til dyrka mark må vege tungt ved evt. vegval som ikkje inkluderer tunnel.</p> <p>Kommunen bør, i tillegg til Brenna, vurdere å ha næringsareal til grovare industri tilgjengeleg nær sentrum.</p> <p>For å møte behov for off. areal i framtida, bør kommunen signalisere kva for område som peiker seg ut som mest aktuelle. Kommunen bør erverve eigedomar innanfor desse områda når dei er på al, t.d. ved Bø sjukeheim og barneskulen og inntil vidare nytte eigedomane t.d. til bustadsosiale føremål.</p>	<p>Viktige friluftsområde, stigar og løyper er vist i eige temakart, og viktige friluftsområde er synleggjort med omsynssoner i planen. Evjudalen inngår i sentrumsføremålet, men idrettsanlegget og lysløypa på Nordbøåsen er vist med eige føremål i planen.</p> <p>P-plasser knytt til tuområda er vist ved Gygestolen, Liheia og Vihus, der det er inngått avtale med grunneigar om bruken. I Breisås er p-plass regulert i reguleringsplan for Breisås syd.</p> <p>Sjå kommentar til innspel frå vegvesenet når det gjeld omlegging av Rv 36.</p> <p>Areal til industri er avsett ved Rallevegen. Dette er vurdert som ei god plassering av verksemd som kan skape støy og støv og ha behov for større areal. Denne type verksemd er vanskeleg å plassere nærare sentrum. Sør for eksisterande industriområde på Grivi ligg det eit 70 daa stort næringsområde tett på sentrum som ikkje har blitt regulert i gjeldande planperiode.</p> <p>Sjå planomtalen om behov for offentlege føremål.</p>
59	Statnett	<p>I Bø har Statnett leidningen Tokke-Bø (38 m byggeforbodsbelte) nordaust i kommunen. Det er sannsynlegvis aktuelt å oppgradere spenninga på denne. For å samle naturinngrep i størst mogleg grad, kan det bli aktuelt å bygge parallelt med eksisterande trasé før gamal leidning vert sanert. Dette vil ligge eit stykke fram i tid og kommunen vil bli involvert i ein konsesjonsprosess før gjennomføring. I byggeforbodsbelte er det ikkje tillate å endre terrenget, bygge vegar osb. utan skriftleg løyve frå Statnett. Statnett skal framleis ha tilgang til leidningen, t.d. med køyrety og helikopter. Statnett viser til tilrådingar frå Statens strålevern: Dersom magnetfelt i nye bustadfelt eller skular/barnehagar kan kome til å overstige 0,4uT skal det utgreiast tiltak som kan bidra til å unngå dette.</p>	<p>Leidningen er vist med omsynssone for fare i planen. Føresegnene krev dokumentasjon på magnetfelt basert på tilrådingane frå strålevernet ved nye bustadar, fritidsbustadar, barnehagar osb. eller ved nye/opprusta høgspenninger.</p>

## Vedlegg 5

### Innspel som vart silt ut etter konsekvensutreiing fase 1

Nr	Forslagsstillar	G/bnr	Areal (daa)	Dagens formål	Nytt formål	Kvifor konflikt med overordna arealstrategi?
2	Jørund Verpe	28/8	160	LNF	Masseuttak	Halve området ligg innanfor klausuleringsområdet til Bø vassverk. Uttak av fast fjell er i konflikt med vassverket pga. fare for sprekkdanningar og ureining av drikkevatnet. Uttak av fast fjell kan vere i konflikt med vassverket også utanfor klausuleringsområdet.
8	Arne Tjæreberget	9/44	3	LNF	Bustad	Området er ei 40 m brei stripe omgitt av dyrka/dyrkbar mark av høg kvalitet. Uheldig å splitte opp landbruksareal og legge bustadområde så tett på. Ved å legge nye bustadar i tilknytning til eksisterande bustadområde oppnår ein høgare arealeffektivitet.
9	Marit og Bjørn Wiik	55/6	23	LNF	Bustad	Dyrka mark, sjølv om delar av området mellombels er omdisponert til juletreproduksjon. Skråninga ned mot bekken er permanent omdisponert til juletreproduksjon. Større bustadområde er lagt ut på andre sida av Lundevegen, dvs. riktig side m.o.p. g/s-veg.
11	Andres Eika	47/1	15	LNF	Bustad	Fulldyrka jord og beite. Området bør ikkje omdisponerast til bustadformål.
15	Inger A L. og Ole J Jørgensen	19/10	10	LNF	Bustad	Med 10 nye tomter i tillegg til eksisterande 8, blir dette eit større bustadfelt for langt frå sentrum (5,6 km ). 3,5 km til Fokestad skule i hovudsak utan g/s-veg. Større bustadområde skal leggjast i g/s-avstand til sentrum. Konflikt med viktig kulturlandskap.
17a	Torbjørn Lahus	49/12, 193	200	LNF, viktig friluftsområde	Bustad	Utbyggingsområdet ligg sentralt i eit svært viktig friluftsområde og om lag 1 km frå eks. infrastruktur og utbygging. Ved å legge nye bustadar i tilknytning til eksisterande bustadområde og infrastruktur oppnår ein høgare arealeffektivitet.
18	Åse Gunn Jubskås Kavli	41/52	1	LNF	Bustad	Dyrkbar mark, del av større samanhengande landbruksområde. Uheldig å legge fleire bustadar tett på jordene.
19	S. og A. K. Folkestad	9/27	3	LNF	Bustad	Dyrka mark. Del av større samanhengande landbruksområde.
21	Eivind Eckbo	18/10	15	LNF	Bustad	Større bustadområde skal leggjast i g/s-avstand til sentrum. Dette ligg 6,4 km frå sentrum og 2,7 km frå Folkestad skule, ikkje g/s-veg dei fyrste 1,5 km. Krav om skuleskyss pga. farleg skuleveg. Dersom det skal byggast i dette området, bør det skje ved fortetting i tilknytning til eksisterande huskrull ved Sandbrekka, der lysløype kan nyttast som g/s-veg ned til eks. g/s-veg.
23	Geir Bø	55/1	18	LNF	Bustad/næring	I konflikt med regionalt viktig naturtypelokalitet (ravinesystem med ein av svært få parti som er att av gamal ravineskog i Bø). Vanskelege grunntilhøve.
24	A. K. S. Torekåsa	45/2	6	LNF	Bustad	Dyrka mark. Del av større samanhengande landbruksområde.
25	Kjell A. Torekåsa	41/25	9	LNF	Bustad	Dyrka mark. Del av større samanhengande landbruksområde.

Nr	Forslagsstillar	G/bnr	Areal (daa)	Dagens formål	Nytt formål	Kvifor konflikt med overordna arealstrategi?
26	Hotellfinans AS	18/17	-	Fritidsbustad	Bustad	Forslag om å regulere om 9 fritidsleilegheiter til bustad. Totalt 24 leilegheiter innanfor området, bustadformålet må i så fall gjelde alle. 24 leilegheiter 7,5km frå sentrum er ikkje i tråd med overordna strategiar om større bustadområdet i g/s-avstand til sentrum. 4,3km til Folkestad skule utan g/s-veg, dvs. med behov for skuleskyss.
28	Gunnar Pladsen	41/14	4	LNF	Bustad	Dyrka mark. Del av større samanhengande landbruksområde. Uheldig å legge fleire bustadar tett på jordene.
32	Kirsten Galborgen	21/47	5	LNF	Bustad	Konflikt med gravhaug frå jernalder, ID 39003. Stort gravfelt, sannsynligvis problematisk å få dispensasjon til utgraving, og utgraving vil bli veldig kostbart. Dyrkbar mark. 2,6 km til Folkestad skule med skyss pga. farleg skuleveg.
34	Kjell Gunnar Heggenes	41/23	1	LNF	Bustad	Delvis dyrka mark. Del av større samanhengande landbruksområde. Uheldig å legge fleire bustadar tett på jordene.
35	A.G. Tollehaugen	19/37	1,5	LNF	Bustad	Konflikt med viktig kulturlandskap. Behov for skuleskyss p.g.a. farleg skuleveg.



## Vedlegg 6

### Forklaring av ord og forkortingar i planforslaget

<b>ATP</b>	Areal og transport
<b>BRA</b>	Bruksareal. For bygg med etasjehøgde over 3 m vert BRA berekna som om det var lagt eit horisontalplan for kvar 3. m.
<b>Bustadeining</b>	Ein bustad som innehar alle sentrale bustadfunksjonar som kjøkken, stue, soverom, bad og wc.
<b>BYA</b>	Bebygd areal, dvs. tilhøvet mellom tomtearealet og utbygd del av tomta (bygningar, overbygde opne areal, konstruksjonar over bakken og parkeringsareal).
<b>Daa</b>	Dekar (1000 m <sup>2</sup> )
<b>Fv</b>	Fylkesveg
<b>G/bnr</b>	Gards- og bruksnummer
<b>G/s-veg</b>	Gang- og sykkelveg
<b>KU</b>	Konsekvensutgreiing
<b>LNF-føremål</b>	Landbruk, natur og friluftslivsføremål
<b>MUA</b>	Minste uteareal, dvs. dei delar av tomta som er eigna til dette formålet. Uteareal skal ikkje vere bebygd eller sett av til køyring eller parkering.
<b>Omsynssone</b>	Avgrensa område der det skal takast særskilte omsyn som er gitt i eigne retningslinjer eller føresegner.
<b>PBL</b>	Plan- og bygningslova
<b>ROS-analyse</b>	Analyse av risiko og sårbarheit
<b>Rv</b>	Riksveg
<b>Tenesteyting</b>	T.d. barnehage, skule, sjukehus, institusjon, forsamlingslokale, kyrkje, kulturformidling, administrasjon (konsulentverksemd o.l.).
<b>V/a</b>	Vatn og avløp